





Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

RAPPORT Nr. 3 – 1994



**FORVALTNINGSPLAN FOR
JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK**

godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane juni 1994

**FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE
MILJØVERNAVDELINGA**

RAPPORT NR. 3-1994

ISBN 82-91031-20-7

ISSN 0803-1886

Framsidefoto: Bergsetbreen i Krundalen, Luster. Foto: Tom Dybwad

FORVALTNINGSPLAN FOR JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Nettutgåve mars 2002

Etter at forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken i 1994, har det skjedd eit par vesentlege vedtak.

Ei utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark i Bødalen, Erdalen og Sunndalen vart vedteken av Regjeringa ved Kgl. res. 18.06.1998. Eit område på omlag 80 km² i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune vart då innlemma i Jostedalsbreen nasjonalpark, og dei rikspolitiske reglane i dei 3 dalføra vart oppheva. Verneforskrifta for nasjonalparken vart ikkje endra.

Dette har sin bakgrunn i at Regjeringa, samstundes som Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta ved Kgl. res. 25.10.1991, vedtok å innføre rikspolitiske reglar i medhald av § 17-1 andre ledd i plan- og bygningslova i dalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune i påventa av at Stortinget skulle ta avgjerd om vern eller vasskraftutbygging av Stryne- og Loenvassdraga. I 1993 vedtok Stortinget vern mot kraftutbygging av desse vassdraga i Verneplan IV for vassdrag. Samstundes bad Stortinget om at dei endelige grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark i dette området vart trekt.

I denne nettutgåva av forvaltningsplanen har vi lagt inn Kgl. res. av 18.06.1998. Ein merknad om at Bødalen, Erdalen og Sunndalen kom med i nasjonalparken samstundes som dei rikspolitiske reglane vart oppheva, er lagt inn i teksten. Retningslinjene og soneinndelinga for desse områda ligg likevel fast i forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen for Nigardsbreen naturreservat (som grensar til nasjonalparken) vart godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 1997. Ein merknad om dette er teken inn i teksten.

Statens naturoppsyn vart oppretta 25.10.1996 med heimel i Lov om statleg naturoppsyn 21.06. same år. Statens naturoppsyn Jostedalsbreen med ei stilling som naturoppsyn kom i gang i 1998, til erstatning for stillinga som nasjonalparkforvaltar. Frå same tid har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane overteke heile forvaltningsansvaret for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Utover dette er ikkje teksten i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark endra/oppdatert i denne nettutgåva, men nokre få figurar og bilete er skifta ut.

Denne nettutgåva av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er komen i stand på grunn av spørsmål om å få tilsendt planen, noko som vi ikkje kan etterkome fordi opplaget er gått ut.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mars 2002

KART OVER JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

(med grenser frå kgl. res. 18.06.1998)

sjå

http://www3.dirnat.no/nasjonalparker/psmaler/park_large_kart.asp?thisId=950013781

FØREORD

Jostedalsbreen nasjonalpark vart skipa ved Kgl. res. 25.10.1991. Verneforskrifta for nasjonalparken set rammene for forvaltningsplanen.

Framlegget til forvaltningsplan bygde på høyringsfråsegnene til framlegget til nasjonalpark i 1989. Dette inneber at planen tok opp problemstillingar som kom fram under høyringa som ikkje fekk endeleg avklaring gjennom Kgl. res. og som har med bruken av nasjonalparken i høve til verneformålet. Grensene og verneforskrifta for nasjonalparken vart vedtekne gjennom Kgl. res. i Regjeringa.

Alle som var med på høyringa i 1989, fekk varsel i mai 1990 om at arbeidet med forvaltningsplan var sett i gang, og at dei som ønskte det, kunne kome med tilleggsmerknader i høve til høyringa. Berre nokre få høyringsinstansar kom med tilleggsfråsegn.

Miljøvernnavdelinga deltok på 23 synfaringar og møte i 1989 og 12 i 1990 i samband med nasjonalparkframlegget og forvaltningsplanen.

Framlegget til forvaltningsplan vart send på høyring til grunneigarar, organisasjonar og etatar på kommunalt, fylkes-, og nasjonalt nivå i januar 1993 med høyringsfrist 1. juni same år. Det kom 38 fråsegner til framlegget. Framlegget til forvaltningsplan saman med eit utkast til dei endringane miljøvernnavdelinga gjekk inn for i høve til framlegget, vart lagt fram for det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken 22.04.1994. Merknadene frå det rådgjevande tilsynsutvalet er i stor grad tekne omsyn til i denne godkjende forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen er også lagt fram for Direktoratet for naturforvaltning.

Dette er den første forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark. Fylkesmannen tek sikte på å ajourføre forvaltningsplanen første gong etter 5 år, deretter kvart 10. år.


Nasjonalparkforvaltar Tom Dybwad har skrive forvaltningsplanen og gjennomført høyringa. Han har òg teke bileta dersom ikkje anna er nemnt.

Hermansverk juni 1994

Anders Anderssen
fylkesmiljøvernsjef

Nils E. Yndesdal
seksjonsleiar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

		Rapp.nr. 1994-3
Forfattar Tom Dybwad	Dato 24.06.1994	
Prosjektansvarleg Nils E. Yndesdal	Sidetal 82	
Tittel Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	ISBN/ISSN ISBN 82-91031-20-7 ISSN 0803-1886	
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern m.v.	
Oppdragsgjevar Miljøverndepartementet	Finansiering Direktoratet for naturforvalting Fylkesmannen/miljøvernadv.	
Kort samandrag		
<p>Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken ved Kgl. res. i Regjeringa 25.10.1991. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltninga av parken. Planen femner også om områda med rikspolitiske reglar i Sunndalen, Erdalen, og Bødalen i Stryn kommune. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen.</p> <p>Forvaltningsplanen inneholder ei generell skildring av Jostedalsbreområdet. Forvaltninga av nasjonalparken skal fremje verneføremåla for nasjonalparken, som gjeld ivaretaking av urørd natur, naturoppleving/ friluftsliv og kulturminne og kulturlandskap. Dette kan best skje ved ei soneinndeling av området. Dei sonekategoriane som vert nytta i nasjonalparken er <u>spesiell vernesone</u>, <u>sone utan tilrettelegging og inngrep</u>, <u>brukssone</u> og <u>sone med spesiell tilrettelegging og inngrep</u>. Berre Fåbergstølsgrandane vert lagt ut som spesiell vernesone. Soner med urørd natur omfattar breplatået og nokre lågareliggjande dalar. Her skal naturen vere mest mogleg utan menneskelege inngrep, og dermed utan tilrettelegging for friluftsliv m.v.. I brukssonene kan det tilretteleggjast for friluftsliv, og ein kan imøtekome m.a. ein del av landbruket sine interesser. Spesielt viktige turistmål vert lagt ut som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.</p> <p>Område som grensar til nasjonalparken er viktige både fordi dei er innfallsportar og fordi dei har store naturkvalitetar. Forvaltningsplanen inneholder difor også ei tilråding om soneinndeling av tilgrensande område. Ansvarlege styresmakter her er i første rekke kommunane. Fylkeskommunen og fylkesmannen har eit overordna planansvar i tilgrensande område i høve til plan- og bygningslova.</p> <p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for nasjonalparken, medan Statskog ved ein nasjonalparkforvaltar med kontorstad på Hermansverk har den daglege forvaltninga.</p>		
Emneord 1. Naturvern 2. Friluftsliv 3. Kulturminnevern	Ansvarleg signatur  Nils E. Yndesdal seksjonsleiar	

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Miljøvernavdelinga 5840 HERMANSVERK	Telefon 57 65 50 00 57 65 51 40	Telefaks 57 65 50 55
---	---------------------------------------	-------------------------

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK - FORVALTNINGSPLAN

1. Samandrag	s. 8
A. GENERELL SKILDRING AV JOSTEDALSBREOMRÅDET	s. 10
2. Innleiing	s. 11
2.1. Urørd natur	s. 11
2.2. Nasjonalparkar	s. 11
2.3. Forvaltning av nasjonalparkar	s. 12
2.4. Jostedalsbreen nasjonalpark - forvaltningsplan	s. 13
2.5. Sunndalen, Erdalen og Bødalen i Stryn kommune - 3 område med rikspolitiske reglar	s. 14
2.6. Nigardsbreen naturreservat	s. 14
3. Jostedalsbreen nasjonalpark - naturfagleg og historisk bakgrunn	s. 15
3.1. Verneverdiar i Jostedalsbreområdet	s. 15
3.2. Natur og kultur	s. 15
3.2.1. Geologi	s. 15
3.2.2. Klima	s. 17
3.2.3. Vassdrag	s. 17
3.2.4. Vegetasjon	s. 18
3.2.5. Fauna	s. 18
3.2.6. Kulturminne og kulturlandskap	s. 18
3.3. Menneskeleg bruk av Jostedalsbreområdet	s. 20
3.3.1. Bruk av området fram til kring 1850	s. 20
3.3.2. Bruk av området fram til i dag	s. 20
3.4. Eigedomstilhøve: Privat grunn og statsallmenning	s. 23
B. FORVALTNING AV JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK	s. 25
4. Mål, utfordringar og strategiar	s. 26
4.1. Mål for forvaltning av nasjonalparkane i Norge	s. 26
4.2. Mål for forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark	s. 26
4.3. Utfordringar	s. 26
4.4. Strategiar	s. 27
5. Spesielle forvaltningsmessige problemstillingar	s. 28
5.1. Aktuelle område for utviding av nasjonalparken	s. 28
5.1.1. 3 område med rikspolitiske reglar i Stryn	s. 28
5.1.2. Svartebotnen i Gloppe kommune	s. 28
5.1.3. Andre utvidingar	s. 28
5.1.3. Breheimen og Mørkrisdalen	s. 28
5.2. Endring av verneforskrifta	s. 29
5.3. Område som grenser til nasjonalparken	s. 29

6. Soneinndeling av Jostedalsbreen nasjonalpark og tilgrensande område	s. 30
6.1. Kategoriar for soneinndeling	s. 30
6.1.1. Spesiell vernesone	s. 30
6.1.2. Sone utan tilrettelegging og inngrep	s. 30
6.1.3. Brukssone	s. 30
6.1.4. Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep	s. 31
6.2. Prinsipp for soneinndeling av Jostedalsbreområdet	s. 31
6.3. Soneinndeling av tilgrensande område	s. 31
6.4. Omtale av soneinndelinga av ulike delar av Jostedalsbreen nasjonalpark og tilgrensande område	s. 32
7. Aktuelle problemstillingar - retningslinjer og tiltak	s. 39
7.1. Informasjon og naturrettleiing	s. 39
7.2. Skjøtsel og ivaretaking av verneverdiar	s. 41
7.2.1. Kulturlandskap	s. 41
7.2.2. Restaurering av gammalt kulturlandskap	s. 41
7.2.3. Urørd natur - tiltak for å oppretthalde tilstand	s. 41
7.2.4. Restaurering av naturleg vegetasjon	s. 42
7.2.5. Kulturminne og bygningar	s. 42
7.3. Brukarinteresser	s. 43
7.3.1. Landbruk	s. 43
7.3.2. Elveforbygging	s. 44
7.3.3. Vasskraftutbygging	s. 45
7.3.4. Vegbygging	s. 46
7.3.5. Turlagshytter o.l.	s. 46
7.3.6. Friluftsliv	s. 48
7.3.7. Jakt og fiske	s. 54
7.3.8. Avfall	s. 54
7.3.9. Motorferdsel	s. 56
7.3.10. Reiseliv	s. 58
7.3.11. Informasjonssentra	s. 64
7.3.12. Forsking og undervisning	s. 65
7.4. Forvaltning og oppsyn	s. 67
7.4.1. Forvalningsapparatet	s. 67
7.4.2. Samordning av oppsyn	s. 68
8. Sluttord	s. 69
9. Litteraturliste	s. 70
10. Vedlegg 1 - 4	s. 72
Vedlegg 1. Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark	s. 73
Vedlegg 2. Hytter i Jostedalsbreområdet	s. 78
Vedlegg 3. Stølar i Jostedalsbreen nasjonalpark	s. 80
Vedlegg 4. Kart over Jostedalsbreområdet	

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK - FORVALTNINGSPLAN

1. SAMANDRAG

Urørde naturområde minkar raskt i Norge, og slike naturområde har ein eigenverdi som ein del av vår nasjonale arv. Store delar av Jostedalsbreen nasjonalpark er urørd natur.

Forvaltningsplanen for nasjonalparken er retningsgjevande for forvaltningsstresmakta si forvaltning av verneområdet. Tiltrådingar for tilgrensande område vert teke opp i den grad det er naudsynt.

Det vert gjeve ei innføring i naturtilhøva i Jostedalsbreområdet (for avgrensing av området, sjå s. 14) m.o.t. geologi, klima, vassdrag, flora, fauna, kulturminne og kulturlandskap. Omlag halvparten av arealet i nasjonalparken er bre. Jostedalsbreområdet innehold store kontrastar frå fjordar og frodige stølsdalar til karrige fjell- og breområde. Frå gamalt av har det vore busetnad og gardsdrift i dalane kring Jostedalsbreen, og Jostedalsbreen var tidlegare mykje brukt som ferdse- og drifteveg. Etter 1850 har Jostedalsbreområdet også blitt nytta til friluftsliv og reiseliv, undervisning og forsking og vasskraftutbygging.

Omlag 23% av nasjonalparken er privat grunn, resten er statsallmenning.

Forvaltninga av nasjonalparken skal fremje verneføremåla for nasjonalparken, som gjeld ivaretaking av urørd natur, naturoppleving/friluftsliv og kulturminne og kulturlandskap. Dette kan best ivaretakast gjennom ei soneinndeling av området.

Dei sonekategoriane som vert nytta i nasjonalparken er spesiell vernesone, sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Berre Fåbergstølsgrandane vert forvalta som spesiell vernesone. Soner utan tilrettelegging og inngrep urørd natur omfattar breplatået og delar av nokre lågareliggjande dalar. Her skal naturen vera mest mogleg utan menneskeleg påverking, og dermed utan tilrettelegging for friluftsliv m.v.. I brukssonene kan det tilretteleggjast for friluftsliv - noko som også kjem reiselivet til gode - og ein kan imøtekome ein del av landbruket sine interesser m.o.t. m.a. vedhogst. Nokre få stader - m.a. der det vart opna for dette under sluthandsaminga av nasjonalparken - bør vere sone med spesiell tilrettelegging og inngrep på grunn av spesiell tilrettelegging for reiseliv.

Forvaltningsplanen inneholder også ei tilråding om soneinndeling av område som grenser til nasjonalparken. Ansvarlege stresmakter her er først og fremst kommunane og grunneigarane. Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit overordna ansvar i tilgrensande område i høve til plan- og bygningslova.

Informasjon og naturrettleiing vil vere viktige arbeidsoppgåver i forvaltninga av nasjonalparken. Informasjonsbrosjyre og informasjonsplakatar vil bli utarbeidd. Verdfulle kulturlandskap og kulturminne i området bør i størst mogleg grad ivaretakast.

Forvaltningsplanen trekker opp retningslinjer for handsaming av brukarinteressene sine ønskje for nasjonalparken. For landbruket gjeld dette m.a. vedhogst til eigen bruk, beiting og vedlikehald av stølshus og fjøs. Elveforbygging, kanalisering o.l. inngrep vil ikkje bli tillate. Vasskraftutbygging like inntil nasjonalparken er konfliktfyllt. Vegbygging er forbode i nasjonalparken, og det er ønskjeleg med minst mogleg vegbygging i tilgrensande område. Det er 19 alment tilgjengelege (turlags-)hytter i Jostedalsbreområdet, noko som gjev grunn til å vere restriktiv med bygging av nye hytter, som i tilfelle bør lokaliserast til stølsområde. Det kan vere aktuelt å gje løyve til grunneigarar til oppføring av stølshus i stølsområde.

Eit av føremåla med nasjonalparken er å gje høve til utøving av det enkle friluftslivet. Det er ikkje naudsynt å regulere ferdsla i verneområdet i dag. Dei kjende turiststadene som Briksdalen har stor tilstrøyming utan at dette til no har resultert i alvorlege

slitasjeproblem. Turistane sin framferd foran breane er eit problem m.a. pga fare for isras foran breane og må handterast gjennom informasjon. Ferdsel på bre krev kunnskap og utstyr. Dei som ikkje har dette, bør følgje organiserte turar på breane. Tilrettelegging for friluftsliv skal skje i brukssonene.

Alt avfall skal takast ut av nasjonalparken, men det kan gjevast løyve til brenning av avfall frå hytter.

Motorferdsla i verneområdet bør haldast på eit minimum. Reiselivstiltak skal kanaliserast til soner med spesielle inngrep, og dessutan vil reiselivet ha føremon av merkte stiar (i brukssonene). Dei mest vitja turiststadene vil også i framtida få stor tilstrøyming. Ved dei mest besøkte bretungene bør det vere fareskilt. Guida turar (bre- og fjellføring) i nasjonalparken er positive tiltak når dei ikkje kjem i konflikt med verneverdiar.

Breheimssenteret i Jostedalen, Norsk Bremuseum i Fjærland og Jostedalsbreen nasjonalparkssenter i Stryn er viktige for reiselivsnæringa i fylket. Dei 3 naturinformasjonssentra aukar kunnskapen om natur og kultur i Jostedalsbreområdet. Nasjonalparken og naturen i området er interessant i forskings- og undervisningssamanheng.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for nasjonalparken og områda med rikspolitiske reglar, medan Statskog SF ved Nasjonalparktenesta (til no ein nasjonalparkforvaltar) har den daglege forvaltninga. På sikt bør forvaltningsapparatet utvidast. Forvaltning og oppsynet bør - dersom det er mogleg og praktisk - samordnast med andre verneområde og fjellstyre i området.

Forvaltningsplanen er godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

DEL A.

GENERELL SKILDRING AV JOSTEDALS BREOMRÅDET

2. INNLEIING

Jostedalsbreen nasjonalpark, som vart vedteken ved kgl. res. den 25.10.1991 av Regjeringa, er den 18. nasjonalparken i Norge.

Føremålet med forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er å legge retningslinjer for forvaltninga av dette eineståande naturområdet. Planen gjev ei innføring i bakgrunnen for vernevedtaket og informasjon om området sin natur og historie. Etter ein gjennomgang av prinsipp for forvaltning av området vert ulike problemstillingar i samband med forvaltninga gjennomgått. Tilgrensande område vert teke med i den grad det er naudsynt av omsyn til nasjonalparken.

2.1. URØRD NATUR

I St. melding nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområde" vert det vist til at områda med urørd natur i Norge har minka sterkt etter år 1900. Endringa er størst i Sør-Norge der det ikkje lenger er større urørde naturområde i låglandet, og berre 8% av arealet i Sør-Noreg har dette kvalitetstempellet i dag. Samanhengjande urørde område i fjellet minkar som følgje av inngrep som både reduserer og splittar opp attverande areal (sjå fig. 1, s. 12). Dersom utviklinga gjennom dette århundret held fram, vil det vere få urørde naturområde att i Norge om 100 år.

Urørde naturområde har ein eigenverdi og er ein del av vår nasjonale arv. Dessutan er urørd natur viktig å ta vare på for ettertida for:

- å sikre eit representativt utval av naturområde med naturleg biologisk mangfold.
- å gje trua, sårbare og andre verneverdige "kulturskye" dyr- og planteartar store nok område til å leve under naturlege tilhøve.
- forsking og undervisning
- å sikre referanseområde (område utan intern påverking)
- å gje grunnlag for friluftsliv og rekreasjon i urørd natur.
- å gje komande generasjonar høve til å prioritere arealbruk utifra eige ønskje.

Stikkord for det som kjenneteiknar urørd natur er villmark, naturen sine eigne lydar/"stillhet", dyreliv og naturoppleving.

Noreg har slutta seg til fleire internasjonale konvensjonar som fokuserer på vern av ulike delar av det biologiske mangfaldet. Noreg har eit spesielt internasjonalt ansvar for å ta vare på våre unike eller sjeldne naturtypar av planter og dyr, inkludert lågare flora og fauna, som berre finst i vårt land, eller som har sin hovudførekommst her.

Mange av dei større samanhengjande urørte naturområda i Sør-Norge er nasjonalparkar eller landskapsvernombaner, eller dei er føreslegne som dette.

2.2. NASJONALPARKAR

§3 i naturvernlova av 19. juni 1970 seier følgjande om føremålet med nasjonalparkar:

"For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområde kan arealer av statens grunn legges ut til nasjonalpark..... I nasjonalparkar skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensinger og andre inngrep."

Hovudføremålet med ein nasjonalpark er å ta vare på urørd natur. Oftast vert likevel verneføremålet for nasjonalparkane meir samansett. Både vitskaplege og estetiske omsyn kan ligge til grunn saman med omsyn til friluftsliv/rekreasjon og kulturminne.

2.3. FORVALTNING AV NASJONALPARKAR

Til no har i stor grad norsk nasjonalparkpolitikk gått ut på å verne område, og etablering av regelverk, dispensasjonsstyremakt og oppsyn. Ein har lagt lite vekt på forvaltning og skjøtsel, og nasjonalparkforvaltninga har vore nokså passiv ut frå små økonomiske ressursar og ei medveten varsam haldning frå miljøvernstyremaktene. Dei seinare åra har det vaks fram ønske om ei meir aktiv forvaltning av verneområda, både frå brukarane og miljøvernstyremaktene. Dette inneber m.a. større grad av differensiering, både innanfor kvar park og mellom dei einskilde nasjonalparkane.

Forvaltningsplanar skal vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med nasjonalparkane. Forvaltningsplanar for nasjonalparkar er vanlege i andre land. I Norge kom det første utkastet til forvaltningsplan for ein nasjonalpark i 1989 (Rondane nasjonalpark).




Fig. 1. Urørte naturområde i Norge 1994 (Frå DN-rapport 1995-6)

2.4. JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK - FORVALTINGSPLAN

Jostedalsbreen nasjonalpark er den første av den nye generasjonen med nasjonalparkar, føreslege i "Ny landsplan for nasjonalparkar" (NOU 1986:13). Parken vart vedteken av Regjeringa 25.10.1991, og er med sine 1230 km² den 4. største i Norge. Heile Jostedalsbreen nasjonalpark ligg i Sogn og Fjordane fylke, og femner om delar av kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppe og Stryn.

Bakgrunn

Mange og sterke brukarinteresser i Jostedalsbreområdet gjorde det ønskjeleg med ein sterk forvaltningsfunksjon heilt frå opprettinga av nasjonalparken for å ivareta verneføremålet. Ein forvaltningsplan er ein viktig arbeidsreiskap for å få dette til, då ein gjennom planen vil kunne leggje opp til ei praktisering av vernereglane før ein har fått etablert ein (uheldig) praksis som kan vere vanskeleg å kome utanom seinare. Samstundes skal ein byggje på dei røynslene ein gjer gjennom forvaltninga, slik at forvaltningsplanen bør gjennomgå ei rullering omlag kvart 10. år. Første gong bør rullering skje om 5 år.

Føremål

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, pkt. V, heiter det:

"Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving."

Etter dette skal forvaltningsplanen **på bakgrunn av verneføremålet og verneforskrifta** gje retningslinjer for forvaltninga av nasjonalparken med omsyn til skjøtsel og restaurering av landskap og kulturminne, oppsyn og tilhøvet mellom vern og bruk. Planen vil vidare gje retningslinjer for forvaltningsstyresmakta sin dispensasjonspraksis, og dermed også signal til ulike interessegrupper om kva forløype dei kan pårekne.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskrifta er det, og vil soleis berre vere **retningsgjevande** for forvaltninga av nasjonalparken.

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er i følgje verneforskrifta (pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand.
- å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Forvaltningsplanen skal med utgangspunkt i desse måla sjå på om og korleis ein kan kome brukarinteressene imøte. Det kan også vere naudsynt å avslå brukarinteressene sine ønske. Avvegingane må ta omsyn til at område med urord natur har minka raskt dette århundret, og at denne utviklinga ser ut til å halde fram.

Avgrensing

Kommunal- og miljøvernkomitèen uttala ved handsaming av St.melding nr. 25 (1987-88) "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet" at ein nasjonalpark i Jostedalsbreområdet på langt nær sikrar alle viktige verneverdiar i området. Komitèen føresette difor at

"kommunale og fylkeskommunale myndigheter sammen med departementet er med på å sikre disse verdiene i framtiden gjennom plan- og bygningsloven" (s. 4).

Jostedalsbreen nasjonalpark kan ikkje forvaltast uavhengig av kringliggjande område. Der det er naudsynt for at verneverdiar i nasjonalparken skal bli tekne vare på, tek planen også opp tilhøve i område som grensar til nasjonalparken.

Ansvaret for og styringa av arealbruken i tilgrensande område ligg likevel først og fremst til kommunane og grunneigarane, og ikkje til fylkesmannen, som er forvaltningsstyremakt for nasjonalparkområdet. Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit overordna planansvar i tilgrensande område etter til plan- og bygningslova (sjå kap. 5.3.).

Denne forvaltningsplanen omtalar såleis området som ein grovt sett kan kalle "**Jostedalsbreområdet**". Hertil ligg forutan nasjonalparken dei 3 områda med rikspolitiske reglar i Stryn (Sunndalen, Erdalen og Bødalen), Nigardsbreen naturreservat og andre område som grensar naturleg til nasjonalparken. Vi viser elles til vedlagte kart.

2.5. SUNNDALEN, ERDALEN OG BØDALEN I STRYN KOMMUNE - 3 OMRÅDE MED RIKSPOLITISKE REGLAR

Då Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta hadde ikkje Stortinget teke avgjerd om det skulle verte vern eller vasskraftutbygging av Stryne- og Loenvassdraga. I påvente av Stortinget si avgjerd vart det innført rikspolitiske reglar i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn, førebels i inntil 10 år framover, område som til saman utgjer ca. 40 km². Føremålet med reglane har vore å sikre dalane som moglege areal for utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark i påvente av endeleg avgjerd om vasskraftutbygging eller vern av vassdraga i desse dalane. Det er naturleg å sjå forvaltninga av områda med rikspolitiske reglar i nær samanheng med forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark. Forvaltningsplanen omfattar difor også områda med rikspolitiske reglar i Sunndalen, Erdalen og Bødalen.

Fylkesmannen er forvaltningsstyremakt for områda med rikspolitiske reglar. Det daglege forvaltningsansvaret er delegert til Statskog ved Vestlandet forvaltning ved nasjonalparkforvaltaren, slik det er for nasjonalparken.

Stortinget vedtok vern av Stryne- og Loenvassdraga i Verneplan IV for vassdrag i april 1993. Ved handsaminga av St.melding nr. 62 (1991-92) om ny landsplan for nasjonalparkar bad Stortinget om at det vart arbeidd med ei utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark i Stryn som følge av vern av Stryne- og Loenvassdraga. Fylkesmannen vil setje i gang dette arbeidet hausten 1994 (*Merknad FMiS&FJ.2002: Bødalen, Erdalen og Sunndalen kom med i Jostedalsbreen nasjonalpark ved kgl. res. 18.06.1998, og dei rikspolitiske reglane vart oppheva samstundes*).

2.6. NIGARDSBREEN NATURRESERVAT

Nigardsbreen naturreservat i Jostedalen, Luster kommune, vart oppretta i 1985 først og fremst på grunn av store kvartærgeologiske verneverdiar. Reservatet grensar til nasjonalparken. Eit utkast til forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat vart sendt på høyring i januar 1991 (*Merknad FMiS&FJ.2002: forvaltningsplanen vart godkjend av fylkesmannen i 1997*). Forvaltningsplanen for Nigardsbreen naturreservat vil ikkje bli nærmare omtala her, med unntak av det som gjeld soneinndelinga.

3. JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK -

NATURFAGLEG OG HISTORISK BAKGRUNN

3.1. VERNEVERDIAR I JOSTEDALS BREOMRÅDET

Jostedalsbreen er den største isbreen på fastlandet i Europa. På mange måtar er Jostedalsbreområdet eineståande i sitt slag på grunn av det dramatiske landskapet med store kontrastar innan korte avstandar frå fjordar og frodige dalar til karrige fjell- og breområde. Her kan ein studere isen som landskapsformar i fortid og notid, og i dalane inn mot breen er det tildels eit rikt plante- og dyreliv. Området er truleg viktig for å ta vare på det genetiske mangfaldet i Norge.

I Jostedalsbreområdet finn ein fleire stader spesielle verneverdiar (jf. nedafor), som t.d. Fåbergstølsgrandane med den største aktive breelvsletta (sanduren) i landet og Bødalen med karakteristiske ende- og sidemorener. Dessutan ligg mykje av dei nasjonale verdiane for naturvern og friluftsliv i sjølve storleiken på området, og i at store delar er samanhengjande urørd natur. Dette gjer det viktig å ta vare på Jostedalsbreområdet utan ytterlegare oppdeling og reduksjonar. Det ligg også store verdiar i kulturlandskapet og i kulturminne. Fleire svært verneverdige vassdrag har sitt utspring i nasjonalparken, som Stryne- og Loenvassdraga, Oldenvassdraget, Gaulavassdraget og Sogndalselvi.

Mange område av spesiell naturverninteresse i Jostedalsbreområdet er registrerte i EDNA; som er eit register over område av naturverninteresse i Sogn og Fjordane, utarbeidd av miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen.

3.2. NATUR OG KULTUR

3.2.1. GEOLOGI

Berggrunnsgeologi

Berggrunnen i Jostedalsbreområdet er i hovudsak migmatittisk gneis, som er ein hard og næringsfattig bergart. Lokalt kan ein finne mindre område med meir næringsrike bergartar som gjev gode veksttilhøve for plantene.

Landformer

Breane i nasjonalparken utgjer ca. 650 km² og med det meir enn 50% av nasjonalparken. Jostedalsbreen er med sine 487 km² den største breen på fastlandet i Europa. Av andre brear i parken kan nemnast Myklebustbreen/ Snønipbreen, (50km²), Tindfjellbreen (22 km²), Grovabreen (20 km²), og Jostefonn (11 km²) (Kjelde: Atlas over breer i Sør-Norge, NVE 1988).

Fjelltoppane i området ligg i omlag same høgdenivå som hovudbreen. Dei er ofte relativt flate og høyrer truleg til det gamle paleiske slettelandskapet. Truleg stakk Lodalskåpa (2083 m.o.h. og høgste fjelltoppen i området) og nokre andre fjelltoppar opp som nunatakkar over iskappa under istida. Brear og smeltevatn har tæra kraftig på landskapet både under istida og seinare. Dalane kring breen har difor karakteristiske trekk som bratte dalsider med U-forma tverrsnitt, relativt flat dalbotn, tersklar og trau, botnar, hengjedalar osv. Av karakteristiske og fint utforma trauvatn (isforma fordjupningar) i nasjonalparken kan nemnast Ryssenipvatnet sørvest for Svardalsbreen i Balestrand kommune og Tverrelvbotsvatna vest for Bjørga i Jølster kommune.

Glasiologi

Breane er ikkje statiske, dei har endra seg og vil halde fram med å endre form og utbreiing. Tidlegare trudde ein at Jostedalsbreen var ein rest frå siste istid, men nyare undersøkingar tyder på at breen var heilt nedsmelta for 8000 - 5000 år sidan. Breane nådde eit nytt maksimum kring år 1750 ("den vetele istida"), og dei dekte då omlag det same området som nasjonalparken.

Frå slutten av 1700-talet har breane stort sett trekt seg tilbake. I perioden 1930-1960 var tilbaketrekkinga særleg stor. Nokre stader har brefronten halde fram med å trekke seg tilbake heilt fram til slutten av 1980-åra. På same tid starta på 1980-talet ei ny framrykking for fleire av breamane. Den nye framrykkinga er no fleire stader godt synleg.

På det meste er istjukna på Jostedalsbreen 500 - 600 meter. Dette mektige isdekket ligg rett nordaust for Kjenndalskruna. Typisk istjukn er 50 - 100 meter på iskulane, 100 - 300 meter langsmed dei bratte breamane og 200 - 600 meter i dei store flatare bassengformene.

Alle bream er i rørsle. Minst er rørsla i dei store flate områda der rørslene kan vere mindre enn 1 meter i året. Størst er rørslene i bratte og tjukke brefall der ismassane kan flytte seg med ein fart på meir enn 1 meter i døgnet.

Kvartærgiologi

I høgareliggende område er det lite lausmassar. Lausmassar finn ein hovudsakleg i dalane kring breane. Dei kjem anten frå isen sin aktivitet (morener), (bre-)elvane eller frå skred.

Markerte brerandavsetningar både frå isavsmeltingsperioden etter istida (for omlag 10000 år sidan og frå "den lille istida" (ca. år 1750) er eit vanleg landskapstrekk i området. Mange av førekomstane har stor verneverdi, mellom anna i Bødalen, Blåfjellet- Nukenområdet i Stryn kommune, Fagredalen ved Dvergsdalstølen i Jølster, Haugadalen i Jølster og i Sogndalsdalen. Særleg fint utforma og markerte endemorener finn ein m.a. ved Flatbreen i Fjærland og i Tverrdalen i Sogndalsdalen. Nigardsbreen naturreservat som grensar til nasjonalparken, vart skipa på grunn av store kvartærgiologiske verneverdiar.

Vassdraga i området er sterkt brepåverka. Dei har stor sommarvassføring, lita vintervassføring og stor materialtransport. Ein finn difor mange godt utvikla elvepåverka (fluviale) formar som delta og sandurar/ breelvesletter. Fleire stader finn ein førekomstar av stor verneverdi, som t.d. i Erdalen med 5 aktive sandurar og Fåbergstølsgrandane, som er den største aktive sanduren i Norge. Før neddemming i samband med utbygging av Leirdøla i Jostedalen, var sanduren i nordenden av Tunsbergdalsvatnet den største i landet.

Dei bratte dalsidene fører til steinskred, steinsprang og snøskred, og store rasmarker er vanlege. Slike stader er tilgangen på næring god, og i sol-lier kan ein finne godt utvikla jordsmonn med rik og varmekjær vegetasjon, særleg i låglandet.

Mellom anna Lodalen har stor referanseverdi for ulike skredtypar.




Fig. 2. Frå Bødalen, Stryn kommune

3.2.2. KLIMA

Det er store skilnader i klimaet i Jostedalsbreområdet, både frå den kystpåverka vestsida av breen til dei meir kontinentale områda i aust, og frå lågland til høgfjell. Dette kan ein også sjå av plantedekket, som er prega av stor variasjon både lokalt og i heile området. Kring breen varierer årleg middelnedbør frå 970 mm (Loen) til 2040 mm (Haukedalen i Førde kommune). På sjølve breplatået reknar NVE - Norges Vassdrags- og Energiverk med at nedbøren er mellom 2500 og 3000 mm, mest i vestlege delar.

Årleg middeltemperatur varierer mellom $4,0^{\circ}\text{C}$ (Jostedalen) og $6,1^{\circ}\text{C}$ (Loen, Olden). Oppå breen er temperaturen langt lågare - gjennomsnittleg $0,6^{\circ}\text{C}$ pr. 100 høgdemeter, dvs. ein årleg middeltemperatur på kring -5°C oppå breplatået.

3.2.3. VASSDRAG

Sprudlande bekkar, elvar og fossar i fjellsider og dalar kjenneteiknar Jostedalsbreområdet. Her er fleire verdfulle, ikkje utbygte brevassdrag som Stryne- og Loenvassdraga og Gaulavassdraget. Fleire av vassdraga i området kring Jostedalsbreen er meir eller mindre utbygde til kraftføremål, m.a. Jostedøla, Vetlefjordelvi, Breimsvassdraget og Årøyvassdraget.

Stryne- og Loenvassdraga og Gaulavassdraget er mellom dei største vassdraga vi har att her i landet som ikkje er utbygde. Både Stryne- og Loenvassdraga og Gaulavassdraget vart vedtekne verna mot kraftutbygging av Stortinget ved handsaminga av verneplan IV for vassdrag. Stryne- og Loenvassdraga syner uvanleg stor variasjon og har store og godt dokumenterte verneverdiar, og Gaulavassdraget har svært stor verdi som type- og referansevassdrag. Sogndalselvi vart også verna i verneplan IV. Dette gjer at verneplanane for vassdrag no har brukbar dekning når det gjeld representative brevassdrag frå bre/fjell til fjord. Som oppfølging av Stortinget sitt vedtak om vern Stryne- og Loenvassdraga, vil arbeidet med å innlemme områda med rikspolitiske reglar i Sunndalen, Erdalen og Bødalen i nasjonalparken starte opp hausten 1994.

Vassdragsnaturen er relativt dårleg dekt innanfor nasjonalparken sine grenser, og det er få vann her (totalt areal ca. 7,5 km²). Dei karakteristiske langstrekke vatna (t.d. Oldevatnet Lovatnet og Veitastrondsvatnet) i hovuddalane ligg utafor verneområdet.

3.2.4. VEGETASJON

Naturgeografisk dekkjer området region 35d; "Fjellregionen, underregion Jotunheimen" i søre del av fjellkjeden (jf. Nordisk Ministerråd sitt framlegg til naturgeografisk regioninndeling av Norden, NU-B 1977:34). Nokre av dei lågareliggjande delane av nasjonalparken går ned i regionane 37d og e; "lauv- og furuskogregionen på Vestlandet", høvesvis indre fjordstrøk og ytre og midtre fjordstrøk.

Vegetasjonen i Jostedalsbreområdet er prega av store lokalklimatiske variasjonar pga store høgdeskilnader og påverknad frå breane. Det er også stor variasjon i floraelement frå aust til vest i området. Ein finn varmekrevjande og artsrike plantesamfunn i låglandet og alpin vegetasjon i høgfjellet. I brenære område i lågareliggjande strøk vert konkurransesterke låglandsartar trengde tilbake på grunn av hardt klima eller skritt jordsmonn, medan konkurransesvake artar som t.d. raudsildre og brearve har gode veksttilhøve i det første suksesjonsstadiet etter at breen har trekt seg tilbake. Slike område t.d. framfor Nigardsbreen og Bødalsbreen er av stor vitskapleg verdi. Særleg i sørvende lier der det er god næringstilgang pga. ras/jordsig og god vasstilførsel, finn ein mange stader relativt rik vegetasjon.

Bjørk er det treslaget som går høgst i Jostedalsbreområdet, slik det er vanleg elles i Norge. Skoggrensa varierer mellom 700 og 900 moh. Omlag 6% av nasjonalparken ligg lågare enn 800 moh, av dette arealet er omlag 1/6 bre. Lauvskog dekkjer omlag 23 km² (2%) av nasjonalparkarealet. Det er ikkje furuskog i nasjonalparken, men nokre stader i tilgrensande område, m.a. i Sunndalen (område med rikspolitiske reglar) og på vestsida av Jostedalen.

Vegetasjonen på sandurflater med ulike suksesjonsstadium har stor naturvitskapleg verdi. Flaummarkskog m.a. i Bødalen, Erdalen, Sunndalen og Kjenndalen er verneverdig. Botaniske verneverdiar er dessutan knytta til varme og tørre berg og rasmarker, m.a. i Sunndalen. I Jostedalen er det funne uvanleg mange artar sopp, fleire av dei svært sjeldsynte.

3.2.5. FAUNA

Høgtliggende område i nasjonalparken og breane har eit sparsamt dyreliv. I dalføra der ein finn rikare biotopar, er det registrert fleire truga og sjeldne fugleartar som t.d. kvitryggspett. Her er også gode hjortebestandar. Fleire av dei store rovdyra (t.d. gaupe og jerv) og rovfuglane (t.d. kongeørn og fjellvåk) er registrerte i området.

Lågare fauna er dårleg undersøkt. Vern av eit stort område med så store og ekstreme variasjonar i lokalklima og vegetasjon som i Jostedalsbreområdet vil truleg vere av stor verdi for å sikre genetisk mangfold og verdiar som ein i dag manglar oversyn over. Ein har t.d. funne to artar fjørmygg (den eine av ei eiga slekt) som ikkje er funne andre stader i verda, i Vivavatnet i Sprongdalen i Jostedalen. Funna indikerer at det kan vere unike genetiske verdiar innan lågare fauna knytte til brepåverka vassdrag og i spesielle miljø i tilknyting til breen.

3.2.6. KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP

Nasjonalparken dekkjer omlag det området som var dekt av Jostedalsbreen og dei tilliggjande breane under "den lille istida" kring 1750. Ein finn difor få spor frå tidlegare tider innafor sjølve verneområdet, men fleire i tilgrensande område.

Dei fornminna som er funne, gjeld i stor grad bruk av utmarka, som t.d. øydestølar, tufter, søydegrøper (kokegrøper for matlaging frå jernalderen) og kolmiler. Dette er vanleg i vestnorske støls- og fjelldalar. Dei eldste funna ein til no har gjort i området er frå keltetid, dvs. vår eldste jernalder (ca. år 500-100 f. Kr.), og er gjort i Erdalen og Bødalen i Stryn. Områda ved Sunndalsetra i Stryn var i bruk omlag år 600-700 e. Kr.. I Vassdalen i Jostedalen er det påvist ei kolgrop frå eldre jernalder. I Liadalen i Jostedalen er det fleire stader påvist hustufter frå mellomalder/ vikingtid. Rundt stølen Øy i Jostedalen er det funne fleire kulturminne, dei eldste frå eldre jernalder.

Nyare tids kulturminne er i enno sterkare grad knytte til støls-, beite- og utslåttområde. Område vi i dag kallar utmark, vart i gamle dagar intensivt nytta ved at ein slo gras og lauva nærmast overalt der det var noko før å hente, og det sto eit utal utlører i fjellsidene. I dei fleste dalane kan ein finne restar av dette gamle kulturlandskapet.

Fredingsverdige stølar av nasjonal interesse ligg i fleire av dalane kring Jostedalsbreen. Bødalseter er ein av dei. Her ligg sela på den eine sida av ei "gate" og uthusa på den andre. Så langt ein kjenner til, finst ikkje noko betre døme på denne sermerkte måten å organisere ei stølsgrend. Også stølane Øy og Fåbergstølen i Jostedalen er klassifiserte som fredingsverdige av Riksantikvaren. Eit av stølshusa på Befringstølen i Jølster er frå mellomalderen og er automatisk freda etter lov om kulturminne. På Storesetra og Vetledalsetra i Erdalen står fleire stølshus av naturstein.

Langt dei fleste stølane i Jostedalsbreområdet ligg (like) utafor nasjonalparken, som t.d. Befringstølen og Haugastølen i Jølster, Anestølen i Sogndal, Tunkestølen på Veitastrond og Vassdalen og Fåbergstølen i Jostedalen. Av stølar med bygningar ligg Ruteflotsetra i Lodalen, Stryn, og Nysetra i Krundalen, Luster, innafor nasjonalparken. Bødalsetra i Bødalen og Vetledalsetra og Storesetra i Erdalen ligg i områda med rikspolitiske reglar i Stryn. På mange stølar kring Jostedalsbreen er diverre ei eller fleire av bygningane (i ferd med å) falle ned. Særleg gjeld dette fjøsane som ikkje lenger er i bruk. På m.a. Gamlestølen og Myrhau i Supphelledalen i Fjærland i nasjonalparken er bygningane falne ned.



Fig. 3. Ruteflotsetra i Ruteflotdalen i Lodalen, Stryn kommune

Det gamle kulturlandskapet (m.a. stølsvollar og lauvingslier) er mange stader prega av attgroing og forfall som følge av mindre beitepress og mindre bruk av utmarka generelt. Denne endringa har samanheng med nye driftsformer i landbruket.

Gjennom Sunndalen går ein gamal ferdsleveg mot Rauddalen i Skjåk. Ved Kamperhamrane inst i Sunndalen langs ferdslevegen ligg eit par såkalla "herbyrge". Dette er blokk- eller bergheller med murrestar ved inngangen. Truleg går bruken tilbake til forhistorisk tid.

Ingvild Austad ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule har vore prosjektleiar for eit fleirårig prosjekt på verdfulle kulturlandskap i Sogn og Fjordane, der første fase av prosjektet vart avslutta i 1993. Følgjande verdfulle kulturlandskap som ligg i Jostedalsbreområdet er peika ut i rapportane:

Luster kommune:	Gardane Berget og Li ved Fåberg i Jostedalen
Sogndal kommune:	Anestølen
Balestrand kommune:	Bøyadalen (støl) og Supphelledalen (beitemark)
Førde kommune:	Grønengstølen
Jølster kommune:	Befringssstølen, Dversgdalsstølen, beitebakke ved Fonn, lauvingsli ved Kjøsnesfjorden, beitebakke ved Lunde.
Gloppen kommune:	Myklebuststølen
Stryn kommune:	Yri (heilskapleg gardsmiljø), beitebakke ved Melkevoll, bjørkehage og kulturskog i Briksdalen, urterik slåtteeng på Avlein, stølen Breng, hagemark i Erdalen, Storesetra i Erdalen, hagemark og utmarksslått på Haugane i Hjelledalen. Som tilleggsområde er teke med Prestestølen, Bødalssetra, Grønfor og Sunndalsetra.

Av dei ovannemnde områda er Storesetra i Erdalen i Stryn kommune det einaste området som er vald som prioritert område for kulturlandskap i Sogn og Fjordane.

3.3. MENNESKELEG BRUK AV JOSTEDALSBREOMRÅDET.

3.3.1. BRUK AV OMRÅDET FRAM TIL KRING 1850

Frå gamalt av har det vore busetnad og gardsdrift i dalane kring Jostedalsbreen. Dalane og dalsidene i området var svært viktige som slåtte-, lauvings- og beitemark. Stølsdrifta var omfattande, og jakt og fiske var viktig for å livberge seg.

Tidlegare vart Jostedalsbreen mykje brukt som ferdsle- og drifteveg mellom vestlege dal- og fjordstrok og indre Sogn og Austlandet. Ein veit ikkje kor langt tilbake i tida denne ferdsla har føregått, men truleg var ferdsla vanleg allereie før Svartedauden. Ein av dei mest kjende rutene gjekk frå Erdalen i Oppstryn over Lodalsbrekka og til Jostedalen, jf. at denne ferdsla har ført til at jostedalsdialekta er sterkt påverka av nordfjordmål. I dag ville det mange stader ikkje vere mogleg å nytte breen som ferdsle- og driftsveg, då breen er mindre og dermed brattare og med fleire sprekkar.

3.3.2. BRUK AV OMRÅDET FRAM TIL I DAG

Det har skjedd ei sterk endring i bruken av områda kring Jostedalsbreen etter 2. verdskrig. Nye driftsformer i landbruket er ein viktig grunn til dette saman med nye former for bruk/utnytting av norsk natur.

Landbruk

Stølsdrifta kring Jostedalsbreen tok i stor grad slutt tilliks med andre stader i landet i løpet av 1950-åra. I dag er berre eit fåtal av stølane kring breen i drift, m.a. Anestølen i

Sogndalsdalen og Nystølen i Veitastrond. Stølshus som vert haldne ved like, vert i dag oftast nytta som fritidshus.

Utnarksslått og lauving er svært sjeldsynt i dag. Dei fleste dalane vert likevel som tidlegare nytta til sommarbeite for husdyr - både storfe, sau og geit. Omfanget av beiting er dei fleste stader mindre enn før.

I fleire av dalane er vedskogen ein viktig ressurs for gardane.

Friluftsliv

På 1800-talet kom dei første utanlandske fjellsportfolka til Norge for å utforske norske fjell. På same tid byrja også einskilde bønder i området å utforske breen. Truleg nådde Gottfred Bohr som førstemann toppen av Lodalskåpa i 1820. Jostedalsbreen vart snart den mest kjende og vitja av dei norske breane. Ferdsel i noko særleg omfang vart det først på slutten av 1800-talet, og då til vanleg i form av organisert breføring. Den Norske Turistforening (DNT) starta ordninga med patentførar på breen i 1890, ei ordning som var basert på lokale førarar busette i dalane kring breen.

Sidan dei første fjellsportfolka tok Jostedalsbreområdet i bruk i førre århundret, har friluftslivet utvikla seg mykje. Fram til 2. verdskriga var det vanlegast å ferdast i området under leiing av ein førar. I dag vert området i stor grad nytta av folk som ferdast på eiga hand (men i taulag) etter at dei har skaffa seg naudsynt kunnskap om ferdsel på bre. Dei som bur i nærleiken av nasjonalparken (både i dalane og i sentra kring breen, t.d. Stryn og Sogndal) nytta dalane og dei nære fjellstroka inn mot breen som nærtur- og dagsturområde. Dei same områda vert også nytta ved opp- og nedstigning til og frå breplata, ofte med overnatting i eige telt eller på turlagshyttene som ligg inn mot breen. Vårskiturar, m.a. "breen på langs" er særleg populære.

Fleirdagarsturar er populære både av lokalt busette og tilreisande. Mange av (bil-) turistane nytta om sommaren dessutan dei ytre delane av Jostedalsbreområdet til dagsturar.

Hotell- og cruiseskipturistane vitjar i hovudsak berre dei kjende turiststadene, som t.d. Briksdalen og Nigardsbreen, som ligg i ytterkanten av nasjonalparken.

Interessa for friluftsliv på og ved bre har vore aukande, og det er i dag tilbod om organiserte turar og kurs på Jostedalsbreen både i regi av Den Norske Turistforening, Sogn og Fjordane Turlag og lokale turlag. I følge registreringar av Anders Øygard i Fjærland gjekk 806 menneske "breen på langs" (strekninga Fjærland - Høgste Breakulen eller lengre i 1992. Det finst inga samla oversikt over kor mange som gjekk andre turar på breen. Sogn og Fjordane Turlag åleine gjennomførde i 1993 i alt 27 turar med til saman 826 deltakarar i Jostedalsbreområdet. Den Norske Turistforening (DNT) og Sogn og Fjordane Turlag SFT) gjennomførde same året 10 ulike typar brekurs på Jostedalsbreen med til saman 130 deltakarar. Jostedalen Breførarlag og Stryn Fjell- og breførarlag m.fl. har teke opp att gamle tradisjonar med breføring av turistar, og dei ulike breførarlag hadde i 1993 omlag 9000 deltakarar på sine turar, av desse var ca. 8000 på Nigardsbreen eller Bødalsbreen.

TILRETTELEGGINGSTILTAK. Med dette meinast (turlags-)hytter, vegar, merkte og umerkte stiar/ løyper o.a.. Tiltaka kanaliserer i sterk grad ferdsla og vert dermed avgjerande for kva for område som vert nytta. Ulike tilretteleggingstiltak er gjennomførde mange stader i ytterkantane av nasjonalparken.

Hytter. Det ligg fleire turlagshytter (hytter eigd privat eller av organisasjonar og som er heilt eller delvis opne for ålmenta) kring breen (sjå vedlegg 5, kart), spesielt i tilknyting til stølane kring breen. Det er ingen slike hytter inne på sjølve breplata. Flatbrehytta og Skålatarenet er dei mest vitja hyttene med høvesvis omlag 1800 og 1300 vitjingar i 1993. Desse hyttene ligg ikkje langt frå brekanten.

I dei fleste dalane kring nasjonalparken er det campingplassar, utleigehytter, pensjonat og turisthotell, der dei fleste turistane som kjem til Jostedalsbreområdet, bur.

I nasjonalparken ligg nokre private (og stengde) hytter/sel, m.a. i Ruteflotdalen i Lodalen, Stryn og Langedalen i Veitastrond, Luster.

Vegar. Fleire stader går offentlege vegar nær inntil nasjonalparkgrensa, t.d. i Jostedalen, Stardalen og i Oldedalen. Det er ingen bilvegar i nasjonalparken. Ein privat bilveg av låg standard går inn i området med rikspolitiske reglar i Bødalen. Turistbilvegen "Brevegen" går inn i Nigardsbreen naturreservat. I Brenndalen i Oldedalen går ein svært därleg traktorveg noko inn i nasjonalparken.

Merkte stiar og løyper. Berre nokre få stader finn ein merkte stiar av god DNT-standard i området. Fleire stader finn ein likevel gode stiar med delvis merking (sjå vedlagde kart). Dette gjeld m.a. opp til Flatbrehytta i Fjærland, til Skålataånet i Loen til Hauganosi i Jostedalen, og over Oldeskardet og Supphelleskardet.

Det er inga kvisting av skiløyper i nasjonalparken om vinteren.

Arealbruk og ferdsel. Den markerte topografiområdet Jostedalsbreen og andre brear avgrensar i stor grad kor folk flest kan ferdast. Mesteparten av ferdsla skjer kring innfallsportane og "breen på langs", og då om våren og sommaren.

Innfallsportar. Innfallsportane til parken er generelt dalane kring breen ut frå dei offentlege riks- og fylkesvegane. Dei viktigaste innfallsportane er Sota/Mysuseter, Styggevatnet, Fåbergstølen, Hauganosi/ Steinmannen, Tungestølen, Fjærland/ Flatbrehytta, Gaularfjell, Kjøsnesfjorden/Lundeskardet, Befringsdalen, Haugadalen, Utvikfjellet, Oldedalen, Bødalen, Loen/Skålataånet, Erdalen, Strynefjellet.

Vinterstid er mange av innfallsportane rasfarlege. Å kome seg opp på breplatået om vinteren krev difor god lokal- og raskunnskap. Av dei sikraste vinteroppgangane kan nemnast Fåbergstølen/ Lodalsbreen, Utvikfjellet og Rauddalen/Skrudulaupbu.

Jostedalsbreen med tilhøyrande område er registrert som eit område av nasjonal interesse for friluftsliv både i FRIDA (registrerte område av friluftsinteresse i Sogn og Fjordane ved miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen) og i "Fylkesdelplan for friluftsliv" utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedteken av Fylkestinget i 1989.

Reiseliv

På slutten av 1800-talet vart det oppsving i reiselivet kring Jostedalsbreen. Fleire hotell vart bygde i dalane, og turistane fekk m.a. tilbod om bre- og fjellturar med førarar.

Reiselivet har hatt ei sterk utvikling sidan førre århundret. Framleis er det den kontrastrike, varierte og mektige naturen som er grunnlaget for reiselivet. Briksdalen med hesteskyss inn mot breen og meir enn 200 000 turistar i året er den mest kjende turiststaden. Saman med Briksdalen er Kjenndalen/Lodalen i Stryn, Bøyadalen og Supphelledalen i Fjærland, Tungestølen/ Austerdalsbreen i Veitastrond og Nigardsbreen i Jostedalen viktige turistinnfallsportar til Jostedalsbreområdet.

Dei siste åra har det vakse fram fleire meir tilrettelagde turisttilbod i Jostedalsbreområdet for turistane. Strynefjellet sommarskisenter på Tystigbreen og båtskyss på Nigardsbrevatnet med breføring på Nigardsbreen er døme på dette.

Undervisning og forsking

Den store variasjonen i naturtypar og dei instruktive prosessane og formene knytte til breane sin aktivitet gjer områda kring Jostedalsbreen veleigna til undervisning. Fleire

område vert nytta av m.a. Sogn og Fjordane distriktshøgskule og universiteta til ekskursjonar, feltkurs og fordjupningsoppgåver.

Fleire skular og organisasjonar nyttar Jostedalsbreområdet til undervisning og kurs i friluftsliv, oftast med særleg vekt på ferdsel på bre.

Forskningsaktiviteten kring breen er monaleg, både når det gjeld tidsavgrensa forskningsprosjekt og langsiktig grunnforsking. Forskinga skjer både i norsk og utanlandsk regi. Nigardsbreen, Fåberstølsgrandane og Bødalen er særleg viktige for forsking på kvartærgеologiske prosessar og vegetasjonskologi. Fleire engelske universitet arrangerer årvisst studieturar til Jostedalsbreområdet, m.a. til Austdalsbreen.

NINA (Norsk institutt for naturforskning) - Lillehammer har sett i gong eit fleirårig prosjekt for å sjå på verknaden av skipinga av Jostedalsbreen nasjonalpark for reiselivet, og for turistane si oppleveling av området. Undersøkingane frå før nasjonalparken vart oppretta er avslutta, medan etterundersøkingane om verknadene av opprettinga av nasjonalparken ikkje er gjennomførde.

Glasiologisk forsking på Jostedalsbreen har tradisjonar tilbake til midt på 1800-talet. Særleg var utanlandske forskarar svært aktive mange stader på breen. Før siste krig dominerte tyske forskarar, medan engelskmenn har vore meir aktive i tida etterpå. Det er heller lite kjent i Noreg, men i det internasjonale glasiologiske miljøet er Cambridge-ekspedisjonane til Austdalsbreen på Veitastrond i 1950-åra mykje omtala. Dei utførte ei rekke grunnleggjande undersøkingar som er blitt klassiske innanfor glasiologisk forsking.

Universiteta og Norsk Polarinstitutt har gjennomført ei rekke måleprogram, særleg for å følgje tilbaketrekkning eller framrykking av bretungene. Frå tidleg i 1960-åra starta NVE (Norges Vassdrags- og Energiverk) detaljserte og langsiktige undersøkingar av massebalanse og ulike breprosessar fleire stader på Jostedalsbreen. Kartlegging av istjukne og botntopografi er gjennomført for mest heile breområdet. NVE sin hovudaktivitet er i dag konsentrert om Nigardsbreen. Utgangspunktet er den permanente forskningsstasjonen på Steinmannen, men det blir også utført undersøkingar m.a. på Austdalsbreen, Baklibreen og Tunsbergdalsbreen. NVE har med sitt ansvar for forvaltning av norske vassdrag ei særleg forplikting til å sørge for ny glasiologisk og hydrologisk kunnskap i nasjonalparken.

Elles har Norsk Bremuseum og ei rekke andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar mindre program fleire stader på og omkring breen.

Vasskraftutbygging

Det har vore stor interesse for utbygging av vassdraga kring Jostedalsbreen. Dei største utbyggingane finst i Glommavassdraget (Rauddalsvatnet i Skjåk), Leirdøla/ Jostedøla i Luster, Årøyvassdraget i Sogndal/ Luster, Vetlefjordelva i Balestrand. På grunn av kraftoverskot og låge priser er det i dag liten interesse for nye utbyggingsprosjekt. Fossheimselva i Breimsvassdraget og Kjøsnesfjorden er av dei prosjekta det er størst interesse for blant kraftutbyggjarane. Kjøsnesfjorden må reknast for å vere spesielt konfliktfyldt i høve til nasjonalparken.

Elveforbygging og kanalisering har skjedd i mange av vassdraga kring breen slik at ei rekke elvar i lågare delar mange stader ikkje lenger renn i sitt naturlege løp.

3.4. EIGEDOMSTILHØVE: PRIVAT GRUNN OG STATSALIMENNING

Omlag 23% av nasjonalparken er privat grunn, som i hovudsak ligg i lågareliggende strøk og i dalføra. Resten av nasjonalparken er statsallmenning. Grensa mellom privat grunn og statsallmenning vart endeleg fastsett gjennom etter jordskiftesaker på slutten

av 1970-talet og først på 1980-talet (med avslutning 14.02.1986). Følgjande statsallmenningar ligg i nasjonalparken: Jostedalsbreen statsallmenning, Myklebustbreen statsallmenning, Svardals-/ Steindalsbreen statsallmenning og Grovabreen statsallmenning.

I følgje "Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane" (Fjellova) skal det veljast fjellstyre for statsallmenningane. Fjellstyret skal "administrere bruken og utnytting av rettane og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene" (§ 3). Fjellova regulerer m.a. utnytting av beite, fangst, småviltjakt, villreinjakt og fiske i statsallmenningane.

Med unntak av den delen av Jostedalsbreen statsallmenning som ligg i Luster kommune, er det ikkje oppretta fjellstyre for statsallmenningane i nasjonalparken. Fjellstyrta i Sogndal og Stryn kommunar omfattar ikkje statsallmenning i nasjonalparken. Jostedalsbreen fjellstyre i Luster er ikkje medlem av Norsk Fjellstyresamband. Truleg er grunnen til denne situasjonen med få fjellstyre og manglande medlemskap i Norsk Fjellstyresamband både ein følgje av at statsallmenningane er relativt nyopprettet, og at det er små beite-, jakt- og fiskeinteresser i områda, slik at det er små inntekter å hente for eit fjellstyre.

DEL B.

FORVALTNING AV JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

4. MÅL, UTFORDRINGAR OG STRATEGIAR

4.1. MÅL FOR FORVALTNING AV NASJONALPARKANE I NORGE

Nasjonalparkane i Norge er ulike med omsyn til villmarkspreg, tilgjenge, storleik, topografi, dyre- og planteliv m.m.. Desse skilnadene og målet om at kvar park bør forvaltast ut frå føreliggjande verne- og brukarinteresser, gjer at nasjonalparkane kan verte forvalta ulikt. Det overordna målet med nasjonalparkane er likevel å "bevare urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområde" slik det står i naturvernlova. Sett i eit hundreårsperspektiv eller lengre må dette vere eit overordna mål, då utviklinga fram til i dag kan tyde på at naturområde verna etter naturvernlova i ei fjern framtid vil vere dei einaste områda i Norge med urørd natur.

4.2. MÅL FOR FORVALTNINGA AV JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Forvaltninga skal fremje verneføremåla for nasjonalparken. Desse er gjevne i verneforskrifta, pkt. III:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Følgjeleg er det eit mål å ta vare på det som kjenneteiknar dette store naturområdet: Villmark/ natur utan inngrep, kulturlandskap og naturen sine eigne lydar/"stillhet".

Det vil ha mykje å seie for nasjonalparken at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, eit ansvar kommunal- og miljøvernkomiteen peiker på i si innstilling til St.meldinga om nasjonalparken.

4.3. UTFORDRINGAR

Med omsyn til **naturen** ligg hovudutfordringa i å halde på den naturlege tilstanden i nasjonalparken, dvs. halde nasjonalparken fri for nye tekniske inngrep og installasjonar slik at området i størst mogleg grad også i framtida er kvalifisert villmark der ein opplever naturen sine eigne lydar/"stillhet". Ein må redusere dei miljøproblema ein har i dag, og førebygge framtidige skader. Om mogleg må ein restaurere skader som ein i dag har.

Miljøproblema i Jostedalsbreområdet skuldast

- ekstern påverknad (t.d. sur nedbør og radioaktivt nedfall)
- intern påverknad, dvs. menneskelege aktivitetar og inngrep i området (t.d. utbygging, uroing, motorstøy, slitasje, forsøpling m.m.)

Dei førstnemnde problema kan berre løysast utafor verneområdet. Då naturen i stor grad er urørd, burde området gje eit godt grunnlag for dokumentasjon av langtransportert ureining.

Andre problem kan i stor grad løysast i og kring nasjonalparken. Utfordringa ligg i at menneskeleg bruk av området må tilpassast naturmiljøet/ verneformålet.

For **friluftslivet** ligg hovudutfordringa i at all ferdsel må vere så "sporlaus" som mogleg og gje høve til gode naturopplevingar for dei som ferdast i Jostedalsbreområdet.

For **næringsmessig bruk** som kan aksepteras i nasjonalparken ligg utfordringa i å få denne så natur- og miljøvenleg som mogleg. Urørd natur og det gamle kulturlandskapet har ein eigenverdi, og dei vil truleg bli ein viktig ressurs i framtida både for forsking og reiseliv. Det er ikkje mogleg å kombinere ei sterk utnytting og utbygging med ivaretaking av urørd natur. I høve til landbruket ligg utfordringa i at bruken, dvs. landbruksdrifta, ivaretak det gamle kulturlandskapet der dette er verdfullt. Dette må skje utan at det vert føreteke inngrep som gjerne følgjer med nye driftsformer i landbruket, som t.d. vegbygging.

Busetnaden og jordbruksdrifta i randsonene til nasjonalparken utgjer ein viktig del av attraksjonane i området, og er samstundes ein føresetnad for at kulturlandskapet skal bli teke vare på. **Vern og bruk** er soleis ei viktig problemstilling i Jostedalsbreområdet i høve til landbruk og kulturlandskap.

4.4. STRATEGIAR

Det er ikkje alltid like klart om ulike miljøproblem skuldast naturlege variasjonar, menneskeleg aktivitet eller ein vekselverknad mellom desse. Denne uvissa om årsak og verknad må kome naturen til gode. Eller sagt på ein annan måte: ein må nytte "**føre var**"- prinsippet.

Tilstrøyminga til Jostedalsbreområdet vil truleg auke dei nærmaste åra som følgje av auka marknadsføring, m.a. som følgje av skipinga av nasjonalparken, og dessutan som følgje av bygging av naturinformasjonssentra i Jostedalen, Fjærland og Stryn. Fordelinga av tilreisande vil truleg bli ujamn, då ein må rekne at dei kjende innfallsportane som vert marknadsførde, vil få det meste av auken i turisttrafikken. Difor er no rett tid for å legge premissane/ retningslinjene for framtidig bruk av området og gjere avveginga mellom dei ulike brukarinteressene, men med rom for tilpassing ved rullering av forvaltningsplanen, (første gong etter 5 år, seinare kvart 10. år) på bakgrunn av røynsler med forvaltninga av området.

Tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv og annan aktivitet kan berre skje dersom det vil vere i tråd med formålet med nasjonalparken og utan at ein nyttar nye urørde naturområde.

Jostedalsbreen nasjonalpark kan ikkje sjåast isolert frå omkringliggjande område. Innfallsportane til nasjonalparken ligg utafor verneområdet, samstundes er det viktig å sikre at det finst buffersonar kring nasjonalparken. Dette må skje gjennom kommuneplanarbeidet i medhald av plan- og bygningslova.

5. SPESIELLE FORVALTNINGSMESSIGE PROBLEMSTILLINGER

5.1. AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIDING AV NASJONALPARKEN

Utviding av nasjonalparken kan verte aktuelt under visse føresetnader. Nedanfor er ein gjennomgang av desse. Eventuelle framlegg om utviding av nasjonalparken må på høyring til aktuelle grunneigarar, organ og organisasjonar på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå før vedtak i Regjeringa.

5.1.1. 3 OMRÅDE MED RIKSPOLITISKE REGLAR I STRYN

Som nemnt i kap. 2.5. hadde ikkje Stortinget teke avgjerd om det vart vasskraftutbygging i Stryne- og Loenvassdraga då nasjonalparken vart oppretta. I påvente av denne avgjerala vart det innført rikspolitiske reglar i Sunndalen, Erdalen og Bødalen. Som oppfølging av Stortinget sitt vedtak om vern av Stryne- og Loenvassdraga bad Stortinget om at Bødalen, Erdalen og Sunndalen vart innlemma i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er ikkje teke stilling til storleiken på ei evt. utviding, og avgrensinga treng ikkje følgje dei noverande grensene for områda med rikspolitiske reglar. Fylkesmannen er beden av Miljøverndepartementet om å setje i gang arbeidet med utviding av nasjonalparken i 1994.

5.1.2. SVARTEBOTNEN I GLOPPEN KOMMUNE

Verneverdiane i Svartebotnområdet er særleg knytta til kvartærgeologiske avsetningar. Området vart teke ut av framlegget til nasjonalpark etter førebels høyring etter framlegg frå Gloppen kommune. Både i St.melding nr. 25 (1987-88) "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet" og i føredraget til kgl. res. om nasjonalparken, vert det vist til kommunen sitt ansvar for å ta vare på området gjennom sitt planarbeid. I føredraget til Kgl. res. vert det vist til at ei utviding av nasjonalparken må vurderast i Svartebotnområdet, dersom ikkje verneverdiane let seg sikre tilstrekkeleg i kommunal regi. Dette må difor vurderast på eit seinare tidspunkt.

5.1.3. ANDRE UTVIDINGAR

Under høyringa av framlegget til forvaltningsplan vart det frå Sogn og Fjordane Turlag gjort framlegg om utviding av nasjonalparken sørvest for Jostefonn kring Tredjevatnet og Skarvedalsbreen som ei oppfølging av vern av Gaulavassdraget i Verneplan IV. Fylkesmannen vil ikkje ta stilling til dette framlegget no.

5.1.4. BREHEIMEN OG MØRKRISDALEN

I NOU 1986:13: "Ny landsplan for nasjonalparker" gjorde Statens Naturvernforråd framlegg om at Jostedalsbreen, Breheimen og Mørkrisdalen skulle vernast etter naturvernlova. Jostedalsbreen nasjonalpark vart framskunda i høve til resten av landsplanen for å sjå spørsmålet om kraftutbygging og nasjonalpark i Strynedalane (Sunndalen, Erdalen og Bødalen) i samanheng.

St.melding nr.62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge" er departementet si oppfølging av NOU'en, som vart lagt fram 19.juni i år. I tråd med Statens Naturvernråd sitt framlegg gjorde departementet framlegg om at ein bør knyte fjellområda mellom Jostedalsbreen og Sognefjellsvegen inkludert Mørkrisdalen, dvs. områda som til vanleg vert kalla Breheimen, saman med Jostedalsbreen nasjonalpark til eitt stort verneområde. Dette må skje ved at område i Oppland går inn i verneområdet. Mest aktuell verneform i dette området vil vere

landskapsvernområde. Etter departementet sin framdriftsplan vil arbeidet med dette verneområdet starte opp i 1996.

5.2. ENDRING AV VERNEFORSKRIFTA

Det er ikkje aktuelt å føreslå endringar i verneforskrifta for nasjonalparken no. Dette kan evt. vurderast etter at ein har røynsler for korleis verneverdiane i området vert ivaretekne med gjeldande reglar. Eit utkast til nye vernereglar må på høyring før dei evt. vert vedtekne av Regjeringa.

Pkt. V i verneforskrifta gjev heimel for at forvalningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. § 22 i Naturvernlova gjev Regjeringa høve til å regulere ferdsla i nærmere avgrensa område av omsyn til naturmiljøet.

5.3. OMRÅDE SOM GRENSER TIL NASJONALPARKEN.

Tilgrensande område har store naturkvalitetar, og dei er innfallsportar til nasjonalparken. Som tidlegare nemnt (kap. 2.4.) peika då også kommunal- og miljøvernkomiteen i si innstilling til Stortingsmelding nr. 25 (1987-88) "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet" på at nasjonalparken på langt nær sikrar alle viktige verneverdiar i området. Då områda som grensar til nasjonalparken er viktige for forvaltinga av nasjonalparkområdet, trekkjer forvalningsplanen også opp retningslinjer for korleis forvalningsstyresmakta for nasjonalparken meiner tilgrensande område bør forvaltast, som tilråding til ansvarlege styresmakter.




Fig. 4. Mennesket vert lite i dette storslegne landskapet. Utsyn over breplatået og mot Kjenndalskruna i bakgrunnen.

6. SONEINNDELING AV JOSTEDALSBREEN

NASJONALPARK OG TILGRENSANDE OMRÅDE

6.1. KATEGORIAR FOR SONEINNDELING

Utfordringane ein står ovafor i forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark (sjå pkt. 4.2.) vil truleg vere best å ta stilling til ved å dele området inn i soner, som har ulike målsettingar m.o.t. tilhøvet mellom vern og bruk. **Vern av naturmiljøet er likevel det overordna målet for nasjonalparken**, og verneforskrifta er den same for heile nasjonalparken. Områda med rikspolitiske reglar har eiga forskrift. Soneinndelinga ligg til grunn for framlegga til løysing av forvaltningsproblem på kort og på lang sikt.

Fordi det er vanskeleg å forvalte nasjonalparken på ein forsvarleg måte utan å trekke inn tilgrensande område, har vi valt også å dele desse områda i soner når vi har funne det naudsynt (sjå kartet og kap. 6.4.). Øydeleggjing av natur i tilgrensande område vil også kunne påverke nasjonalparken negativt. Soneinndelinga av Jostedalsbreområdet fell langt på veg saman med soneinndelinga i Norsk Sti- og Løypeplan. Dei 4 sonekategoriane som vert nytta, vert presenterte nedanfor (kap. 6.1.1. - 6.1.4.).

6.1.1. SPESIELL VERNESONE

Dette er område som treng spesielt vern pga eineståande eller truga natur- eller kulturverdiar. Her kan det vere aktuelt å regulere ferdsla. Som oftast dekkjer slike område relativt små areal.

Aktuelle døme på spesiell vernesone i nasjonalparkar kan vere særleg verfulle kvartærgеologiske førekomstar, kalvingsområde for rein, våtmarksområde, myrområde o.l.. Etter forvalningsstyresmakta si meining er Fåbergstølsgrandane i Jostedalen det einaste området i Jostedalsbreen nasjonalpark som bør kome i denne sonekategorien.

6.1.2. SONE UTAN TILRETTELEGGING OG INNGREP

Som oftast er dette naturområde som det ut frå naturvernomsyn er ønskjeleg å halde mest mogleg urørde og utan inngrep og tilrettelegging. Merking av stiar og bygging av (turlags-)hytter vil ikkje bli tillate her. Denne sona tilsvrar sone 1 i Norsk Sti- og løypeplan.

Kjerneområda i Jostedalsbreen nasjonalpark med breane bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep. Det er frå naturvernet si side viktig at skogen i dei bratte og utilgjengelege fjellsidene mot dalane både i og utafor nasjonalparken i størst mogleg grad vert ståande urørde upåverka av menneskelege inngrep.

6.1.3. BRUKSSONE

Dette er område der ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafor eit planlagd rutenett, og avgrensa beitetiltak og avgrensa vedhogst til eigen bruk når dette er framhald av bruk frå tidlegare tider. Denne sona tilsvrar langt på veg sone 2a i Norsk Sti- og løypeplan. Her ligg også det gamle kulturlandskapet og dei mest nytta innfallsportane til nasjonalparken. Nokre stader er det ønskjeleg med skjøtsel for å ivareta kulturlandskapet gjennom t.d. beiting og beiterydding.

Mange av dalane i Jostedalsbreen nasjonalpark bør kome i denne sonekategorien.

6.1.4. SONE MED SPESIELL TILRETTELEGGING OG INNGREP

Dette er område der det anten er gjort betydelege inngrep som vassdragsregulering, eller det er ønskjeleg med spesiell tilrettelegging for omfattende ferdsel og turisme. Som oftast er dette mindre område.

Slike område er berre unntaksvise aktuelle innafor nasjonalparkgrensa; i Jostedalsbreen nasjonalpark berre for delar av Grovabreen og Krundalen.

6.2. PRINSIPP FOR SONEINNDELING AV JOSTEDALSBREOMRÅDET

Til grunn for soneinndelinga ligg følgjande prinsipp/ utgangspunkt:

- Naturverdiane i området og kor sårbart området er (biologisk mangfald, plante- og dyreliv, landskap, område med kvalifisert villmark)
- Påverkingsgraden av menneskeleg aktivitet er størst i eit urørt naturområde, dvs. at den første bruken påverkar området mest, medan eit område som er mykje brukta, vert relativt mindre slitt ved tilsvarende auke i bruk. Kanalisering av ferdsela er følgjeleg eit viktig verkemiddel for å spare urørde område.
- Det er ønskjeleg å halde sjølve breplatået på Jostedalsbreen og nærliggjande brear og fjellryggjar som "kvalifisert villmark", dvs. område som ligg meir enn 5 km frå veg, kraftlinje, busetnad og andre tekniske inngrep, slik dei er det i dag. For å få til det, er det viktig at skogen i fjellsidene og i fleire av dei lågareliggjande dalane vert ståande urørd og får utvikle seg naturleg upåverka av menneskelege inngrep.
- Tilrettelegging for friluftsliv bør byggje på dagens ferdelsmønster. Merkte stiar skal leie fram til brearmar og til hytter som ligg ved breen, og av tryggleiksomstsyn ikkje opp til breplatået. Turlagshytter og andre hytter som er opne for ålmenta, skal i størst mogleg grad ligge nedafor breplatået (brukssone), helst i tilknyting til eksisterande stølar.
- Omfattande tilretteleggingstiltak for reiseliv skal leggjast utafor nasjonalparken, med unntak av dei tiltaka det vart opna for under slutthandsaminga av nasjonalparken (sone med spesiell tilrettelegging og inngrep).
- Kulturlandskap som vert stelt høyrer i utgangspunktet heime i brukssone.

6.3. SONEINNDELING AV TILGRENSANDE OMRÅDE

I den grad det etter vårt syn har vore naudsynt, har vi også føreteke ei soneinndeling av tilgrensande område. Vi har nytta same kategoriar for soneinndeling her som i nasjonalparken. Overgangen til utbygde område kan vere flytande, og dette går difor fram av kartet. Vi vil presisere at denne soneinndelinga er tilrådingar om arealbruk, og at ansvaret og avgjerda her først og fremst ligg til kommunane og grunneigarane. Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen vil ta opp spørsmålet om arealbruken i randsonene med kommunane.

Fylkeskommunen og fylkesmannen har eit overordna planansvar i høve til plan- og bygningslova. Fylkesmannen v/landbruksavdelinga har ansvar for tiltak og inngrep i landbruket, t.d. når det gjeld bygging av skogsvegar. Ein bør etter vårt syn vere varsam med bygging av landbruksvegar og andre varige inngrep i område som grensar til nasjonalparken, og det bør stillast strenge krav til utforming og landskapstilpassing ved gjennomføring. Retningslinjer om arealbruk bør innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen.

Soneinndeling av tilgrensande område går fram av vedlagte kart (vedlegg 5). Sjå elles kap. 6.4..

6.4. OMTALE AV SONEINNDELINGA I ULIKE DELAR AV JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK OG TILGRENSANDE OMRÅDE

Vedlagte kart viser forvalningsstyresmakta sitt framlegg til soneinndeling i Jostedalsbreområdet utifrå bruken i dag og det vi ser som tenleg for framtida med omsyn til vern og bruk. Kartet skiljer mellom **nasjonalparken** som fylkesmannen og Statskog er forvalningsstyremakt for, og **tilgrensande område** der kommunane og grunneigarane har forvalningsansvaret.

Jostedalsbreen

Jostedalsbreen er av eit dei største og samanhengjande, attverande områda med kvalifisert villmark i Sør-Norge. Det er difor viktig å halde mest mogleg av dette området, inkludert fjellryggene ut frå breplatået og fjellsidene med eksisterande skog, fri for inngrep. Mesteparten av nasjonalparken bør difor gå inn i sone utan tilrettelegging og inngrep. Der det er turlagshytter og merkte stiar inn mot breplatået, går desse mindre områda inn som brukszone, t.d. Flatbrehytta og Skålataånet.

Tystigen/ Strynefjellet

Store delar av området vart teke ut av nasjonalparken etter førebels høyring i 1986 for at Strynefjellet sommarskisenter kunne utbyggjast vidare, inkludert evt. taubane til Nuken. Området er i tråd med dette i hovudsak definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Tverrelvdalen med kringliggjande fjell tilrår vi bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep av omsyn til naturverdiane (vegasjon).

Sunndalen/ Rauddalen

Rikspolitiske reglar vart innført i delar av Sunndalen samstundes med skipinga av nasjonalparken. Sunndalsetra ligg like utafor grensa for dei rikspolitiske reglane. Dalen er viktig for landbruket, og det er i St.meldinga opna for å kunne gje løyve til bygging av traktorveg og dyrking på nærmere avgrensa område. Det går ein gamal og delvis merkt ferdselsveg over til Rauddalen og Skridulaupbu som bør istandsetjast. Dette vil bli følgt opp i samarbeid med fylkeskultursjefen. Store delar bør difor vere brukszone. Dei skogkledde fjellsidene og området kring Sygneksardsvatnet og vidare innover mot breen bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep.

Erdalen

Erdalen er ein av dei 3 Strynedalane der det vart innført rikspolitiske reglar i delar av dalen samstundes med skipinga av nasjonalparken. Dalen er viktig for landbruket, og det er også store friluftsliv- og naturverninteresser (breelvdelta, kvartærgeologi generelt) her. På same måte som i Sunndalen er det opna for at det kan gjevast løyve til bygging av traktorveg og dyrking på nærmere avgrensa område. Det er 2 stølar i området - Storesetra og Vetledalsetra - og på den siste ligg Vetledalsetra turisthytte. Med unntak av dei aktive breelvslettene bør dalbotnen difor vere brukszone. Breelvslettene, som det knyter seg store verneinteresser til, og dalsidene bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep.

Bødalen

Rikspolitiske reglar vart innført i delar av Bødalen samstundes med skipinga av nasjonalparken. Dalen er viktig som beitedal for sau og storfe. Det er ønskjeleg at det

særprega kulturlandskapet her blir oppretthalde. Bødalsetra er kjend og verneverdig for sine 2 rekkjer med stølshus. Det står ei turisthytte som Den Norske Turistforening driv. På grunn av konfliktar mellom vern av setermiljøet og omfattande telting, og trangen for eit toalett for alle dagsturistane, stor forvalningsstyresmakta grunneigarane sine planar om teltplass og toalett i nærleiken. Det er store kvartærgeologiske verneverdiar i Bødalen, og dalen er viktig for friluftsliv og reiseliv. Mesteparten av dalbotnen kjem difor i brukszone, medan dei omfattande morenesystema og fjellsidene inngår i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Fosdalen

Nedste delen av Fosdalen der den merkte stien frå Tjuen opp til Skålåtårnet (turlagshytte eigd av Bergen Turlag og eit mykje vitja turmål) saman med dalbotnen i Fosdalen bør vere brukszone, resten sone utan tilrettelegging og inngrep.

Kjenndalen

Kjenndalen inst i Lodalen er av dei kjende turistmåla kring Jostedalsbreen. Det går ein merkt sti frå parkeringsplassen like utafor nasjonalparkgrensa innover mot Kjenndalsbreen med fareskilt der merkinga sluttar. Vi trur det - også for reiselivet - er viktig at Kjenndalen framstår som eit mindre tilrettelagt, mest mogleg naturleg område, i kontrast til Oldedalen som er langt meir prega av tilrettelegging og "tyngre" turistutbygging. Det vart sommaren 1993 bygt toalett ved parkeringsplassen. Turområda i Kjenndalen bør klassifiserast som brukszone, områda kring Kjenndalen Fjellstove og langs bilvegen bør kome i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, medan den verneverdige flaummarkskogen som ligg utafor nasjonalparken, eigentleg høyrer heime i spesiell vernesone.

Ruteflotdalen

Ruteflotdalen er ein av dei få lågliggjande dalane i nasjonalparken, og dessutan er dalen utan tilrettelegging for friluftsliv. Det er relativt lite beiting i dalen etter at gardane i Nesdal vart fråflytta i vinterhalvåret, og dalen har etter kvart fått eit urørt preg. Det er 2 stølar i dalen, Ruteflotstølen og Utigardframsætra - desse er av dei få stølane i nasjonalparken - og det er verdfullt at grunneigarane held vedlike stølshusa som tidlegare. Det er av stor verdi for dei botaniske verneverdiene at vegetasjonen får utvikle seg naturleg i nokre lågliggjande dalar i nasjonalparken. Likevel bør ikkje dette stengje for meir beiting i dalen dersom dette vert aktuelt som følgje av evt. gjenopptaking av gardsdrifta på Nesdal. Så lenge dette ikkje er aktuelt, bør vegetasjonen her i hovudsak få utvikle seg naturleg mot urskog. Det er elles ønskjeleg å halde dalen upåverka av nye inngrep. Med unntak av dalbotnen der stølane ligg og stien går og som bør vere brukszone, og bør dalen vere sone utan tilrettelegging og inngrep.

Briksdalen

Meir enn 200 000 turistar vitjar til Briksdalen kvart år. Området er i dag godt tilrettelagt for å ta imot så mange folk. Innafor nasjonalparkgrensa bør området vere brukszone, medan området utanfor nasjonalparken høyrer til i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Brenndalen/ Kvamsdalen

Brenndalen skiljer seg ut frå andre lågareliggjande dalar ved at vegetasjonen i dalbotnen etablerte seg etter "den vetele istida" (år 1750). Brenndalen vert ein del nytta til lettare fotturar. Flatsteinbu på Flatefjellet er ei open hytte, og stien opp til hytta gjennom Kvamsdalen er mykje nytta som oppgang til breen. Grunneigarane driv

vedhogst og intensiv beiting i Brenndalen. Stiane er delvis merkte. Området kring dei merkte stiane høyrer heime i brukssone, resten i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Oldeskardet/ Haugadalen

Frå gammalt av har stien over Oldeskardet vore mykje brukt. Stien er i dag merkt. Det går no veg mest fram til Haugastølen med parkeringsplass for enden av vegen. Stien herifrå til Haugabreen er varda. Ein god del (fot-)turistar går tur i området. Det er store kvartærgeologiske verneverdiar i Haugadalen med nokre av dei finaste sidemorenene i Jostedalsbremrådet. Det er difor viktig at ferdsla vert kanalisert til dei merkte og varda stiane, og det er lite ønskjeleg med vidare tilrettelegging for turisme i Haugadalen innafor Haugastølen. Området kring stiane bør vere brukssone, elles sone utan tilrettelegging og inngrep.

Myklebustbreen/ Svartebotn

Myklebustbreen representerer eit stort og samanhengjande område med urørd natur, og bør vere det også i framtida. Myklebustbreen vert difor plassert i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Det er fleire merkte og varda stiar i Svartebotnen, og det ligg i alt 5 opne/ tilgjengelege hytter her. Reiselivet i Gloppe har utvikla eit turisttilbod med hesteturar her. Store kvartærgeologiske verneverdiar gjer at området etter vår meining ikkje bør opnast for vidare tilrettelegging for turisme, men handsamast som brukssone. Då Svartebotnen ligg utafor nasjonalparken, er dette ei tilråding frå forvaltningsstyresmakta.

Bjørga/ Befringdalen/ Langedalen

Området er særprega med fleire botnbrevatn og småbrear. Fossheimstølen og Befringstølen er 2 velhaldne stølar like utafor nasjonalparken. Den merkte stien forbi Befringstølen opp til Strupen med vidare varding til Snoadvarden er mykje nytta som oppgang til breen. Ved Snoadvarden står Kvannebakbu, som er ei open redningshytte. Området kring Bjørga, som er utan inngrep, bør gå inn i sone utan tilrettelegging og inngrep, medan området Befringstølen - Snoadvarden bør være brukssone. Grunneigarane tok under endeleg høyring opp spørsmålet om vedhogst i Langedalen (i nasjonalparken), og her tilrar vi også brukssone. Befringsdalen er mykje nytta til beiting med fleire beitekloppar, og dei ønskjer å merke stiar over til Fossheimsdalen og fra Strupen til Langedalen. Dette er område der det ligg tilrette for fleire merkte stiar, og området bør difor vere brukssone.

Grovabreen

Grovabreen representerer eit urørt naturområde. Under slutthandsaminga av nasjonalparken vart det opna for at det kan gjevast dispensasjon for preparering av langrennsløype på visse vilkår på sjølve breen i samband med evt. bygging av veg frå Dvergsdalsdalen til brekanten. Eit område vest for høgde 1587 kan difor evt. gå inn som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Området med preparerte langrennsløyper må ikkje kome i konflikt med oppgangen til breen gjennom Fagredalen. Resten av Grovabreen med tilgrensande område i nord bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep. Dersom det ikkje vert bygd veg til Grovabreen, bør heile breen vere sone utan tilrettelegging og inngrep.

I Dvergsdalsdalen utafor nasjonalparken har fleire grunneigarar gjeve uttrykk for at det er aktuelt å satse på gardsturisme med urørd natur som trekkplaster. Det kan vere aktuelt med enkel tilrettelegging med merking av stiar osv. i samband med dette. Innanfor nasjonalparken er det mest aktuelt å merke ein sti frå Dvergsdalsstølen gjennom Fagredalen til Salsegga og varde stien vidare til brekanten, noko som tilseier at området vert brukssone. Vi ser ikkje konfliktar med dette.

Grønengsdalen - Lundeskardet

Det finst nokre stølar og opne hytter i området. Stien opp i Lundeskardet hører til dei eldste ferdelsvegane over breen, og er merkt. Grønengsdalen er eit svært viktig beiteområde for sau med beitekloppar og ei gjeterhytte. Området bør plasserast i brukssone. Dersom vasskraftutbyggingsprosjektet i Kjøsnesfjorden med regulering av Trollavatnet vert aktuelt, må dette området kome i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Jostefonn og Troget m/ tilhøyrande fjellrygger

Utanom inngrep i samband med vasskraftutbygginga i Vetlefjorden, er dette eit urørt naturområde. Jostefonn vert nytta som turområde både i samband med turar "breen på langs" og dagsturar frå Gaulearfjellet. Utanom områda som er påverka av kraftutbygging (Svartevassvatna - Skaddalsvatnet utanfor nasjonalparken), og som difor høyrer heime i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, bør området vere sone utan tilrettelegging og inngrep.



Fig. 5. Flatbrehytta i Fjærland med utsyn ut Fjærlandsfjorden

Fjærland

Fjærland er eit av dei viktigaste turistområda kring Jostedalsbreen, og ein må - med utgangspunkt i eksisterande tilbod - leggje tilhøva tilrette for bruk av området som tek vare på kvalitetane her. Samstundes er Fjærland også ei solid jordbruksbygd. Brevasshytta (nyleg utvida) ved Bøyabreen og Brehytta i Supphelledalen er stader der turistane kjem nær breen, og her, utafor nasjonalparken, bør det vere sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. På grunn av faren for isras fra breen bør tilrettelegginga ikkje gå nær breane her. Flatbrehytta har stor tilstrøyming av turistar og brefolk som følger den merkte stien til hytta, og området peiker seg ut som brukssone. Det same gjeld Mundalen der det er lagt tilrette for lette fotturar. Dei gamle ferdselrutene og

merkte stiane mellom Fjærland og Veitastrond (Supphelledalen-Snauedalen) og mellom Fjærland og Sogndalsdalen er viktige å ta vare på, og områda bør vere brukszone, sjølv om Supphelledalen som kan hende den frodigaste av dei lågtiliggjande dalane i nasjonalparken, har stor verdi for naturvernet. Dalen vert mykje nytta til beiting.

Steindalsbreen/ Svardalsbreen/ Storebukken

Dette området med brear, botnar og botnbrevatn er utan inngrep og peikar seg ut som sone utan tilrettelegging og inngrep. Stølsdrift på Anestølen og Elda (utafor nasjonalparken) saman med utvikling av landbruksturisme (stølsdrift) på Anestølen gjer at vi tilrår at nærliggjande område kjem i brukszone, jf. den merkte stien frå Anestølen til Fjærland.

Veitastrond (Langedalen og Austerdalen)

Området er mykje vitja av (bil-)turistar. Dette er bakgrunn for utvikling av landbruksturisme på Nystølen, og ein del av driftsgrunnlaget for Tungastølen turisthytte. På Nystølen er det også stølsdrift, og grunneigarane ønskjer å hogge ved til eigen bruk i Langedalen. Det er merkte stiar i området både innover Langedalen og inn til Austerdalsbreen. Desse områda innafor Nystølen og Tungestølen hører heime i brukszona, medan resten av området bør vere sone utan tilrettelegging og inngrep.

Tunsbergdalsvatnet i Leirdalen

Inngrepa her i samband med kraftutbygging plasserer Tunsbergdalsvatnet (utafor nasjonalparken) i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Fjellryggane på kvar side av vatnet er urørd natur og bør - då dei heng saman med Jostedalsbreen - med i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Vest for Jostedalen

På vestsida av Jostedalen utanfor nasjonalparken ligg fleire stølar, og desse områda hører heime i brukszone.

Krundalen

Krundalen vert mykje vitja av (fot-)turistar som følgjer den merkte stien innover dalen. Grunneigarne har frå langt tilbake m.a. hogge ved til eigen bruk i dalen. Slik hogst i nasjonalparken treng ikkje vere konfliktfyllt, då dalen er prega av gjengroing. Dalen har store naturkvalitetar. Under slutthandsaminga av nasjonalparken vart det opna for at det kan gjevast dispensasjon for bygging av ein enkel kjerreveg eit stykke innover dalen i samband med utvikling av hesteskyss som turisttilbod. Den delen av dalen som vert omfatta av eit slikt inngrep vert i så fall å plassere i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, medan andre lågareliggjande delar av Krundalen bør vere brukszone.

Nigardsbredalen

Nigardsbreen naturreservat er oppretta hovudsakleg på grunn av dei kvartærgeologiske verneverdiane. Over 50000 turistar vitjar området kvart år. Området er i stor grad tilrettelagt, og det går bilveg inn til Nigardsbrevatnet. Vidare innover i reservatet følgjer turistane anten dei merkte stiane, og/eller dei tek båt over vatnet. Det er naudsynt at turistane følgjer vegen og dei merkte stiane for at ikkje dei kvartærgeologiske verdiane skal bli øydelagde av trakk. Jostedalen Breførarlag har tilbod om breføring av turistar på nedre del av Nigardsbreen. Det er opna for vedhogst nokre stader i reservatet.

Desse spørsmåla er tekne opp i forvaltningsplanen for naturreservatet. Ei soneinndeling som byggjer på denne, tilseier at dei mest turistprega og tilrettelagte områda med vegen vert plasserte i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Områda med vedhogst og langs den merkte stien til breen vert plasserte i brukssone, og resten av reservatet i sone utan tilrettelegging og inngrep.



Fig. 6. Fåbergstølsgrandane med Fåbergstølen i bakgrunnen (Luster kommune).

Fåbergstølsgrandane/ Stordalen

Fåbergstølsgrandane er den største aktive sanduren i Norge. Ein finn her ein særprega vegetasjon, der dei ulike vegetasjonstypene er ledd i ein naturleg suksesjonen. Ymse mosedominerte samfunn dekkjer store areal, og er betre utforma her enn nokon annan stad i Norge. Området utgjer ein unik naturtype som det er særskilt viktig å ta vare på for ettertida, og Fåbergstølsgrandane bør plasserast i spesiell vernesone. Fordi området etter det vi kjenner til pr. i dag ikkje er utsett for uheldig slitasje, er det ikkje aktuelt med ferdsselsrestriksjonar her no.

Stordalen er utan inngrep og har mange moreneryggar, og vert plassert i sone utan tilrettelegging og inngrep. Grunneigarane sine ønske om vedhogst til eigen bruk i Styggeli innafor stølen Øy rører ikkje ved Fåbergstølsgrandane og er ikkje særleg konfliktfyllt, slik at området her bør vere brukssone.

Fåbergstølen (utanfor nasjonalparken) høyrer heime i brukssone.

Styggevatnet/ Sprongdalen

Dette området like utafor nasjonalparken er for ein stor del utnytta til vasskraftutbygging (Jostedalsutbygginga) og høyrer soleis heime i sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Det same gjeld vegen fram til Styggevassdammen. Denne går forbi Fåbergstølsgrandane og opp gjennom Sprongdalen. Den Norske Turistforening har planar om å merke ei sti over Tverrfjellet mellom Slæom og

Styggevasshytta for å binde saman områda i Breheimen. Dette området bør difor vere brukszone. Statkraft utfører årleg opprydding av kvist i Sprongdøla utanfor nasjonalparken.

7. AKTUELLE PROBLEMSTILLINGAR -

RETNINGSLINJER OG TILTAK

Skipinga av Jostedalsbreen nasjonalpark reiser nye spørsmål om forvaltning av området. Forvaltningsplanen er meint å vere ein samla gjennomgang av aktuelle problemstillingar, og gjev samstundes signal til dei ulike brukarinteressene om kva for retningslinjer som vil bli lagt til grunn for forvaltning av området. Vi vil likevel presisere at "**retningslinjer**" ikkje inneber **førehandsavgjerd** i framtidige enkeltsaker. Under "tiltak" er nemnt tiltak som forvaltningsstyresmakta vil ta initiativ til og vere ansvarleg for gjennomføring av.

7.1. INFORMASJON OG NATURRETTLEIING

Jostedalsbreen nasjonalpark kjem først av den nye generasjonen nasjonalparkar i NOU 1986:13 "Ny landsplan for nasjonalparker". I NOU 1986: 13 vert det teke til orde for ei kraftig styrking av informasjon og rettleiing som ein del av forvaltninga av nasjonalparkane sett på som sentralt. Dette vert følgjt opp av St.melding nr. 62 (1991-92) som følgjer NOU'en. Forvaltning av verneområde skal ikkje avgrense seg til kontroll og oppsyn. Departementet legg vekt på etablering av naturinformasjonsentra i tilknyting til dei nasjonalparkane som har friluftsliv som delmål, slik Jostedalsbreen nasjonalpark har. Informasjon til og naturrettleiing av publikum vil vere sentrale arbeidsoppgåver for nasjonalparktenesta i framtida. Truleg vil ei styrking av informasjonen kunne redusere trangen for kontroll og oppsyn, og informasjon utgjer såleis eit ledd i det førebyggjande arbeidet med forvaltning av nasjonalparken.

Målgruppene for informasjonsarbeidet i nasjonalparken vil vere turistar, grunneigarar, organisasjonar og kommunane. Det er naturleg å samarbeide med dei 3 naturinformasjonsentra i Jostedalsbreområdet om dette.

Forvaltningsapparatet ved nasjonalparkforvaltaren kan ikkje aleine informere/ rettleie alle som kjem til Jostedalsbreområdet. Det meste av informasjon og rettleiing vil andre stå for, t.d. turistinformasjonen i kommunane, dei 3 naturinformasjonsentra i Stryn, Fjærland og i Jostedalen, breførarar i området osv. For forvaltningsapparatet er det difor viktig at dei som informerer turistane i Jostedalsbreområdet, gjev korrekt og god informasjon om området. For å medverke til dette vil forvaltningsstyresmakta arrangere eit seminar for dei som arbeider eller driv med informasjon i tilknyting til nasjonalparken - både i privat og offentleg regi. Det vil verre aktuelt å arrangere dette første gong vinteren 1994/95.

Det er både i kommunane kring breen og frå ulike organisasjonar stor interesse for lysbileteforedrag om naturverdiane og forvaltninga av nasjonalparken. Nasjonalparktenesta tek sikte å halde ein del slike foredrag.

Å rettleie brevandrarar om val av ruter og tilhøva på breen høyrer med til nasjonalparktenesta sine oppgåver. Det vil også bli gjeve naturrettleiing til turistar og halde lysbileteforedrag på førespurnad i den grad arbeidet elles tillet det.

I felt vil nasjonalparktenesta ha på seg eit jakkemerke, og kleda vil ha standardfarger for nasjonalparkoppsyn i Norge, slik at oppsynet er lett gjenkjenneleg for publikum.

Informasjonsbrosjyren om nasjonalparken kom våren 1993. Informasjonsplakat vil kome sommaren 1994, og eit lysbileteforedrag om nasjonalparken med tilhøyrande tekst vil bli utarbeidd hausten same år til bruk for andre.

Informasjonsplakat/tavler bør setjast opp ved sentrale innfallsportar, helst i tilknyting til annan informasjon eller andre inngrep. Informasjonstavler bør ikkje setjast opp der dei utgjer nye inngrep i landskapet. Det må leggjast vekt på utforming av og materialbruk på informasjonstavlene slik at dei ikkje bryt med tradisjonell byggeskikk. Forvaltningsstyremaktene arbeider difor med ein fleksibel mal for informasjonstavler i

Jostedalsbreområdet, og dei første "prøve"-tavlene bli bli sette opp i 1994. Det er viktig med samarbeid om oppsetjing av informasjonstavler mellom alle interesserte, og vi vil bidra økonomisk til oppsetjing der vi meiner at informasjonsplakat om nasjonalparken er ønskjeleg. Følgjande stader vurderer vi som mest aktuelle for oppsetjing av informasjonsplakat om nasjonalparken:

- Nigardsbreen i Jostedalen, Luster
- Gjerde i Jostedalen, Luster
- Ved bommen på veg til Nystølen og Tungestølen, Veitastrond i Luster
- Anestølen i Sogndalsdalen
- Brehytta i Supphelledalen i Fjærland, Balestrand
- Brevasshytta ved Bøyabreen i Fjærland, Balestrand
- Dvergsdalsstølen i Jølster
- Klakegg, Stardalen i Jølster
- Myklebustdalen (ved sti til Svartebotnen), Gloppen
- Utvikfjellet, Gloppen
- Briksdalen i Oddenalen, Stryn
- ved Tjugen i Loen, Stryn
- Kjenndalen i Lodalen, Stryn
- ved Bødal i Lodalen, Stryn
- ved Greidung i Erdalen, Stryn

I tillegg vil informasjonsplakaten vere tilgjengeleg for hotell, campingplassar o.l., og på dei ålment tilgjengelege (turlags-)hyttene i Jostedalsbreområdet. Plakaten vil vere ferdig til sesongen 1994.

I heile Jostedalsbreområdet er det stor interesse for å informere om ulike kvalitetar i området (kulturminne, verneverdiar, natur- og kulturstiar m.m.), m.a. som ledd i å betre tilbodet innafor reiselivet. Informasjonen bør etter vårt syn kome både innbyggjarane og tilreisande/turistar til gode. Truleg vil mange instansar ønske å gje ut informasjonsbrosyre med tilknyting til nasjonalparken. Dersom det er interesse for det, vil forvalningsstyremakta ta på seg å gå gjennom materialet før utgjeving for å sikre at det held ein forsvarleg fagleg standard.

Direktoratet for naturforvaltning godkjende sommaren 1992 logo for Jostedalsbreen nasjonalpark. Logoen er mønsterbeskytta, og vil til ein viss grad vere tilgjengeleg for andre til markedsføring av nasjonalparken.

Retningslinjer:

Gje informasjon om Jostedalsbreområdet generelt og nasjonalparken spesielt til kommunar, organisasjonar, brukarar av området, og dessutan til andre "informantar" i Jostedalsbreområdet.

Tiltak:

- lage informasjonsbrosyre, informasjonsplakat, og lysbileteserie om Jostedalsbreen nasjonalpark (1992-94)
- halde lysbiletefordrag om naturverdiar og forvaltning av nasjonalparken (1994-)
- tilby fagleg gjennomgang av informasjonsmateriale i tilknyting til nasjonalparken som andre instansar gjev ut (frå 1992).
- gje økonomisk stønad til oppsetjing av informasjonstavler om nasjonalparken (frå 1993)
- arrangere seminar om informasjonsarbeid om nasjonalparken for dei som driv dette i Jostedalsbreområdet (reiselivseminar). Gjennomføring første gong vinteren 1994-95 (samarbeid mellom fylkesmannen og Statskog).

7.2. SKJØTSEL OG IVARETAKING AV VERNEVERDIAR

I nasjonalparken er føremålet m.a. å ta vare på det naturlege biologiske mangfaldet. Der naturen har utvikla seg naturleg, bør dette fortsetje, medan det menneskepåverka landskapet treng skjøt sel dersom ein ønskjer å ta vare på det slik det er i dag. Skjøt sel i Jostedalsbreområdet gjeld vegetasjon, landskap og vedlikehald av bygningar. Om naudsynt må ein føreta restaurering først.

7.2.1. KULTURLANDSKAP

Kulturlandskapet i nasjonalparken og tilgrensande område er i dag mange stader prega av attgroing. Tidlegare vart det slege gras i utmarka, og beitepresset var mykje hardare. Lauving og styving er ikkje lenger vanleg i dag. Det vil vere uheldig om all skog kring breen som er påverka av hogst og lauving, (t.d. bjørkehagar) går tilbake til naturtilstand, og det er eit mål å halde på verdfullt kulturlandskap i området. Mange stader vil dette krevje auka beiting, og i tillegg kan rydding av beite og dyretrakk vere naudsynt. Avgrensa vedhogst til eigen bruk slik fleire grunneigarar tok opp under endeleg høyring, kan i mange tilfelle vere ønskjeleg og difor tillatast, vurdert ut frå det omfanget dette pr. i dag ser ut til å få. Kulturlandskap som ikkje har vore nytta på så mange år at det har karakter av naturleg vegetasjon, bør som hovudregel utvikle seg naturleg.

Grunneigartiltak som tek vare på det gamle kulturlandskapet ser vi positivt på. Problemet er at moderne landbruksdrift ofte ikkje medverkar til å oppretthalde dette landskapet, men tvert om er til skade for det. Dette fordi moderne landbruksdrift ofte inneber driftsformer som medfører store og irreversible inngrep i naturen (t.d. vegbygging) - inngrep som ikkje høyrer heime i ein nasjonalpark. Dersom det er alternativet, er attgroing og naturtilstand å føretrekkje i nasjonalparken.

På denne bakgrunnen vil vi samarbeide med Kulturlandskapsgruppa ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule (SFdh) om kartlegging av verdfullt kulturlandskap i Jostedalsbreområdet utover det som er kome fram i dei kommunevise rapportane om kulturlandskapet i fylket. Dette bør følgjast opp med ei vurdering av trøngen for stimulerande tiltak for å ta vare på verdfullt kulturlandskap i området og ein plan for dette. Fylkeslandbrukskontoret disponerer midlar til skjøt sel av kulturlandskap frå Landbrukets Utbyggingfond (LUF), og midlar kan vere aktuelle til m.a. gamaldags stølsdrift og lauving. Midlane kan stillast til rådvelde etter søknad frå gardbrukar, både i og utafor nasjonalparken. Det kan også i særlege høve vere aktuelt med skjøt sel av særleg verdfullt kulturlandskap i nasjonalparken gjennom midlar over Direktoratet for naturforvaltning sitt budsjett, men dette krev ekstraløyving og vil truleg få lite omfang.

7.2.2. RESTAURERING AV GAMALT KULTURLANDSKAP

Å restaurere gammalt kulturlandskap som er teke tilbake av naturen er svært arbeidskrevjande og kostbart. Restaurering vil difor svært sjeldan vere aktuelt, og det beste vil vere å la naturen gå sin gang.

7.2.3. URØRD NATUR - TILTAK FOR Å OPPRETTHALDE TILSTAND

Eit sentralt mål med forvaltninga av nasjonalparken er å halde på områda med urørd natur. Alle typar inngrep vil vere konfliktfylte i slike område.

Likevel kan stor ferdsle i eit område gjere det naudsynt med kanalisering ved hjelp av merking av stiar o.l. av omsyn til flora og fauna. Forvaltningsstyresmakta kjenner ikkje i dag til område der konfliktar mellom urørd natur og ferdsel er så store at det er aktuelt med ferdselsforbod eller avgrensing av ferdsel nokon stad i nasjonalparken.

7.2.4. RESTAURERING AV NATURLEG VEGETASJON

Naturområde som har vore utsett for uheldige inngrep bør i størst mogleg grad førast tilbake til naturleg tilstand. Det er få slike inngrep i nasjonalparken. I Brenndalen går siste biten (ca. 400m) av ein traktorveg inn i nasjonalparken. Traktorvegen er i ferd med å gro til, og truleg vil det beste vere at attgroinga held fram istaden for å gripe inn med restaureringstiltak som i tilfelle må gjerast ved hjelp av maskiner og dermed skape nye sår i terrenget.

Utanfor nasjonalparken er det dei seinare åra fleire stader bygd landbruksvegar som er plassert uheldig i landskapet. Store vegskjeringar som det er gjort lite for å bøte på, har gjeve skjemmande sår i landskapet som det vil ta tid før dei gror att. Dette gjeld m.a. i Bødalen og i Haugadalen. Framtidige landbruksvegar bør få betre terrengetilpassing og stell av sideterreng.

7.2.5. KULTURMINNE OG BYGNINGAR

Dei fleste kulturminna i Jostedalsbreområdet er knytta til stølsdrift. Dessutan finst andre kulturminne som gamle ferdsselsvegar, herbyrge/hellerar for ly mot uvær og til förlagring. Registreringa av kulturminne i området er truleg mangelfull. Verdfulle kulturminne i området må ikkje verte øydelagde av inngrep og slitasje, og dersom det er ønskjeleg, bli tekne vare på for ettertida. I dette arbeidet vil vi samarbeide med fylkeskultursjefen.

Handteringa av kulturminne kan variere frå sone til sone, då ikkje alle kulturminne skal restaurerast, men i staden få ligge i fred og gå til grunne gjennom naturleg aldring. Denne prosessen er interessant i seg sjølv. Det viktigaste er at kulturminne ikkje vert øydelagde av menneskelege inngrep og slitasje.

Forvaltningsstyresmakta kan ikkje stå for vedlikehald og restaurering av grunneigarane sine bygningar. Vi er difor avhengige av at eigarane sjølve tek vare på stølshus og fjøsar innafor og i randsonene til nasjonalparken. I samarbeid med fylkeskultursjefen vil vi bidra med kunnskap om byggeskikk og råd ved (om-)bygging og restaurering av stølshus og fjøsar innafor og utafor nasjonalparken. Evt. midlar til restaurering vert tildelt av fylkeskultursjefen. Der berre murane står att etter stølshusa, vil vi vurdere evt. søknader om oppføring av nytt stølshus etter samråd med fylkeskultursjefen og evt. Riksantikvaren. Det vil ikkje bli tillate bygging av nye stølshus på stølar der naturen har teke heilt over.

Den gamle ferdsselsvegen frå Sunndalen over til Rauddalen/ Skjåk inkludert herbyrga bør setjast i god stand. Nyare kulturminne som hellar mot ly t.d. på stølen Myrhaug i Supphelledalen og stein "trappa" opp til Skålåtårnet bør ivaretakast gjennom jammleg vedlikehald.

Retningslinjer:

Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.

Tiltak:

- samarbeide med Kulturlandskapsgruppa ved SFdh om registrering og ivaretaking av verdfulle kulturlandskap (inkl. stølar) i Jostedalsbreområdet (1994 -, kostnad ukjend)
- ta initiativ for å få sett gammal ferdsselsveg Sunndalen - Rauddalen i god stand (samarbeid med fylkeskultursjefen, DNT, Stryn og Skjåk kommunar, grunneigarar, 1995 -, kostnad ukjend)

7.3. BRUKARINTERESSER

Verneforskrifta for nasjonalparken (vedlegg 1) er det juridiske grunnlaget for handsaming av søknader om ulike tiltak i parken. I nasjonalparken er "**landskapet (er) verna mot alle tekniske inngrep**" (verneforskrifta pkt. IV, 1.1.). Saman med verneforskrifta vil soneinndelinga vere retningsgjevande for handsaming av brukarinteressene i ulike delar av nasjonalparken.

Vi vil presisere at når ulike tiltak som er nemnde nedanfor evt. kan tillatast etter søknad, t.d. merking av stiar, så er det normalt ikkje forvaltingstyresmakta si oppgåve å gjennomføre desse. I dei fleste høve må det kome eit initiativ frå dei som har interesse av tiltaket. Vår oppgåve er å planlegge utviklinga av parken og overvake denne. Forvalningsstyresmakta har eit overordna ansvar for at ueheldige tiltak vert unngått, og at naudsynte tiltak for å fremje verneføremålet vert sette i verk.

Alle tiltak både i og utafor nasjonalparken må normalt ha løyve frå grunneigar i tillegg til frå forvalningsstyresmakta (for unntak, jf. t.d. verneforskrifta pkt. V og friluftslova §35).

7.3.1. LANDBRUK

Verneforskrifta for nasjonalparken legg fleire avgrensingar på landbruket sin bruk av nasjonalparken. Utgangspunktet er at "vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydeleggjring som ikkje kjem av vanleg ferdslle og tradisjonell beiting i utmark" (pkt. IV, 2.1). Forbodet gjeld ikkje m.a. bruk av nedfalle virke til bål på staden, plukking av bær og matsopp og uttak av trevirke (plukkhogst) til brensel for hytter i nasjonalparken (pkt. IV, 2.2.).

Fleire grunneigarar har vedskogen sin innafor nasjonalparken. Verneforskrifta seier at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til "uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærmere avgrensa område" (pkt. IV, 2.3). Når det gjeld ønskje om **vedhogst** vil avgrensa hogst dei fleste stader i liten grad kome i konflikt med verneføremålet for nasjonalparken - fleire stader kan det vere positivt for å hindre attgroing. Dessutan vil det på mange måtar vere urimeleg om gardsbruk rett ved nasjonalparken må kjøpe ved. På denne bakgrunnen har vi ikkje innvendingar mot avgrensa vedhogst til eigen bruk følgjande stader der det var ønskje om dette under endeleg høyring: Styggeli ved Øystølen i Jostedalen, i Krundalen og i Langedalen i Veitastrond, nokre stader i Supphelledalen i Fjærland (ikkje ved stien til Flatbrehytta), Langedalen i Stardalen i Jølster, Melkevolldalen og Briksdalen i Oldedalen, og Erdalen i Stryn. Løyve til vedhogst til eigen bruk på desse stadene gjeldande for fleire år (t.d. 5 år) vil evt. verte gjeve etter søknad. Vilkåra for løyve vil vere knytt til omfang, korleis og når veden skal takast ut. Driftsformer som inneber varige inngrep, som t.d. bygging av traktorveg vil ikkje bli tillate, og ein må unngå hogst og utkøyring med traktor/ snøscooter til tider då det er mange turgåurar. Same vilkår vil gjelde for ved til hytter og stølar i nasjonalparken.

Beiting er tillate i nasjonalparken. Mest all beiting føregår på privat grunn fordi statsallmenningane ligg i høgfjellet med lite vegetasjon. Beiting er viktig for å halde kulturlandskapet ope. Rydding av beite og dyretrakk (beitesti) må ha dispensasjon frå verneforskrifta (pkt. IV, 2.3). Som med vedhogst, vil den ryddinga av beite og dyretrakk som det kom fram ønskje om under endeleg høyring, ofte kunne tillatast. Rydding skal skje manuelt eller mekanisk og ikkje kjemisk. Grunneigarar i Krundalen i Luster, Supphelledalen i Fjærland, Melkevolldalen og Brenndalen i Oldedalen, og Erdalen og Sunndalen i Oppstryn ga under endeleg høyring uttrykk for ønskje om beiterydding.

I områda med rikspolitiske reglar er hogst og beiterydding tillate.

Nydyrkning er eit inngrep som er forbode i nasjonalparken - i større omfang også i områda med rikspolitiske reglar. Område som grunneigarane tok opp som aktuelle for nydyrkning under endeleg høyring, har stort sett store verneverdiar, som t.d. på

Fåbergstølsgrandane i Jostedalen og Lonene i Befringsdalen. Dessutan inneber nydyrkning store inngrep i landskapet. Det vil difor ikkje verte tillate nydyrkning i verneområde. I Erdalen og Sunndalen i Stryn (område med rikspolitiske reglar) har departementet opna for ei avgrensa nydyrkning saman med bygging av traktorveg. Korleis dette skal gjennomførast dersom det vert aktuelt, saman med vilkår for tiltaka, må avgjerast når evt. søknad ligg føre.

Bruk av **kunstgjødsel** og kjemiske middel er ikkje tillate i nasjonalparken, og det vil ikkje verte gjeve dispensasjon for bruk av dette.

Oppsetjing av **beitegjerde** krev dispensasjon frå verneforskrifta. Grunneigarar i Brenndalen i Oldedalen og i Supphelledalen i Fjærland har teke opp dette. Beitegjerde under tregrensa i ytterkanten av nasjonalparken som ikkje stengjer for almen ferdsel (grind, trapp over gjerdet o.l.), vurderer vi som lite konfliktfyllt der det er lita ferdsel.

Fleire grunneigarar har teke opp ønskje om bygging av **gjetarhytte** i nasjonalparken. Slike hytter vil måtte leggjast spreidde i terrenget, og vil ikkje få løyve.

Behovet for bygging av **bruver og klopper** i beitesamanheng vil bli vurdert konkret når søknad ligg føre. Vurderinga vil vere avhengig av kor urørt det aktuelle området er frå før, tilhøvet til friluftsliv m.m.. Tiltaka vil berre vere aktuelle å tillate i brukssoner.

Grunneigarane i Supphelledalen har i fleire år teke ut grus på breelvsletta nedafor Nedre Supphellebre i Fjærland (utafor nasjonalparken). Vi vil oppmøde om at grusuttak i hovudsak ikkje skjer i den viktigaste turistsesongen. Evt. grusuttak bør då i tilfelle skje til dei tider på døgeret då turisttrafikken er liten, og maskiner og tilhengjarar bør ikkje bli ståande på breelvsletta gjennom turistsesongen.

Berre gjennom vedlikehald og istandsetjing av stølshus og fjøs vil gamalt bygningsmiljø leve vidare. Eksisterande bygningar kan haldast vedlike i tråd med tradisjonell byggeskikk, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast utan at det ligg føre dispensasjon frå verneforskrifta (verneforskrifta pkt. IV, 1.2 og 1.3). Det ligg i alt 9 stølar i nasjonalparken og 3 i områda med rikspolitiske reglar (sjå vedlegg 4) Av stølane i nasjonalparken er det berre 3 stølar med gode stølshus. I tilgrensande område ligg mange stølar. Også her er det etter vårt syn ønskjeleg at tradisjonell byggeskikk vert følgt. Vi vil så langt som råd bidra med råd om tradisjonell byggeskikk til dei som ønsker det, og samarbeide med fylkeskultursjefen om dette. Fossheimstølen i Jølster er ein støl som kan stå som føredøme på korleis dette kan gjerast.

Bygging av ny fellesfjøs i Bødalen treng ikkje kome i konflikt med verdiane i området, dersom fjøsen vert lagt utafor sjølve stølsområdet i tilknyting til eksisterande veg. I tråd med St.meldinga "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet", vil det ikkje bli gjeve dispensasjon for meir omfattande nydyrkning i området. Rydding av beite på elvesletta kring Bødalsetra treng ikkje vere konfliktfyllt, fordi området i dag tildels er prega av attgroing. Eit moderne kulturbalte vil etter vår oppfatning utgjere eit framandelement og difor vere uheldig.

Retningslinjer:

Landbrukstiltak som fremjer verneføremålet m.o.t. kulturlandskap vil få positiv handsaming.

Tiltak:

Ingen.

7.3.2. ELVEFORBYGGING

Elveforbygging o.l. er varige inngrep som er forbodne både etter verneforskrifta og dei rikspolitiske reglane. I tillegg ville slike tiltak krevje løyve etter §§ 104-105 i

vassdragslova. I Erdalen ønskjer grunneigarane å grave i elveløpet ovafor Sandane (eit breelvdelta) for å hindre at elva skiftar løp. Eit breelvdelta er kjenneteikna nettopp ved at det naturlege elveløpet endrar seg heile tida.

Graving i eit elveløp vil redusere/ øydeleggje naturverdiane i området. Det er difor ikkje aktuelt å opne for slike inngrep nokon stad i nasjonalparken eller i områda med riks-politiske reglar. Slik graving vil truleg også krevje løyve etter vassdragslova.

Flaumdempingsmagasinet i Vidunderdalsvatnet i Jølster nord for Grovabreen ligg på nasjonalparkgrensa og vart bygt før nasjonalparken vart oppretta. Det står difor ei særstilling, og i den grad naudsynt vedlikehald kjem inn i nasjonalparken, kan løyve pårekna.

Retningslinjer:

Ingen inngrep i vassdraga vil bli tillate.

Tiltak:

Ingen.

7.3.3. VASSKRAFTUTBYGGING

Vasskraftutbygging er ikkje tillate i nasjonalparken, men fleire kraftutbyggingar er aktuelle like inntil nasjonalparkgrensa. Slike kraftutbyggingsprosjekt vil kome i konflikt med naturvern- og friluftsinteressene i området. Omtale av aktuelle prosjekt høyrer difor med i forvaltningsplanen som lekk i å ta vare på nasjonalparken med tilgrensande område. Vedtak om utbygging vert evt. fatta av Regjering/Storting. Aktuelle utbyggingsprosjekt gjeld Kjøsnesfjorden og Fossheim kraftverk i Jølster, og utbygging av Stryne- og Loenvassdraga.

Sett frå naturvernet si side er det viktig at kraftutbygging etterlet seg minst mogleg spor når utbygginga er ferdig. Dette gjeld vegar, kraftlinjer, taubaner, dammar, heving og seinking av regulerte vatn m.m. Viktige tilkomststiar for brukarane av nasjonalparken må ikkje øydeleggjast eller nærmest verte overflødige og/eller lite attraktive som følgje av utbygginga. Eit døme på at dette kan skje, er stien opp Lundeskardet, som langt på veg er eit kulturminne og ei pionerrute til Jostedalsbreen. Denne vil bli overflødig dersom det vert bygd veg ved evt. utbygging av vasskraftprosjektet Kjøsnesfjorden.

Ved evt. kraftutbyggingar må det utførast omfattande landskapspleie etterpå, slik at terrenget i størst mogleg grad vert ført tilbake til naturleg tilstand når anleggsperioden er over, og evt. vegar må i størst mogleg grad slettast (subsidiært stengjast for ålmenn ferdsel) etter anleggsperioden.

Fleire tidlegare utbyggingsprosjekt er gått ut av Samla Plan for vassdrag som følge av opprettinga av nasjonalparken (prosjekt i Horpedal, Sogndalselvi, Kjøsnesfjorden II).

Retningslinjer:

Arbeide for at dei negative konsekvensane av evt. kraftutbygging i Jostedalsbreområdet vert minst mogleg, og at inngrepa vert minst mogleg skjemmande.

Tiltak:

Ingen.

7.3.4. VEGBYGGING

Det er forbod mot vegbygging i nasjonalparken og i områda med rikspolitiske reglar. Bygging av vegrer er store og varige inngrep som ikkje vil bli tillate. Unntaka er bygging av traktorveg på nærmere vilkår i Sunndalen og i Erdalen (område med rikspolitiske reglar) som det vart gjeve ei opning for i St.melding nr. 25 (1987-88) "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet", og ein enkel kjerreveg 1-2 km innover Krundalen i samband med utvikling av hesteskyss som reiselivstilbod som det vart opna for under slutthandsaminga av nasjonalparken. Dersom det vert aktuelt med bygging av desse vegrane, vil det bli stilt strenge krav til landskapstilpassing, utforming og opprydding.

Der bomvegen inn Bødalen sluttar (ved parkeringsplassen), kan det vere naudsynt å setje opp bom med lås slik at berre grunneigarane kan køyre vidare inn til stølsgrenda (gjeld køyring med traktor i samband med landbruksnæring).

I område som grensar til nasjonalparken, bør landbruksstyresmaktene, kommunane og grunneigarane vere restriktive med vegbygging. Landbruksvegar skal vere reelle landbruksvegar, og ikkje vegrer som i realiteten tener andre føremål, t.d. veg til stølshus som berre vert nytta til fritidsføremål. Bygging av landbruksveg skal også ha ein økonomisk nytteverdi som kan forsvarast i høve til naturinngrepet vegen representerer. Eventuelle vegrer i tilgrensande område bør leggjast slik at dei ikkje skjer av turstiar, og vegrane bør få god landskapstilpassing og stell av sidetereng for å gjere konflikten med innfallsportar og turstiar inn i Jostedalsbreområdet minst mogleg. Vi ønskjer å få til ei friviljug ordning med melding om bygging av alle landbruksvegar i Jostedalsbreområdet, parallel til ordninga for bygging av skogsvegar. Miljøvernavdelinga vil følgje opp dette ovafor kommunane og fylkeslandbrukskontoret. Det er mogleg at ei endring av jordlova vil gjere også alle jordbruksvegar må godkjennast av landbruksstyresmaktene før bygging.

Det bør i samarbeid mellom grunneigarane og kommunane opparbeidast parkeringsplassar der offentlege bilvegar inn mot Jostedalsbreområdet sluttar, slik det er gjort 1992/93 ved Greidung i Erdalen og ved Anestølen i Sogndalsdalen. I Krundalen vert det arbeidd med å finne ei løysing på parkeringsproblema etter initiativ frå grunneigarane. I Myklebustdalen i Gloppen der stien til Svartebotnen startar, er det også trond for ein parkeringsplass.

Retningslinjer:

Vegbygging i verneområda er forbode. Forvaltingsstyresmakta vil arbeide for at det vert bygd færrest mogleg vegrar i Jostedalsbreområdet.

Tiltak:

- ta opp med kommunane problemet med parkeringsplassar ved innfallsportar mot Jostedalsbreen (1993-)

- ta opp med kommunane og landbruksavdelinga hos fylkesmannen problemet med bygging av landbruksvegar i tilgrensande område til nasjonalparken og å etablere meldingsrutinar (mva., 1994)

7.3.5. TURLAGSHYTTER O.L.

Utanom private stølshus på stølane ligg ialt 26 hytter i Jostedalsbreområdet. Av desse ligg 13 i verneområde. 19 av dei 26 hyttene er opne, låst med DNT-nøkkel eller tilgjengelege ved førespurnad. Fleire andre overnattingsstader ligg i tilknyting til veg svært nær turområde og er mykje nytta av turfolk (sjå vedlegg 3.).

Alle turlagshytter og andre hytter opne for ålmenta i Jostedalsbreområdet ligg i brukssonene. Ingen hytter ligg inne på sjølve breplataet. Skålataånet (1840 moh, open), og Steinmannen (1635 moh, stengd for ålmenta) er dei hyttene som ligg høgast og

lengst inn mot breen. Redningshytta Kvannebakbu (1520 moh) står også open for ålmenta. Flatbrehytta, Trollevassbu, Jarbu, Flatsteinbu og Erdalsbrehytta (alle tilgjengelege for ålmenta) ligg alle nær sjølve breen, men ikkje så høgt over havet som dei 3 førstnemnde. Mange av turlagshytte (t.d. Bødalsetra og Vetledalsetra) ligg i stølsområde.

Sogn og Fjordane Turlag (SFT) har tidlegare uttalt seg mot (turlags-)hytter inne på sjølve breplatået og ønskjer at turlagshytter vert lokaliserte til stølsområde kring breen.

At breplatået er fri for hytter er ein føresetnad for å kunne halde på villmarkspreget som breplatået har i dag. Det er difor ikkje aktuelt å gje dispensasjon for bygging av turlagshytter og andre hytter på og like ved breplatået. Vi ser derimot positivt på at turlagshytter vert lokaliserte til stølsområde rundt breen, dersom dette fell inn i eit gjennomtenkt sti- og hyttenett.

Med 19 ålment tilgjengelege hytter i tillegg til andre overnattingssstader må ein kunne seie det er gode overnattingshøve i i Jostedalsbreområdet for tilreisande. I tillegg kjem private hytter i tilgrensande område og stølshus i og utafor nasjonalparken. Pr. i dag er det difor grunnlag for generelt å vere restriktiv m.o.t. bygging av nye hytter. Dette gjeld også jakt- og fiskelaga sine ønskje om jakt- og fiskebuer i stein på fjellet. Følgjande unntak frå ei slik restriktiv linje kan vere aktuelle å vurdere:

- ei hytte til eller utviding av eksisterande DNT-hytte på Bødalsetra. Denne bør i tilfelle plasserast i ei av dei to husrekjkjene på setra, og då helst i selrekka. Avhengig av utforming, treng dette ikkje vere konfliktfyllt.
- ei påtenkt utviding av Flatbrehytta i Fjærland på grunn av auka bruk. Vi vurderer ikkje dette som særleg konfliktfyllt.
- ei ny hytte i staden for Skridulaupbu dersom ytterlegare oppdemming av Rauddalsvatnet. Ei ny hytte vil bli ligggjande i dalkrysset til Tverrbotnen utanfor nasjonalparken. Vi vurderer dette som ikkje konfliktfyllt.

Mange brefolk ligg i telt på Bødalsetra på sjølve stølsvollen. Omfanget er så stort at det er eit problem både for grunneigarane sin bruk av stølshusa og i høve til DNT si hytte der, i tillegg til ivaretaking av kvalitetane i stølsmiljøet. Forvaltningsstyresmakta vil saman med og etter initiativ frå grunneigarane sjå på evt. etablering av ein enkel teltplass med toalett som også kan nyttast av dagsturistar nokre hundre meter frå stølsvollen. Toalettet har fått tilskot gjennom friluftslivmidlar i 1994.

Den Norske Turistforening (DNT) arbeider med å få til avtaler om sjølvbetjeningshytte på Sunndalsetra, (like utafor området med rikspolitiske reglar i Sunndalen), slik dei hadde for ein del år tilbake. Vi ser positivt på dette.

Avtala mellom DNT og grunneigarane om bruk av eit stølshus på Befringstølen vart oppsagt med verknad frå 1.1. 1992. DNT arbeider no i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag for ny avtale på Befringstølen om bruk av stølshus som turlagshytte. Vi ser positivt på dette.

Privat hyttebygging (fritidshytter) i nasjonalparken og i områda med rikspolitiske reglar vil ikkje bli tillate, med unntak av at grunneigar etter nærmare vurdering vil kunne få løyve til oppføring av stølshus/fritidshytte i stølsområde der naturen ikkje har teke over og dersom dette ikkje er konfliktfyllt, t.d. i høve til kulturminneverdier.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal vere i tradisjonell og lokal byggeskikk. (verneforskrifta pkt. 1.2 og 1.3). Det er fleire døme på bygg i Jostedalsbreområdet både innafør og utafor nasjonalparken som ikkje tilfredsstiller elementære krav til tradisjonell byggeskikk. Vi vil følgje opp dette ovafor kommunane og eigarane.

Forvaltningsstyresmakta vil nytte eksisterande hytter i Jostedalsbreområdet i samband med oppsyn og andre arbeidsoppgåver, slik at ein ikkje vil ha trong for å byggje eigne tilsynshytter i nasjonalparken.

Retningslinjer:

Ingen turlagshytter o.l. på breplatået og i soner med urørd natur. Turlagshytter bør plasserast i eksisterande stølsområde som ligg under breplatået. Bygging av private hytter vil i utgangspunktet ikkje bli tillate i nasjonalparken og i områda med rikspolitiske reglar. Alle nye hytter skal byggjast i tradisjonell og lokal byggeskikk.

Tiltak:

- ta initiativ ovafor kommunane når det gjeld å følgje opp krav om tradisjonell byggeskikk for stølshus o.l. (samarbeid med fylkeskultursjefen)

7.3.6. FRILUFTSLIV

Ferdsel

I tråd med norsk friluftslivtradisjon (jf. friluftslova) er det i følgje verneforskrifta fri ferdsel i nasjonalparken. All ferdslle og aktivitet både i og utofor nasjonalparken skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre. (friluftslova § 2 og verneforskrifta pkt. IV, 6).

Menneskeleg ferdsel kan kome i konflikt med naturvernomsyn, t.d. ved uroing av sjeldsynte dyr eller fuglar, eller ved stor vegetasjonsslitasje. Dette er problem som kan bøyst på anten ved "positive" (kanalising og tilrettelegging) eller "negative" (restriksjonar og forbod) tiltak. Naturvernlova § 22 gjev høve til å regulere ferdsla i nasjonalparkar dersom det er naudsynt. Sjølv om statistikkane om ferdsel i Jostedalsbreområdet er mangelfulle, synest det pr. i dag lite aktuelt med regulering av ferdsla, sjølv i dei mest vitja områda. Det er eit mål for forvaltningsstyresmakta å skaffe betre kunnskap om omfanget og utviklinga av ferdsla i området.

Å gje høve til utøving av enkelt friluftsliv er eit av føremåla med Jostedalsbreen nasjonalpark. Jostedalsbreområdet er i dag mykje brukt av fotturistar, skiløparar og brevandrarar, både tilreisande og folk lokalt, til dagstur eller lengre turar. Her finst også område som eignar seg for klatring. Dei seinare åra har særleg vårskiturar "breen på langs" (3-5 dagar) vorte populære. På dei store utfartshelgane i mai har det vore meir enn 120 telt i Ståleskardet ved Lodalskåpa.

Skiturar på breen, brevandring og klatring krev spesielle kunnskapar for at ferdsla skal vere trygg, og tilrettelegging er i desse samanhengane meiningslaust. Merking av stiar o.l. som leier folk inn i vanskeleg og farleg terren (t.d. på bre) vil vere uheldig, fordi det kan føre til at folk utan naudsint kunnskap og røynsle legg ut på turar dei ikkje har føresetnad eller utstyr for. Det skiftande veret er også ein risikofaktor. Konsekvensen vil kunne verte farlege situasjoner og ulukker. Ut frå kunnskapen vi har om ferdsla på breane i dag, synest tryggleiken i hovudsak god. Auka tilstrøyming av turistar og breane sin vekst vil kunne endre dette.




Fig. 7. Brevandring i blåis. Frå Nigardsbreen, Luster kommune

Dei som ønskjer å oppleve breplatået utan å ha naudsynt bakgrunn for dette, må/bør difor anten følgje ein av dei mange turlagsturane som vert arrangerte kvart år, eller leige seg førar gjennom Jostedalen Breførarlag, Stryn Bre- og Fjellførarlag eller eit av dei andre breførarlaga. Ein kan også skaffe seg naudsynt bakgrunn ved å gå brekurs. Turlagsverksemdu, naturguiding, turguiding, breføring, kurs m.m. er tillate dersom det ikkje stirr mot vernereglane (vernforskrifta pkt. IV, 6), og dei er positive tiltak ved at dei gjennom (natur-) oppleving både vil auke forståinga for verdiane i Jostedalsbreområdet og kunnskapen om trygg ferdsel på bre. Vi ser positivt på fellesbrosjyren over breførartilbod som Norsk Bremuseum har utarbeidd, og nasjonalparkenesta har gjeve tilskot til tiltaket både i 1993 og i 1994.

Forvalningsstyresmakta ønskjer å ha oversyn over kurs- og førartilbod i Jostedalsbreområdet og arbeider med dette.

Tilrettelegging for ferdsel

I brukssonene der det ikkje krevst spesialkunnskapar for trygg ferdsel, kan det leggjast til rette for at folk flest kan gå turar på eiga hand og oppleve den storslårte naturen i Jostedalsbreområdet. Slik tilrettelegging må ta strenge omsyn til naturkvalitetane i området, jf. St.melding nr. 40 (1986-87) der det heiter at "både i område for ekstensivt og intensivt friluftsliv bør dei aktuelle tilretteleggingstiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i områda i størst mogleg grad blir halde ved lag". Det er først og fremst dei mest brukte innfallsportane til nasjonalparken som bør tilretteleggjast, dessutan dei "klassiske" ferdselsrutene i området.

Forvalningsstyresmakta vil i liten grad stå for tilrettelegging, dvs. merking, varding og skilting. Det følgjande er ein gjennomgang av kva for linje vi, kommunane og grunneigarane bør følgje når lag, organisasjonar og kommunar ønskjer å tilretteleggje for ferdsel i Jostedalsbreområdet. Når det gjeld område som grenser til nasjonalparken, bør eventuell merking vurderast i samarbeid mellom kommunane, miljøvernnavdelinga, lokale turlag og nasjonalparktenesta. Soneinndelinga saman med Norsk Sti- og Løypeplan (del 1) bør leggjast til grunn for avgjelder om merking/ ikkje merking.

Merking av fotturruter (varding, T-merking)

Ein kan skilje mellom ulik grad av tilrettelegging for friluftsliv - umerkt sti, steinvarding og T-merking. Ulik grad av tilrettelegging er viktig både fordi dette gjev stor spennvidde i "naturtilbod", og for å gje variasjon i naturoppleving og vanskegrad for turgårarane. Det er eit mål å få til ei slik variert tilrettelegging i Jostedalsbreområdet i samsvar med soneinndelinga.

Direktoratet for naturforvaltning og Den Norske Turistforening sin standard for T-merking av stiar går ut på at vardane skal vise veg, medan T-ane (DNT og tilslutta turlag) eller ei raudmåla runding (kommunar og andre, 5-10cm i diameter) skal vere "signaturen" og dermed vise kven som har ansvar for merking av ruta (sjå DNT: "Merkeinstruks. Retningslinjer for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet"). I låglandet vert i praksis ofta berre merking med raudmåling brukta fordi det er vanskeleg å finne stein til vardar. All merking i Jostedalsbreområdet bør følgje DN/DNT-standarden, som er i samsvar med tilrådingane i Norsk Sti- og Løypeplan.

Vedlikehald av eksisterande stiar med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar kan halde fram, men forvalningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselet i einskilde område (verneforskrifta pkt. IV, 1.2). Merking av nye stiar og løyper og oppsetjing av skilt og vegvisarar må ha dispensasjon fra verneforskrifta. Det same gjeld bygging av bruer og klopper (pkt. IV, 1.3).

Det er etter vårt syn ikkje ønskjeleg at alle skilt og vegvisarar vert heilt einsarta i Jostedalsbreområdet, fordi dette vil gje eit standardisert inntrykk. Tvertom bør dei innafor visse generelle rammer vere noko ulike, noko som vil vere meir i samsvar med ein skal ta vare på oppdagargleda og mystikken i området. Vegvisarpiler bør vere i tre, maksimum storleik 50cm x 10cm, med diskret skrift, og plasserast ca. 1m over bakken. Andre vilkår til oppsetjing av vegvisarpiler bli vurdert ved kvar sak.

I Jostedalsbreområdet er det mange stader lagt ned eit stort arbeid lokalt med merking av stiar, bygging av klopper, bygging av opne hytter osv.. Dette er dugnadstradisjonar og gode initiativ det er viktig å ta vare på for ettertida. Stort sett er dette gjort på ein fin måte, i eit omfang og på stader der det er naturleg.

DNT og SFT har lagt til grunn at ein ikkje skal merke opp til breplatået for å unngå at folk som ikkje veit betre, "forvillar" seg inn på breen. Dei går inn for å varde forbi utsette/ vanskelege stader på umerkte stiar. Dette er synspunkt vi deler og som vil bli lagt til grunn i vurderinga av merking/ikkje merking.

Vedlagte kart viser kva for stiar forvalningsstyresmakta går inn for å merke. Dei fleste startar utanfor nasjonalparken. Andre stiar bør etter vårt syn framleis vere umerkte. Stiar som er varda og/eller merkte berre på vanskelege/ utsette stader, vert på kartet vist som umerkte stiar. Der merkte stiar startar bør det setjast opp skilt om kor stien går. Andre tilretteleggingstiltak som bygging av kloppar osv. vil vere aktuelle berre på merkte stiar. Merking av stiar må ha samtykke frå grunneigaren.

Gjennom arbeidet med Norsk Sti- og Løypeplan (del 1), som var på høyring vinteren 1991, har ein fått ei nasjonal tilråding over område og fotturruter som bør merkast og ikkje merkast. I forvalningsplanen har vi i stor grad søkt å følgje tilrådingane i Norsk Sti- og Løypeplan.

Forvaltningsstyresmakta tilrår at stiar til opne (turlags-)hytter i området og som gjerne er (delar av) dei mest brukte oppgangane til breen kan merkast. Dessutan bør dei klassiske fjellovergangane i nærlieken av breen vere merkte, som t.d. stiane over Oldeskardet og Supphelleskardet. Det same gjeld dei kjende turiststiane inn til breen (Kjenndalsbreen, Bødalsbreen, Nigardsbreen m.fl.). Følgjande er ei oversikt over stiar og fotturruter i Jostedalsbreområdet som forvaltningsstyresmakta meiner det er aktuelt å gje løyve til merking og/eller varding (sjå også vedlagte kart):

T-MERKTE STIAR

Varding med raudmåling som signatur. Skilt ved startstad. I parentes: stoda i dag

Oppland

Slæom - Skridulaupbu (delvis merkt)
 Sota - Slæom - Styggevasshytta (delvis merkt)
 Sota - Styggevasshytta (merking utført)
 Styggevasshytta - Sprongdalshytta (merking utført)

Luster

Gjerde - Hauganosi - Nigard (delvis merkt)
 inn Krundalen (Bergset - Bergsetbreen) (merking utført, fareskilt)
 Krundalen - Røykjedalstølen (delvis merkt ?)
 inn til Austerdalsbreen (merking utført, fareskilt er sett opp)
 inn Langedalen (delvis merkt)
 Veitastrond - Supphelleskardet - Fjærland (delvis merkt)

Sogndal

Sogndalsdalen - Berge/Horpedalen i Fjærland (delvis merkt)

Balestrand

Øygard - Flatbrehytta (delvis merkt)

Jølster

Lunde - Lundeskardet - Trollevassbu (merking utført)
 Dvergsdalsstølen - Fagredalen - Salsegga - Dvergsdalstølen (merking manglar)
 Befring - Befringstølen - Strupen - Langedalen (merking utført, men manglar til Langedalen)
 Befringstølen - Fossheimsdalen - Fossheim (merking manglar)
 Høyset - Haugastølen - Oldeskardet - Oldedalen (merking utført)
 Haugastølen - Haugabreen (varda)

Gloppe

Sanddal - Svartebotnen (merking planlagt)
 Utvikfjellet - Svartebotnen (merking utført)

Stryn

inn til Briksdalsbreen (merking utført, fareskilt er sett opp)
 Brenndalen (rundtur(?), delvis merkt (?))
 Kvamme - Flatsteinbu i Oldedalen (delvis merkt)
 inn til Kjenndalsbreen (delvis merkt, fareskilt)
 Bødalsetra - Bødalsbreen (merking utført, fareskilt)

Tjugen - Tjugensetra - Skålatårnet (merking utført)
 Sunndalen - Skridulaupbu (delvis merkt)

VARDA STIAR

Berre varding (av stein, utan raudmåling, ingen skilt) av stiar er eit mindre inngrep enn merking. Følgjande stader kan det vere aktuelt med varding, særleg forbi vanskelege stader:

Luster

inn til Fåbergstølsbreen
 Bergset - Hauganosi
 Tungestølen - Røysadalen
 Austerdalsbreen - Kviststeinsvarden
 Langedalen - Midtnovi - Tungestølen - Skyttarpiggen

Balestrand

Bøyadalen - Kvitevardane/ Marabreen
 Mundal - Gretta
 Vetlefjord/Nystølskardet - Gottopphesten - Jostefonn

Jølster

Dvergsdalstølen - Grovabreen
 Trollevassbu - Marabreen
 Strupen - Kvannebakbu
 Fonn - Gallen

Gloppen

Myklebuststølen - Myklebustbreen (retning Snønipa)
 Svartebotnen - Steinheia

Stryn

Briksdalen - Kattenakken
 Bødalsetra - Vetlenibba (stien bør leggjast om pga. fare for isras)
 Bødalsetra - Brattbakken
 Vetledalsetra - Erdalsbreen
 Vetledalsetra - Vetledalsbreen
 Sunndalsetra - Sygneskard

Fleire av dei nemnde rutene er varda i dag.

UMERKTE OG IKKJE VARDA STIAR

Følgjande stiar vert meir eller mindre nytta, men bør framleis vere utan merking og varding:

Luster

Fåbergstølen - Lodalsbreen
 Røykjedalstølen - Jostedalsbreen
 Eldedalen - Steindalsbreen

Sogndal

Anestølen - Tverrdalsvatnet
Balestrand

Horpedalen - Steindalsbreen - Eldedalen

Førde

Grønengsdalen

Stryn

Ruteflottalen
Fosdalen - Fosnes

Sikringstiltak

Sikringstiltak representerer varige inngrep i landskapet, og ein bør vere restriktiv med slike inngrep som må ha dispensasjon frå verneforskrifta. Retten til fri ferdsel i utmark føreset at denne ferdsla skjer på eiga ansvar. Likevel er det nokre sikringstiltak som peiker seg ut, og nokre stader som peiker seg ut m.o.t. til sikringstiltak. Ein varde for å markere utgang frå breen på vanskelege og mykje nytta ruter som t.d. Kvitsteinsvarden på veg ned til Austerdalsbreen er eit slikt tiltak. Det same gjeld boltar og streng på den same ruta opp mot Kvitsteinsvarden. Alle framlegg til sikringstiltak vil bli vurdert konkret m.o.t. nytten i høvet til omfanget av inngrepet.

Kvisting og oppkøyring av skiløyper

Det har ikkje vore kvisting av skiruter i Jostedalsbreområdet utanom på Utvikfjellet og på Tystigbreen (om sommaren). Kvisting av skiruter i nasjonalparken er ikkje ønskjeleg, både fordi det truleg vil krevje motorisert utkøyring av kvist, og fordi store snømengder og mykje uvær gjev stor snørasfare der tilhøva og utsette rasstader stadig skiftar gjennom vinteren. I tillegg vil årlege og sesongmessige variasjonar i snømengde gjere ulike sprekkområde på breen utrygge til ulike tider. Kvisting kan såleis på fleire måtar gje falsk tryggleik. Det vil ikkje bli gjeve løyve til dette.

Oppkøyring av preparert skiløype i nasjonalparken er i strid både med målet om å ta vare på området i naturleg tilstand og om å redusere motorferdsela i nasjonalparken til eit minimum. Det vil difor ikkje bli gjeve løyve til dette.

Riding og terrengsykling

Korkje riding eller terrengsykling er omtala i verneforskrifta. Både delar kan i stort omfang gje stor slitasje på vegetasjonen. Så lenge desse aktivitetane ikkje er noko problem i nasjonalparken, er det ikkje grunn til å regulere slik ferdsel. Dersom det vert sett i gong organiserte tilbod, bør tiltaka før igangsetjing drøftast med forvaltningsstyresmakta for å unngå sårbare område og konflikt med fotturistar.

"Gloppen-Eventyret" arrangerer rideturar for turistar inn i Svarterbotnen. Denne aktiviteten må ta omsyn til dei store kvartærgeologiske verdiane i området.

Nye friluftslivaktivitetar

Dei siste åra har ei rekke nye uteaktivitetar dukka opp i Norge og internasjonalt, t.d. paragliding, fallskjermhopping, terrengsykling, hanggliding og fosserenning. Vi vil vurdere om slike aktivitetar kjem i konflikt med vernereglane og verneføremålet etter kvart. Hanggliding og paragliding kan tenkjast å kome i konflikt med dyreliv, særleg gjennom uroing av hekkande rovfugl.

Retningslinjer:

Det er i tråd med norsk friluftslivtradisjon (jf. friluftslova) fri ferdsel i nasjonalparken. Soneinndelinga (sjå kap. 6) skal følgjast m.o.t. tilrettelegging. og det skal vere ulik grad av tilrettelegging (inga merking vs. merkte stiar) i nasjonalparken. Tilretteleggjringa skal gje betre grunnlag for trygg ferdsel i området. Merkinga skal følge DN/ DNT-standard. Skiløyper skal ikkje kvistast eller køyраст opp.

Tiltak:

- halde oversikt over organisert ferdsel
- sjå til at merking av stiar skjer etter oversikt i forvaltningsplanen og nasjonale retningslinjer
- kome med innspel til miljøvernavdelinga ved søknad om friluftsmidlar i Jostedalsbreområdet.
- skaffe oversikt over farlege stader langs mykle brukte (særleg merkte) stiar og gjennomføre naudsynte tiltak (registrering 1994 og 95, utføring 1995 og 96, kostnad ukjend)
- følgje med i utviklinga av nye ferdels- og aktivitetsformer i området

7.3.7. JAKT OG FISKE

Jakt og fiske er tillate i nasjonalparken i samsvar med viltlova og lov om lakse- og innlandsfiske. Innføring av nye dyrearter, fiskeartar eller næringsdyr for fisk er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 3.1).

Mest all jakt i parken skjer på privat grunn. Viktigast er hjortejakta. Når/dersom det vert oppretta fjellstyre for statsallmenningane i nasjonalparken, vil desse administrere jakt- og fiskerettane (jf. fjellova). Sal av jakt- og fiskekort vil truleg gje små inntekter fordi det er få jakt- og fiskeinteresser i desse høgtliggjande og karrige statsallmenningane.

Avgjerd om evt. felling av rovvilt som gjer stor skade, vil bli tekne av fylkesmannen.

Fiskeinteressene i verneområdet er små. Det er av omsyn til å ta vare på det naturlege biologiske mangfaldet, ikkje ønskjeleg at det vert utsett fisk i vatna i verneområdet som i dag er utan fisk. Alle søknader om fiskekultiveringsarbeid vil bli avgjort av fylkesmannen (verneforskrifta pkt. IV, 3.2).

Retningslinjer:

Jakt- og fiske kan føregå i samsvar med viltlova og lov om lakse- og innlandsfiske.

Tiltak:

Ingen.

7.3.8. AVFALL

Ureining og forsøpling er forbode i nasjonalparken, og alt avfall skal takast med ut av området (verneforskrifta pkt. IV, 5.1). Unntaket er avfall frå hytter i området, som kan brennast etter løyve frå forvaltningsstyresmakta.

Likevel tilseier den store mengda med turistar og friluftsfolk at det kan bli ein del avfall i området. Dei stadene ein finn mest søppel er ved dei viktigaste innfallsportane og i områda der ferdsla er størst oppå breplataet. På breplataet er Ståleskardet under Lodalskåpa og Høgste Breakulen mest utsette for forsøpling. På førstnemnde stad har det vore meir enn 120 telt same natt (våren 1992) under høgsesongen for vårskiturar. Vi vil vurdere situasjonen i Ståleskardet og dei andre vanlegaste overnattingstadene fortløpende. I Ståleskardet kan det vise seg naudsynt å setje opp toalett i stein som vert tømt ein gong for året. På grunn av deira mangeårige bruk av området, bør Bregruppa i DNT ta ansvar for ei opprydding her. Ut frå stoda sept. 1992, er det mykje som tyder på at toalettpapir og søppel er eit større problem enn ekskrement i Ståleskardet. Nasjonalparkforvaltaren har gått ut med informasjon om problema om avfall på breplataet før kvar vårsesong, og tilhøva var ein god del betre i 1993 og 1994. Denne informasjonen vil halde fram.

Dersom protozoen (eit ein-cella dyr) **giardia lamblia protozoan** skulle dukke opp også her i Norge, vil desse spørsmåla måtte vurderast på nytt. Dette mikroskopiske dyret fører til alvorleg diaré og langvarig sjukdom, og vert overført med ekskrement spesielt i vatn. Sjukdommen kallast "giardia". I Nord-Amerika er det no naudsynt å koke drikkevatnet sjølv langt uti villmarka for å unngå han. Så langt vi kjenner til, er giardia ikkje registrert i norsk natur. Dersom han kjem hit til landet, kan det verte naudsynt med påbod om at alle ekskrement må berast ut av nasjonalparken (sjå elles litteraturlista, K. Meyer: "How to shit in the woods").

Ved turiststadene med stor turisttilstrøyming (Briksdalsbreen, Nigardsbreen osv.) har turistbedriftene og kommunen eit juridisk ansvar (etter forureiningslova § 35) for opprydding og for at naturen ikkje vert utskjemt av søppel, både i og utafor nasjonalparken. Sidan turistbedriftene tener på tilstrøyminga av folk, har dei også eit moralsk ansvar, og det er naturleg at dei står for opprydding. Til vanleg vil dette truleg ikkje vere eit problem, då turismen på mange måtar lever av rein natur.

Vi meiner utsetjing av søppelkassar o.l. i naturen ikkje er ei god løysing i høve til søppel i nasjonalparken, også der det ferdast relativt mykje folk. Ofte fører slike søppelkassar til opphoping av søppel med tilhøyrande tilgrising, og det er dessutan ei kostnadskrevjande løysing som ofte vil krevje motorferdsel i samband med tømming. I tillegg er det ei løysing som står i motsetnad til det viktige haldningsskapande arbeidet som må gjerast med å få folk til å ta med seg alt avfall heim att.

Det er trøng for toalett på dei mest vitja turiststadene kring breen. Toalett ved parkeringsplassane ved Nigardsbreen og i Kjenndalen vart ferdigbygd i 1993. Arbeidet med bygging av toalett ved hesteskyplassen i Briksdalen starta hausten 1993. Fylkesmannen har løyvt friluftslivmidlar til bygging av toalett på Bødalsetra i 1994. Forvalningsstyresmakta vil ved søknad vurdere å gje tilskot til toalett på dei mest vitja turiststadene.

Det er ønskjeleg at "gammaldasser" på stølane står opne slik at fotturistar kan nytte desse i staden for å gjere frå seg i terrenget.

Ein del stader, m.a. i Vetledalen i Stryn og ved Austerdalsbreen i Veitastrond ligg ein del søppel att etter undersøkingane i samband med kraftutbyggingsplanane på 60- og 70-talet. Nasjonalparktenesta vil ta initiativ til opprydding dei aktuelle stadene og samarbeide med NVE, som har lovt å følgje opp dette arbeidet.

Retningslinjer:

Minst mogleg avfall og forsøpling i nasjonalparken og i Jostedalsbreområdet.

Tiltak:

- ta initiativ ovafor Bregruppa til opprydding i Ståleskardet (og evt. andre stader) etter behov (anna kvart år?), første gong sommaren 1993. Helikopter (?), kostnad pr.gong kr. 15000,-(?)
- evt. gje tilskot til toalett på dei mest vitja turiststadene kring breen
- ta initiativ til opprydding etter undersøkingar i samband med kraftutbyggingsplanar (kostnad ukjend, 1994-)

7.3.9. MOTORFERDSEL

Motorisert ferdsel gjeld kjøring med traktor, (terreng-)bil, (terreng-)motorsykkel, snøscooter, motorbåt, fly og helikopter. I nasjonalparken er "*motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, (er) forbode*" (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er nokre unntak frå dette forbodet.

Naturen sine eigne lydar, "stillehet" og fråver av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum. Sett frå forvaltingsstyresmakta si side, er det også eit mål at naturområde inntil parken har lite motorferdsel.

Lov om motorferdsel i utmark regulerer slik motorferdsel generelt, både i og utafor naturvernområde. Lova sitt utgangspunkt er at all motorferdsel i utmark er forbode, men det finst òg nokre føremål som tillet motorferdsel i utmark, og dessutan heimler for å tillate motorferdsel i utmark for visse føremål. Verneforskrifta for nasjonalparken har strengare reglar enn lov om motorferdsel i utmark. Ulovleg motorferdsel i nasjonalparken vil bli meldt til politiet.

I ei nasjonal forskrift av 14.03.1988 til lov om motorferdsel i utmark heiter det at "det er ikke adgang til å legge ut til landingsplasser fjelltopper, utsiktspunkter, breer og andre liknende steder, som bare har interesse i forbindelse med helikopterskiing, for kortvarig opphold, som utgangspunkt for dagsturer, eller for liknende formål". I verneforskrifta er det presisert at "som landing reknast det og når eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta" (pkt. IV, 4.1). Verneforskrifta inneholder også forbod mot lågtflyging mindre enn 300 m over bakken med mindre akutte værtihøve gjer det naudsynt å gå lågare av omsyn til tryggleiken (pkt. IV, 4.1).

Motorisert ferdsel i utmark kan vere naudsynt både i og utanfor nasjonalparken. Verneforskrifta for nasjonalparken tillet motorferdsle i samband med politi-, ambulanse og redningsteneste, forvaltning og tilsyn m.m.. med heimel i lov, og ved militær operativ verksemnd (verneforskrifta pkt. IV, 4.2). Det skal gjevast skriftleg melding til forvaltingsstyresmakta etter at motorferdsel i samsvar med pkt. IV, 4.2 har funne stad. Motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst, transport av materialar og utstyr til hytter o.l. og i samband med vitskaplege granskningar kan få dispensasjon (verneforskrifta pkt. IV, 4.3).

Sjølv om forvaltingsstyresmakta evt. gjev løyve til motorferdsel, må løyve også innhentast frå grunneigaren og frå kommunen. **Grunneigaren kan nekte motorferdsel på sin eigedom.** I statsallmenningane der Statskog er grunneigar, vert løyve gjeve samstundes med eventuell dispensasjon frå forvaltingsstyresmakta. Utafor nasjonalparken er det kommunen og grunneigaren som gjev løyve til motorferdsel. Det er truleg behov for eit informasjons- og diskusjonsmøte med kommunane om handhevinga av lova i og utafor nasjonalparken.

Der verneforskrifta opnar for dispensasjon, vil det alltid vere rom for eit visst skjønn, og uansett må transportbehovet alltid vurderast konkret. Av omsyn til naturen og føremålet med nasjonalparken må utgangspunktet vere ein streng dispensasjonspraksis. I verneforskrifta heiter det soleis at "før eventuelt løyve vert gjeve, skal trøngen for

transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast" (verneforskrifta pkt. IV, 4.3). Det skal elles alltid gjevast skriftleg melding til forvaltningsstyresmakta etter at motorferdsel i verneområdet har funne stad.

Også nasjonalparktenesta bør og vil leggje opp til å nytte motorisert ferdsel minst mogleg.

Dersom det vert gjeve løyve for motorferdsel, vil det til vanleg vere eit løyve som gjeld for eit avgrensa tidsrom (t.d. 1-2 veker), fordi gjennomføringa som oftast er vèravhengig. Når det vert gjeve dispensasjon for motorferdsel i nasjonalparken, vil det alltid bli stilt nokre vilkår som har som føremål å avgrense omfanget og skadeverknadene av motorferdsel. Slike vilkår kan gjelde at motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt, at den ikkje skjer i helgene (laurdag og sundag), og at det vert gjeve skriftleg tilbakemelding etter at motorferdsel har funne stad.

Følgjande kan gje ein peikepinn om korleis forvaltningsstyresmakta vil handsama søknader om dispensasjon for motorferdsel:

- a)** Det vil vere vanskelegare å få dispensasjon til dei tider og i dei område der det er mange som ferdast i nasjonalparken.
- b)** Transportbehov må samordnast. Det vil t.d. vere vanskeleg å få dispensasjon kort tid etter at annan motorisert ferdsel har funne stad i same området.
- c)** Dispensasjon for barmarkkjøring vil i utgangspunktet **ikkje** bli gjeve.
- d)** Motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av opne (turlags-)hytter skal kunne halde fram som før. Av hytter i nasjonalparken er drifta av Flatbrehytta (sjølvbetjent) og Skålåtårnet (sjølvbetjent) så omfattande at det er aktuelt å gje løyve for fleire år om gongen for eit fast antall helikopterturar.

(Vetledalsseter og Bødalseter (både sjølvbetjente hytter i DNT-regi ligg i område med rikspolitiske reglar. Her er det ikkje nasjonalparkforvaltninga, men kommunane som er styresmakt for motorisert ferdsel.)

- e)** For private hytter som verte brukte privat eller til uteleige, vil det verte følgje ein restriktiv dispensasjonpraksis m.o.t. motorisert ferdsel for frakt av mat, ved o.l.. Løyve for naudsynt frakt av material til vedlikehald vil det til vanleg ikkje vere vanskeleg å få.
- f)** Transportbehov i landbruket vil verte vurdert konkret. Utkjøring av saltsteinar o.l. må samordnast mellom grunneigarane før evt. løyve vil bli gjeve. Frakt av skadde dyr kan rekne med positiv og rask handsaming. Frakt av material til vedlikehald av stølar vil i utgangspunktet få positiv handsaming.

Det vanlege er at snøscooter, traktor eller hest vert nytta til utkjøring av ved. Utkjøring med hest slik det skjer i Langedalen i Jølster er tillate. Utkjøringa av ved bør skje mest mogleg sporlaust. Etter utkjøring med hest, vurderer vi snøscooter som det nest gunstigaste. Kjøring med traktor i elveleiet om hausten gjev også tilnærma sporlaus ferdsel. Kjøring med traktor på barmark vil vanskeleg få løyve.

- g)** Det er høve til å gje dispensasjon for motorisert ferdsel i samband med forsking og vitskapleg arbeid. T.d. har NVE eit transportbehov for forskinga som er drive frå stasjonen på Steinmannen. Også transportbehov i samband med forsking må dokumenterast. Når faste, årlege transportbehov er dokumenterte, vil det vere aktuelt med fleirårige dispensasjonar. Omfanget skal vurderast i høve til nytten, både for nasjonalparken og generell samfunnsnytte.

h) Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. VI) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysingafilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.

i) Å vere funksjonshemma, sjuk eller gammal er i seg sjølv **ikkje** god nok grunn til å få dispensasjon for motorferdsel. Vi vil vere svært restriktive ved handsaminga av denne typar søknader. Det er m.a. mange andre stader ein kan nå attraktive høgfjellsområde (også i rimeleg nærleik) med bil. Heller ikkje etter lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter er det høve til å gje slike løyve.

j) Landing og lågtflyging av turistar i nasjonalparken er forbode, og dispensasjon for dette vil ikkje verte gjeve. Det er heller ikkje høve til å gje dispensasjon for landing etter Lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter.

k) Motorferdsel i samband med forvaltning, tilsyn, skjøtsel og sikringsarbeide med heimel i lov er etter verneforskrifta (pkt.IV, 4.2) tillate i nasjonalparken. Dette vil berre vere aktuelt ved heilt spesielle arbeidsoppgåver, som t.d. fjerning av avfall frå utligjengelege stader. Forvaltningssapparatet vil basere seg på minst mogleg bruk av motorisert ferdsel.

l) Øvingskjøring i samband med politi-, ambulanse- og redningsteneste, forvaltning- og tilsynsoppgåver, og militær verksemder er ikkje tillate i følgje verneforskrifta. Det er ikkje heimel i verneforskrifta for å tillate slik øvingskjøring innafor nasjonalparken. Slike øvingar må leggjast til andre (fjell-)område. Eit unntak nemnt i verneforskrifta, er motorferdsel i samband med øving i redning frå bresprekk. Dette er naudsynt for å oppretthalde ei kvalifisert alpin redningsgruppe i Jostedalsbreområdet, då det er få eigna område for øving utafor nasjonalparken.

m) Det vil vere vanskelegare å få løyve til motorferdsel i sone utan tilrettelegging og inngrep enn i brukssone.

Retningslinjer:

Minst mogleg motorisert ferdsel i nasjonalparken og i tilgrensande område.

Tiltak:

- ulovleg motorferdsel i nasjonalparken vil bli meldt til politiet

- ta initiativ til eit informasjons- og diskusjonsmøte med kommunane om praktiseringa av Lov om motorferdsel i utmark i Jostedalsbreområdet (mva., 1994)

7.3.10. REISELIV

Gjennom nasjonalt sastingsområde i reiseliv "Fjordane under Breheimen" er Jostedalsbreen i enno større grad enn tidlegare sett på kartet som turistmål. Bre er spesielt i seg sjølv, og Jostedalsbreområdet sine opplevingskvalitetar ligg m.a. i store kontrastar frå fjord og dal til fjell og bre. Kvalitetane heng og saman med at området utgjer eit stort og samanhengjande område med urørd natur og her er mange kulturminne i eit variert kulturlandskap, særleg i randsonene. Dei fleste turistane kjem i kontakt med ytterkanten av Jostedalsbreområdet, t.d. i Briksdalen, ved Nigardsbreen og i Bøyadalen. Briksdalen i Stryn med over 200 000 turistar i året er mellom dei 15 mest vitja turiststadene i Norge. Dei 3 naturinformasjonssentra kring Jostedalsbreen (Jostedalsbreen nasjonalparkssenter i Stryn, Norsk Bremuseum i Fjærland og Breheimssenteret i Jostedalen) er alle attraktive turistmål og gjev turistane auka kunnskap og informasjon om Jostedalsbreområdet. Opprettinga av nasjonalparken vil i

seg sjølv føre til at området vert meir kjent. Turisttilstrøyminga vil truleg auke i åra som kjem, og auken vil truleg kome på dei stadene som vert marknadsførde.

Reiselivet sjølv reknar med at det er opplevings- og aktivitetsturismen med formidling av natur- og kulturkunnskap som vil auke mest i framtida. For dei fleste turistane er truleg det viktigaste å ha vitja nasjonalparken og opplevd breen på avstand. Vissa om at det er villmark i kjerneområda, gjer opplevinga større. Også for reiselivet må det difor vere verdfullt å halde kjernen av Jostedalsbreområdet som urørd natur. Det er sjølvsagt uråd både å byggje ut reiselivanlegg og samstundes ta vare på området som villmark utan inngrep. Å ta vare på naturkvalitetane for framtida vil vere eit **berekraftig** og framtidsretta reiseliv, i tråd med Brundtlandkommisjonen sine tilrådingar. Ein må likevel leggje tilhøva til rette for turistar på dei viktigaste turiststadene i ytterkanten av nasjonalparken, både når det gjelder informasjon, merking, parkering osv.. Dette er mange stader gjort på ein fin måte. Kommunane bør samarbeide med grunneigarane om å lage til parkeringsplassar ved innfallsportane til nasjonalparken som t.d. i Sunndalen og i Stryn, Stardalen i Jølster, Krundalen i Luster m.fl.. Fleire stader er tilhøva gode, m.a. ved Anestølen i Sogndal og Erdalen i Stryn.

Det vil ikkje i nasjonalparken vere aktuelt å opne for reiselivstiltak som gondolbane og skisenter, veg til brekanten og turistflyging inn på breen, fordi dette er tiltak som står i motsetnad til føremålet om å ta vare på området som urørd natur. Det er heller ikkje høve til å gje dispensasjon for slike tiltak i verneforskrifta.

I stor grad kjem turistane for å oppleve og kome nær inn til breen. Ei enkel tilrettelegging for dette er gjennomførd på dei mest vitja stadene, og er til no i liten konflikt med verneverdiane desse stadene. Å gå oppunder breen kan mange stader vere farleg på grunn av utrasing. Dei fleste turistane har ikkje kunnskap om faren ved å gå for nær inn til breen, t.d. innunder breportar. Sjølv om dei som ferdist i utmark har ansvar for si eiga tryggleik, må det i område der mange turistar kjem nær breen setjast opp skilt med åtvaring. Primært meiner vi dette er eit ansvar for den nærestliggjande reiselivsbedrift, der tilbodet vert marknadsført som eit reiselivstilbod. Vi vil likevel hjelpe til med dette, og tok difor teke initiativ til ein ny utgåve av "brefareplakaten" som var ferdig våren 1993 og sett opp ved dei mest vitja breamane.

Følgjande stader med mykje turisttrafikk bør det etter vårt syn stå fareskilt foran breen:

- ved Nigardsbreen i Jostedalen, Luster
- ved Bergsetbreen i Jostedalen, Luster
- ved Austerdalsbreen i Veitastrand, Luster
- ved Supphellebreen i Fjærland, Balestrand
- ved Bøyabreen i Fjærland, Balestrand
- ved Haugabreen i Stardalen, Jølster (nærmore vurdering)
- ved Briksdalsbreen i Oldedalen, Stryn
- ved Kjenndalsbreen i Lodalen, Stryn
- ved Bødalsbreen i Lodalen, Stryn

Generelt er informasjonstavler, merking av stiar, natur- og kulturstiar osv. av interesse for reiselivet. Både kultur- og reiselivsinteressene i kommunane i Jostedalsbreområdet arbeider med dette. Etter vårt syn er det viktig at slike tiltak utgjer minst mogleg inngrep i naturen, og at dei difor vert samla ved knutepunkt som t.d. parkeringsplassar.

Oversikt over viktige turiststader i Jostedalsbreområdet

Tystigen/ Strynefjellet

Strynefjellet sommarskisenter på Tystigen/ Strynefjellet (utafor nasjonalparken) vil i framtida vere eit viktig utbygd turistområde i nærleiken av nasjonalparken. Prosjektet "Fjordane under Breheimen" gjer framlegg om bygging av taubane til fjellet Nuken.

Oppstryn

Naturinformasjonssenteret Jostedalsbreen nasjonalparksenter vart opna 19. juni 1993, og står på Fosnes ved Oppstrynsvatnet (sjå kap. 7.3.11.). Utstillingar, film, natur- og kulturstiar og breføring inngår som ein del av tilbodet ved senteret.

Bødalens

Området har stor tilstrøyming av fotturistar. Med nybygd veg som sluttar 500 m frå Bødalsseter, må ein rekne med auka tilstrøyming i framtida. Grunneigarane har utarbeidd ein privat reguleringsplan der det m.a. er planlagt teltplass med toalett og søppelstativ og ny DNT-hytte. Ein eigen teltplass vil truleg betre organiseringa av telting i området, og ein vil kunne få orden på søppel- og sanitærtihøva. Arbeidet med å få orden på tihøva på Bødalsetra vil vi følgje opp i samarbeid med grunneigarane. Ei evt. utviding av turisthytta på Bødalsetra bør i tilfelle kome ved bygging av ein ny hytte, som vert plassert i ei av dei to husrekjkjene på setra, og då helst i selrekka. Vegen opp Bødalen bør stengjast med bom ved parkeringsplassen.

Mange turistar går den merkte stien inn til Bødalsbreen. Her står det skilt med åtvaring mot å gå for nær breen.

Kjenndalen, Stryn

Det går turistbåt på Lovatnet om sommaren. Kiosk/kafè i Kjenndalen er bygd opp att i 1990. Det går bilveg (og bussrute i samkøyring med turistbåt) inn til nasjonalparkgrensa, og herifrå merkt sti inn mot Kjenndalsbreen, der fareskilt er oppsett.

Merkinga av stien innover mot Kjenndalsbreen bør opprustast til DNT- standard. Kjenndalen toler større turisttrafikk dersom denne vert kanalisert til turistbåten, buss frå kaféen/ brygga til eksisterande parkeringsplass, og vidare vandring langs den merkte stien mot breen. Dette vil ikkje vere i konflikt med den verneverdige flaummarkskogen langs elva. Det er viktig å halde på det relativt lite tilrettelagde preget som Kjenndalen har, og utviklinga av turisme her bør etter vårt syn ta omsyn til dette.

Det vart bygd toalett ved parkeringsplassen i Kjenndalen sommaren 1993.

Briksdalen, Stryn

Med meir enn 200 000 turistar i året er Briksdalen mellom dei 15 mest vitja turiststadene i landet, og tilstrøyminga kan i høgsesongen vere i ferd med å nå metningspunktet for kva det er plass til av menneske på dei tilrettelagte områda. Tiltak som kan medverke til å spreie trafikken over tid, er interessante, for utanom høgsesongen toler truleg området fleire turistar. Naturen i Briksdalen verkar ikkje nedsliten av turistar når turistsesongen er over. Hesteskissen inn mot breen er kjend og populær.




Fig. 8. Turisme og hesteskyss i Briksdalen, Stryn kommune

Den gamle kløvvvegen (Keiser Wilhelms veg) fram i Briksdalen vart sett i stand hausten 1991. Dette vil medverke til å spreie turisttrafikken og gjøre det lettare for hesteskyssen å kome seg fram. Bygginga av toalett ved hesteskyssplassen starta hausten 1993. Stien opp mot Kattanakken vart lagt om hausten 1993 pga faren for isras frå Kjøtabreen.

Gloppen

Gloppen Eventyret tilbyr organisert naturoppleving m.a. gjennom bre- og fjellturar, rideturar, kanopadling, fiske og fosserrenning. Ein del av bre- og fjellturane går inn i nasjonalparken, og ein del rideturar går til i Svartebotnen utafor nasjonalparken.

I Svartebotnen er det store kvartærgeologiske verneverdiar. Gloppen kommune har gjeve uttrykk for at dei vil sikre friluftsinteressene og dei kvartærgeologiske verdiane i området gjennom kommuneplanarbeidet. Det er viktig at bruken av Svartebotnen ikkje reduserer verneverdiene.

Haugadalen i Stardalen, Jølster

Mange turistar, m.a. av dei som bur på Høyset camping, tek turen inn Haugadalen til Haugabreen. Det er dei seinast åra bygd veg mest fram til Haugastølen. Herifrå går det delvis varda sti inn til breen. Det er sett opp skilt ved stidele mellom Oldedalen og

Haugabreen. Vardinga til Haugabreen bør gjerast tydelegare. Det bør truleg setjast opp skilt med åtvaring mot å gå for nær breen ved enden av stien.

Området inneheld store kvartærgeologiske verneverdiar - m.a. dei mest særmerkte og verdfulle sidemorenane i Jostedalsbreområdet - som også er sårbar for slitasje. Etter vårt syn bør området difor ikkje vere satsingsområde for reiselivet. Det vil vere ein føremon om vegen fram mot Haugastølen vert stengd for ålmenta, og den gamle stølsstien vert vedlikehalden. Vi vil halde kontakt med dei aktuelle breførarlaga, grunneigarane og kommunen om bruken av området.

Grovabreen/ Dvergsdalsdalen

Nordvest for Grovabreen er grensa for nasjonalparken trekt slik at det er mogleg å byggje veg utafor nasjonalparken fram til kanten av Grovabreen. Dette vart gjort etter ønske fra reiselivet og kommunen. Under slutthandsaming av nasjonalparken vart det av omsyn til reiselivsinteressene gjeve opning for at det kan søkjast dispensasjon for å maskinpreparere langrennsløype på breen. Skiheis og andre tekniske installasjonar vil ikkje bli tillatne i nasjonalparken fordi slike anlegg ikkje kan sameinast med vern som nasjonalpark. Arbeidet med forprosjekt for vegen vert oppstarta hausten 1992, og prosjektrapporten låg føre sommaren 1993.

Evt. preparering av langrennsløype bør etter vårt syn kome minst mogleg i konflikt med det ikkje tilrettelagde friluftslivet. Det vil difor evt. berre vere aktuelt å gje løyve til preparering av langrennsløype på den vestlegaste delen av Grovabreen (vest for høgde 1587) dersom vegen vert bygd fram til brekanten, evt. med noko utviding mot sør. Nøyaktig avgrensing av området for preparering må gjerast i samband med evt. søknad. Brevandrarane, som til vanleg går gjennom Fagredalen og til høgste punkt på Grovabreen, vil då bli uroa i så liten grad som mogleg.

Det er ulike meiningar blant grunneigarane i Dvergsdalsdalen om bygging av veg fram til Grovabreen. Fleire grunneigarar har signalisert at dei i staden ønskjer at det vert satsa på gardsturisme og evt. hyttebygging med urørd natur som trekkplaster.

Fjærland

Fjærland har stor turisttilstrøyming med meir enn 130 000 turistar i året. Både Brevasshytta ved Bøyabreen og kaféen ved Supphellebreen har stort besøk, noko som ikkje er i konflikt med nasjonalparken. Det er 2 hotell, men ingen campingplass i bygda. Brevasshytta vart utvida og ombygd før sesongen 1993.

Norsk Bremuseum i Fjærland vart opna 31. mai 1991 og hadde ca. 67000 vitjande i 1993. Museet er blitt eit viktig informasjonsenter om Jostedalsbreområdet og ein turistattraksjon i seg sjølv.

Norsk Bremuseum, kulturkontoret og reiselivslaget i Balestrand ønskjer meir tilrettelegging for turistar i Fjærland med merking av stiar o.l. i området og eit turkart er under utarbeiding. Planlagde tiltak som vi kjenner til, er ikkje i konflikt med retningslinjene trekt opp i forvaltningsplanen.

Anestølen i Sogndalsdalen

Sommaren 1990 starta grunneigarane med gardsturisme på Anestølen i Sogndalsdalen. Tiltaket er blitt stadig meir populært. Anestølen er eit populært utgangspunkt for turar, med gode stiar inn Langedalen, og stien over til Berge i Fjærland er delvis merkt. Det er ein stor opparbeidd parkeringsplass på Anestølen.

Eit nytt turkart/ reiselivskart for Sogndal og Leikanger kommunar med oversikt over m.a. merkte og umerkte stiar og annan turistinformasjon kom ut sommaren 1993.

Veitastrond i Luster

Tungestølen turisthytte inst i Veitastrond er mykje besøkt. Herifrå går ein populær merkt sti inn til Austerdalsbreen. Her bør det kome opp fareskilt foran breen.

Opplegget med gardsturisme på Nystølen i Veitastrond har vorte meir og meir populært sidan starten for 6 år sidan. Det er gode tilhøve for lette fotturar i området, m.a. inn Langedalen.

Krundalen i Jostedalen

Mange turistar tek fotturen på den merkte stien inn Krundaien mot Bergsetbreen. Den inste delen av dalen er farleg pga Baklibreen, ein hengjebre i dalen, som kalvar ned i Krundaien frå tid til annan. 2 menneske miste livet her i 1986. Det står fareskilt der stien sluttar.

Ved evt. søknad om dispensasjon, vil det i samband med utvikling av hesteskyss som turisttilbod, truleg bli gjeve løyve til bygging av ein enkel kjerreveg utan fast dekke 1-2 km innover dalen på visse vilkår, slik det vart opna for under sluthandsaminga av nasjonalparken. I tilfelle dette skjer, må ein nøye vurdere naudsynte sikringstiltak i samband med auka trafikk i dalen på grunn av Baklibreen som kalvar ned mot turiststien. Parkeringstilhøva og tilkomst til Krundaien må betrast i samarbeid med grunneigarane og kommunen.

Nigardsbreen

Meir enn 50000 turistar vitjar Nigardsbreen naturreservat kvar sommar. Jostedalen Breførarlag med samarbeidspartnarar står for føring av turistar (ca. 7300 personar i 1993) på Nigardsbreen. Omlag 20100 personar tok båtruta på Nigardbresvatnet i 1993. Ein eigen forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat tek opp tilhøvet mellom naturvern, friluftsliv og reiseliv.

Breheimsenteret ved inngangen til Nigardsbredalen vart offisielt opna 12. juni 1993. Senteret er viktig for informasjon om naturen i Jostedalen med breen og nasjonalparken, og senteret er med sin spesielle arkitektur ein turistattraksjon i seg sjølv. Jostedalen Næringselskap ønskjer m.a. å vidareutvikle turisttilbodet i dalen i tilknyting til Breheimsenteret med "naturisme", "kulturisme", gardsbesøk, besøk i kraftanlegg m.m..

Guida turar (bre- og fjellføring m.m.)

Tilbod om bre- og fjellføring vert nytta av folk som manglar kunnskap og utstyr for å ferdast på bre. Ved å følgje ein guida tur kan ein kome til område der ein elles ikkje ville ha gått og samstundes skaffe seg nye kunnskapar. Det er i dag tilbod om guida turar fleire stader i Jostedalsbreområdet, m.a. i Jostedalen og i Stryn. Dei selskapa som driv breføring, hadde i alt nærmare 9000 personar på sine turar i 1993. Vi ventar at tilbodet av guida turar vil auke i åra framover. Norsk Bremuseum tok hausten 1991 eit initiativ for å samordne dei ulike tilboda om breføring kring Jostedalsbreen med godkjende breførarar, og dei har kvart år etterpå gjeve ut ein informativ brosjyre om breførartilboda i Jostedalsbreområdet.

Ferdsel under leiing av ein dyktig breførar som legg vekt på omsyn til naturen vil mange gongar vere ein føremon i høve til ferdsel på eiga hand, m.a. fordi ein då kan kanalisere ferdsla til mindre sårbare område. I utgangspunktet er dette difor positive tiltak, og dei er tillatne dersom aktivitetane ikkje strir mot verneforskrifta (pkt. IV, 6). Men som all anna ferdsele kan også denne føre til slitasje på naturen, og det er vanskeleg å vite kor grensa for slitasjeproblem går. Difor bør forvaltningsstyresmakta ha oversikt over omfanget av guida turar og kor turane går. Vi ønskjer ei ordning der programmet for guida turar vert lagt fram for forvaltningsstyresmakta, slik at ferdsla i

tilfelle konflikt kan leggjast utanom særleg sårbare område. Ved sesongslutt ønskjer vi ei oversikt over utførde turar med samla deltagarkartal. Dei fleste breførarlaga har etterkvart følgt opp dette. Nasjonalparktenesta arrangerte både i 1993 og 1994 eit dagseminar om breføring i nasjonalparken, gjennomgang av informasjon og rutinar m.m. for breførarlaga og dei 3 naturinformasjonsentra. Vi tek sikte på å arrangere seminaret kvart år fordi det er nyttig både for forvalningsstyresmakta og breførarlaga med denne kontakten og samarbeidet ein legg opp til.

Med omsyn til slitasje, er truleg Bødalsetra og ein del av stien inn mot Bødalsebreen det mest utsette området i dag.

Den Norske Turistforening, Sogn og Fjordane Turlag, lokale turlag og andre sine fellesturar, brekurs og turkurs er positive tiltak med lange tradisjonar, og vil kunne halde fram så lenge ferdsla ikkje kjem i konflikt med verneverdiar i området. Turane er også opne for turistar. Turkurs og brekurs har dessutan ein viktig funksjon ved at dei lærer folk å ferdast trygt på bre. Nasjonalparktenesta har dei 2 siste åra fått ei oversikt over gjennomførde turar og kurs ved slutten av sesongen med samla deltagarkartal.

Retningslinjer:

Reiselivstiltak skal kanaliserast til sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, som i hovudsak ligg utefor nasjonalparken. Enkel tilrettelegging for friluftsliv, som også kjem reiselivet til gode, kan kome i brukssonner. Tiltak som fell innunder omgrepene "berekräftig reiseliv" (bruke naturen utan å bruke han opp) vil i utgangspunktet få positiv handsaming.

Tiltak:

- oppsetting av fareskilt i nærleiken av breamar med stor turisttilstrøyming der dette manglar (1993 og 1994, samarbeid med reiselivsbedrifter)
- følgje opp grunneigarinitiativ om teltplass og sanitære tilhøve ved Bødalseter (1994-)
- halde dagsseminar om breføring på Jostedalsbreen kvart år (1993-)
- halde oversikt over omfanget og kor ferdsla går for organiserte turar, breførartilbod o.l. (kvart år)
- vurdere evt. slitasjeproblem i områda der det ferdast flest menneske i Jostedalsbreområdet og føreslå tiltak (1993 -)

7.3.11. INFORMASJONSSENTRA

Interessa for informasjonsentra i Jostedalsbreområdet har vore stor slik at det no er bygd 3 sentra kring Jostedalsbreen nasjonalpark: **Norsk Bremuseum** i Fjærland (opna 31. mai 1991), **Breheimssenteret** i Jostedalen (opna 12. juni 1993) og **Jostedalsbreen nasjonalparksenter** i Oppstryn (opna 19. juni 1993). Reiselivsnæringa har vist stor interesse for dei 3 naturinformasjonsentra.

Felles for dei 3 sentra er natur- og kulturfaglege utstillingar der Jostedalsbreen nasjonalpark vil stå sentralt - likevel har dei fått ulik profil ved at dei har ulik tilnærtingsmåte til nasjonalparken. **Breheimssenteret** tek med utgangspunkt i Jostedalen for segs breen si historie, kulturlandskap, bruk av breen, Nigardsbreen naturreservat, og vasskraftutbygging. **Norsk Bremuseum** konsentrerer seg om breamar og glasiologi, og vil i tillegg lage ei kvartærgeologisk og naturhistorisk reise frå Sogndal til Fjærland (langs trasèn for den nye vegen Sogndal-Fjærland) i samarbeid med Vegkontoret. Norsk Bremuseum har ambisjonar om å verte eit internasjonalt forskingscenter innanfor glasiologi. **Jostedalsbreen nasjonalparksenter** legg vekt på naturen i Strynedalane og legg vidare opp til undervisning og oppleveling gjennom

natur- og kulturstiar, kurs i ulike fag, leirskule, kunstgalleri med atelier. Senteret har eit særleg godt utgangspunkt for å formidle kontrasten mellom karrige bre- og fjellområde og frodige fjord og dalar m.a. gjennom næreiken til Flostranda edellauvskogreservat.

Dei 3 sentra vil såleis etter vårt syn både formidle kunnskap og tilby naturtilpassa opplevelingsturisme i randsonene kring nasjonalparken. Til saman vil dei 3 sentra representere eit heilskapleg og uvanleg slagkraftig naturinformasjonstilbod som vil nå eit stort publikum både av nordmenn og utlendingar - også grupper som elles kan vere vanskelege å få i tale med naturinformasjon. Miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen og Fjordane og nasjonalparktenesta har difor engasjert seg i nokon grad i dei 3 naturinformasjonssentra ved å kome med idéar og innspel - ikkje minst når det gjeld informasjon om Jostedalsbreen nasjonalpark, dei andre naturverna områda og om naturvern generelt. Dette vil vi også i framtida følgje opp når det er ønskje om det.

Miljøvernnavdelinga har teke opp m.a. med Direktoratet for naturforvaltning at nasjonalparktenesta etter kvart bør styrkast med oppsyns- og informasjonsmedarbeidarar i Luster, Fjærland og Stryn i tilknyting til Breheimensenteret, Norsk Bremuseum og Jostedalsbreen nasjonalparksenter.

Retningslinjer:

Samarbeide med alle informasjonssentra i Jostedalsbreområdet

Tiltak:

- kome med idear og faglege innspel til alle informasjonssentra

7.3.12. FORSKING OG UNDERVISNING

Jostedalsbreområdet har eit stort potensiale for forsking og undervisning m.a. innafor geologi, glasiologi, botanikk, zoologi, økologi og meteorologi. NVE - Norges Vassdrags- og Energiverk har gjennom mange år drive forsking på Nigardsbreen, Nigardselva og på breplatået. Dei har ein mindre forskingsstasjon på Steinmannen i Jostedalen like ved breplatået. Området Haugastølen/ Haugabreen i Jølster er eit anna område som har vore mykje undersøkt, m.a. av engelske geologar. Den kvartærgeologiske kartlegginga av Jostedalsbreområdet etter Norge-serien (M711 - 1:50 000) som geologar ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule står for, vil truleg vere slutført innan 1997. Området er kartlagt i målestokk 1:250 000 i dag.

Det er ønskjeleg at forskinga held fram for å auke kunnskapen om naturen og samspelet i naturen i området. Kunnskap om korleis ulike typar menneskeleg aktivitet verkar på naturen, t.d. gjennom kartlegging av utviklinga for samanliknbare område med stor og liten menneskeleg aktivitet vil vere viktig for forvaltninga av nasjonalparken.

Norsk Institutt for Naturforsking (NINA) - Lillehammer har gjort forundersøkinga (den delen som gjeld før nasjonalparken vart oppretta) av eitt fleirårig prosjekt på verknaden av opprettингa av nasjonalpark for friluftsliv og reiseliv. Prosjektet vil gje verdfull kunnskap om bruken av Jostedalsbreområdet og om brukarane og deira interesser og haldningar. Ein har til no i Norge mangefull kunnskap om korleis skipinga av ein nasjonalpark påverkar turisttilstrøyminga. Resultata vil vere av stor verdi for forvaltninga av nasjonalparken, og det er svært viktig at sentrale styresmakter løyver naudsynte midlar til etterundersøkingane. Opprinneleg var planen å gjennomføre desse i 1993.

Norsk Vassdrags- og Energiverk (NVE) er i si forsking (m.a. glasiologi, geologi og meteorologi) både avhengig av å setje opp mindre boltar, signalar og målestakar, og dessutan meir omfattande måleutstyr. Forskinsprogrammet er av stor nytte også forvalningsstyresmakta. Både gjennomføring av NVE sitt forskingsprogram og drift av

stasjonen på Steinmannen føreset motorisert ferdsel (helikopter og snøscooter). Utgangspunktet er at NVE si forsking skal kunne halde fram som tidlegare fordi denne er viktig og nyttig også for forvaltninga av nasjonalparken, t.d. når det gjeld brearmane si framrykking. Forvalningsstyresmakta må likevel ha styring med og oversikt over NVE sine aktivitetar. På denne bakgrunnen har NVE difor søkt på brei basis om dei tiltaka og aktivitetane dei ønskjer å gjennomføre i nasjonalparken, og fått eit fleirårig løyve for desse på visse vilkår, m.a. at motorferdsela vert av så lite omfang som mogleg, kontakt med nasjonalparkenesta før utreise slik at ein har høve til å krevje utsetjing av oppdraget, og at snøscooterbruken held seg på austsida av vatnskiljet på breen.

Norsk Bremuseum i Fjærland har trong for bre-is til forsking og utstillingar, og dei ønskjer å samarbeid med ein av grunneigarane om uttak av is fra Trollabyrgje i Supphelledalen, Fjærland. Uttaket gjeld små mengder i høve til det som fell ned frå Supphellebreen. I utgangspunktet ser vi ikkje dette som særleg problematisk fordi tilhøva ligg godt til rette. Korleis og tidspunkt for uttak må likevel diskuterast når søknad om dispensasjon for uttak av bre-is ligg føre. Det vil vere mest praktisk evt. å gje løyve for fleire år om gongen.

At store delar av nasjonalparken er villmark og sårbar natur, gjev gode høve til å studere påverknaden av langtransportert ureining og overvake denne over tid.

Fleire av dei mest interessante lokalitetane innanfor geologi, botanikk og vegetasjonsøkologi ligg høveleg til for undervisning. Dette gjeld m.a. Nigardsbreen naturreservat og områda framfor Fåbergstølsbreen og Bødalsbreen. Å studere prosessar som sedimentasjon, morenedanning osv. i dag saman med resultatet av dei same prosessane for lang tid tilbake, er særleg instruktivt.

Skiping av Jostedalsbreen nasjonalpark gjev særleg gode høve til å studere endringar i landskapet over tid, både innanfor og utanfor nasjonalparken, og dermed samanlikne dette. Dette gjeld både inngrep, endringar i kulturlandskapet, snøsmelting, endringar i breen si utbreiing, vegetasjonsøkologi osv.. I første omgang bør dette gjerast enklast mogleg gjennom ein fotodokumentasjon og bruk av digitalt kartverk. På lengre sikt bør ein ta sikte på ei meir vitskapleg undersøking av landskapsendringar i statistisk utvalde område. I denne samanhengen bør det tenkast i eit hundreårs perspektiv. Forvalningsstyresmakta vil samarbeide med Statens Kartverk i Sogn og Fjordane om utarbeidning kart over samlede tekniske inngrep i Jostedalsbreområdet, og tek sikte på å oppdatere dette t.d. kvart 5. år.

Retningslinjer:

Forsking og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forsking og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.

Forvalningsstyresmakta vil vere til hjelp for forsking og undervisning i den grad det er ønskjeleg og ein har kapasitet.

Tiltak:

- kome med innspel til aktuelle forskingsoppgåver i Jostedalsbreområdet (1993-)
- starte fotodokumentasjon av Jostedalsbreområdet og endringar i området (1993-)
- utarbeide kart over samlede tekniske inngrep i området (oppstartig 1993, samarbeid med kartkontoret)

7.4. FORVALTNING OG OPPSYN - RETNINGSLINJER OG TILTAK

7.4.1. FORVALTNINGSAPPARATET

Jostedalsbreen nasjonalpark er den første av ein ny generasjon nasjonalparkar, der målet er ei heilskapleg og meir open og aktiv forvaltning enn det som har vore vanleg til no. Arbeidsoppgåvene for forvaltningsstyrestrukta vil difor ikkje berre vere tradisjonelt oppsyn og handsaming av dispensasjonssøknader, men også informasjon og (natur-)rettleiring til brukarane: Fotturistar, grunneigarar, organisasjonar og kommunane. Informasjon er viktig både i seg sjølv og som ein strategi for å forebyggje problem.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for Jostedalsbreen nasjonalpark. Den daglege forvaltninga utfører Statskog - Vestlandet ved ein nasjonalparkforvaltar (Nasjonalparktenesta for Jostedalsbreen nasjonalpark) med kontorstad på Hermansverk i Sogn på vegner av fylkesmannen. Hermansverk er valt som kontorstad for nasjonalparkforvaltaren ut frå at herifrå kan heile nasjonalparken nåast på ein dag, samarbeidet med fylkesmannen/miljøvernavdelinga og gode kommunikasjonar til Statskog - Vestlandet sitt kontor i Bergen. I 1993 og i 1994 utgjer forvaltninga av nasjonalparken 70% stilling, medan andre oppgåver utgjer 30%. Røynslene tilseier at nasjonalparktenesta bør utvidast med 3 halve informasjons- og oppsynsstillingar ved kvart av dei 3 informasjonssentra.

Handsaminga av dispensasjonssaker står Statskog - Vestlandet ved nasjonalparkforvaltaren for på vegner av fylkesmannen. Dei store og prinsipielle sakene (pkt. VI i verneforskrifta) saman med utarbeiding av forvaltningsplanar er fylkesmannen sitt ansvar. Nasjonalparkforvaltaren er sakshandsamar for dei sakene fylkesmannen avgjer. Ordninga sikrar ei heilskapleg forvaltning av nasjonalparken. Direktoratet for naturforvaltning er klageinstans for alle saker som gjeld nasjonalparken.

Forvaltningsstyrestrukta samarbeider med politiet når det er naudsynt og føremålstenleg.

Avsluttande grensemerking og skilting av nasjonalparken vil bli gjennomført i 1994.

Det er oppretta eit felles rådgjevande tilsynsutval for nasjonalparken der dei 7 kommunane med areal i nasjonalparken er representerte saman med fylkesmannen og Statskog. Nasjonalparkforvaltaren er sekretær for utvalet, som gjev råd om dei store linjene i forvaltninga av nasjonalparken. Utvalet hadde skipingsmøte i september 1993, og planlegg 1-2 møte i året.

Oppsynsoppgåvene i naturvernområde har generelt gått meir og meir over frå reint kontrollerande oppgåver til å verte meir informasjonsarbeid overfor brukarane og det å halde oversikt over det som skjer i området, og dermed gjennom forvaltningsplanlegging og informasjon forebygge utfordringar og problem. Dette er i tråd med intensjonane i St. melding nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge". Her går departementet inn for auka satsing på informasjon og haldningsskapande arbeid, fordi ein då både aukar forståinga for naturvern og motiverer for naturvenleg framferd i naturen generelt. Hovudoppgåvene når det gjeld oppsyn kan skisserast slik:

- rettleiring og informasjon til brukarar, grunneigarar m.fl.
- naturfaglege registreringar
- skjøtselstiltak
- grunneigaroppgåver for staten og andre avtalepartar (tilsyn med og vedlikehald av eigedomane)
- merking av grenser og vedlikehald av grensepunkt og skilt
- generell overvaking av miljøet
- overvake og kontrollere at gjeldande lover og reglar vert overhaldne, og evt. reagere på brot på desse

I hovudsak bør det meste av det fysiske oppsynet og naturrettleiinga gjerast i tida mai - september, då det er flest menneske i Jostedalsbreområdet.

Dersom ein skal få til ei nasjonalparkteneste i tråd med intensjonane i St.melding nr. 62 (1991-92), dvs. ei open og publikumsvenleg forvaltning, må nasjonalparktenesta styrkast. Dette er avhengig av økonomiske midlar frå Direktoratet for naturforvaltning/Miljøverndepartementet. Nasjonalparkforvaltaren bør etter kvart kome opp i full stilling, og med bygging av dei 3 naturinformasjonssentra i Luster, Fjærland og Stryn, ligg det godt til rette for å lokalisere tilsetting av nye medarbeidarar i nasjonalparktenesta med (natur-)informasjon, naturrettleiing og oppsyn som hovudarbeidsoppgåver til dei 3 sentra - i første omgang ei halv stilling kvar stad. Nasjonalparktenesta sitt arbeid bør også samordnast med arbeidet med Nigardsbreen naturreservat og Flostranda edellauvskogreservat.

Forvaltningsplanen vil vere retningsgjevande for forvalningsstyresmakta sitt arbeid med nasjonalparken. Denne første forvaltningsplanen bør revurderast om 5 år. Seinare bør ein ta sikte på rullering av forvaltningsplanen kvart 10. år.

Tilføyning i nettutgåva 2002:

Statens naturoppsyn vart oppretta 25.10.1996 med heimel i Lov om statleg naturoppsyn 21.06. same år. Statens naturoppsyn Jostedalsbreen med ei stilling som naturoppsyn kom i gang i 1998, til erstatning for stillinga som nasjonalparkforvaltar. Frå same tid har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane overteke heile forvaltningsansvaret for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Retningslinjer:

Forvaltningsapparatet skal vere aktivt og ha nær kontakt med brukarane. Forvaltningsplanen er retningsgjevande for forvaltinga av nasjonalparken, og bør samordnast med forvaltinga av nærliggjande verneområde.

Tiltak:

- grensemerking og skilting (1992-94, kostnad ca. kr. 125 000,-)
- skiping av det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken.. 1-2 møte i utvalet i året. (mva., fylkesmannen)
- informasjon utad om nasjonalparktenesta (heile perioden)
- oppsyns- og informasjonsarbeidet vert i hovudsak konsentrert til perioden mai - september
- utviding av nasjonalparktenesta med etablering av medarbeidarar lokalisert til dei 3 naturinformasjonssentra i Jostedalsbreområdet: Breheimenteret, Norsk Bremuseum og Jostedalsbreen nasjonalparksenter, i første omgang i halv stilling med hovudvekt på sommarhalvåret (første tilsetting 1995 (?), kostnad: ca. kr. 200 000,- pr.år pr. 1/2 stilling kvar stad.(Avhengig av midlar frå DN/MD)

7.4.2. SAMORDNING AV OPPSYN

Norsk Fjellstyresamband vil etter dei opplysningane vi har, ta initiativ ovafor dei aktuelle kommunane for å skipa fjellstyre for statsallmenningane i nasjonalparken, og dei ønskjer då å samarbeide med Statskog - Vestlandet og fylkesmannen om dette. For forvaltinga av nasjonalparken vil det mest føremålstenlege vere eitt felles fjellstyre for alle statsallmenningane som ligg i nasjonalparken. Dette vil vere mest rasjonelt då små jakt- og fiskeinteresser i områda tilseier at fjellstyret truleg vil få dårlig økonomi. Forvaltningsstyresmaktene for nasjonalparken vil hjelpe til i arbeidet med å opprette fjellstyre i Jostedalsbreområdet.

Opprettning av fjellstyre vil gjøre kommunane meir merksame på verdiane som ligg i områda. Det kan vere aktuelt å samarbeide med eit fjellstyre for statsallmenningane i nasjonalparken om oppsyn, avhengig av organiseringa av og økonomien til fjellstyret.

På grunn av NVE sin store aktivitet i Jostedalsbreområdet, kan det vere aktuelt å samarbeide med NVE om oppdrag og oppsyn.

Nokre stader finst organisert gjeting av sau i nasjonalparken. Det kan vere aktuelt å samarbeide med grunneigarane om oppsyn i nokre område av nasjonalparken.

Retningslinjer:

Det er frå forvalningsapparatet si side ønskjeleg at fjellstyrestrukturen vert oversiktleg, enkel og minst mogleg byråkratisk.

Tiltak:

- medverke til opprettning av eitt felles fjellstyre for statsallmenningane i Jostedalsbreområdet. Norsk Fjellstyresamband vil evt. ta initiativ til møterunde i kommunane der også fylkesmannen og Statskog - Vestlandet vil vere representerte. (1994(?))

- samordne oppsyn med fjellstyre, NVE og grunneigarar dersom det er mogleg og praktisk

8. SLUTTORD

Denne forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for vern og bruk av nasjonalparken dei nærmaste åra, og inneholder også tilråding om korleis tilgrensande område bør forvaltast. Målet er å ta vare på den tilnærma urørde naturen i Jostedalsbreområdet, samstundes som området vert nytta på ulike måtar. Forvaltningsplanen er ein sentral arbeidsreiskap for forvaltningsstyremakta for å klare denne målsettinga. Det er vårt håp at den også vil gje verdfull informasjon om naturen og ivaretaking av verneverdiane her til alle som er interesserte i dette dramatiske og spesielle naturområdet.

9. LITTERATURLISTE

- I. Austad og A.S. Sunde: Kulturlandskap og kulturmarksypar i Jølster kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1993.
- I. Austad, L. Hauge og T. Helle: Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Prioriterte områder. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1993.
- "Breboka". Breggruppa, Den Norske Turistforening, Oslo 1989
- "Breføreren". Breggruppa, Den Norske Turistforening, Oslo 1992
- Den Norske Turistforening: Merkeinstruks. Retningslinjer for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet. Oslo 1993
- Den Norske Turistforening: Til fots i fjellet. Fjell og Vidde nr. 3-86
- Den Norske Turistforening: Årbok 1936. Diverse artiklar
- Den Norske Turistforening: Årbok 1975. Diverse artiklar
- Faugli, Lund og Rye: Jostedalen, natur - vannkraft. NVE, Statkraft, Universitetet i Bergen 1991
- Flåten, Inger Eikelund: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gloppen kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1992.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernnavdelinga: EDNA. Registrerte område av naturverninteresse.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernnavdelinga: FRIDA. Registrerte område av friluftsinteresse.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernnavdelinga: Jostedalsbreen nasjonalpark: Tiltråding vedrørende grenser og verneforskrift. Hermansverk februar 1990
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. Rapport nr. 2 - 1997
- Innst. S. nr. 124 (1992-93). Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om ny landsplan for nasjonalaprker og andre større verneområder i Norge (St. meld. nr. 62 (1991-92)
- Innst. S. nr. 273 (1987-88). Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet (St. meld. nr. 25)
- L. Hauge og I. Austad: Kulturlandskap og kulturmarksypar i Luster kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1989.
- L. Hauge, A.K. Hatling, H. Haugen og J. Lidal: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Balestrand kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1992
- T. Helle og I. Austad: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1989
- T. Helle og M. Clemetsen: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune. Sogn og Fjordane distrikshøgskule 1993.

"Jostedalsbreen. Nasjonalpark for framtida?". Statens Naturvernråd og Statens Friluftsråd 1988

"Jostedalsbreen og bygda den fikk navn etter". Grøndahl & Søn 1989

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957

Lov om naturvern av 19. juni 1970

Kathleen Meyer: "How to shit in the Woods". Ten Speed Press, USA 1989

M. Mittet, S. Stalheim, T.J. Venåsen og S. Westbye: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Førde kommune

Norges Vassdrags- og Energiverk: Atlas over breer i Sør-Norge. 1988

Norsk Sti- og Løypeplan - Del 1. Forslag til mål og retningslinjer. Direktoratet for naturforvaltning 1990

Norske Turistforeningers Forbund/ Den Norske Turistforening: Utbygging av Breheimen og virkninger for friluftsliv i området. Juni 1982

NOU 1986:13: Ny landsplan for nasjonalparker. Miljøverndepartementet april 1986

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Fylkesdelplan for friluftsliv. Fylkesrådmannen/ planavdelinga 1989

Stein Næss: Vandring i Lustrafjell. Luster Turlag 1978

Ryvarden og Wold: Norges isbreer. Universitetsforlaget 1991

St. melding nr. 22 (1987-88): Om søknad fra Statskraftverkene om utbygging av Strynevassdraget. Olje- og Energidepartementet

St. melding nr. 25 (1987-88): Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet. Miljøverndepartementet

St. melding nr. 40 (1987-88): Om friluftsliv. Miljøverndepartementet

St. melding nr. 60 (1991-92): Samlet Plan for vassdrag

St. melding nr. 62 (1991-92): Ny landsplan for nye nasjonalparker og andre større verneområder i Norge

St.prp. nr. 118 (1991-92): Verneplan IV for vassdrag

Hanne Toftdahl: Friluftsliv og turisme på Jostedalsbreen og i dens tilgrensende områder. Vassdragsforsk rapport nr.110, Oslo 1987

Marit Vorkinn: Mulige effekter av å opprette Jostedalsbreen nasjonalpark for friluftslivet og reiselivet - Resultater fra før-undersøkelsene NINA Utredning 033: 1- 52, Trondheim 1992

M. Vorkinn og Ø. Aas: Holdninger til fire tiltak som øker tilgjengeligheten til naturattraksjoner - en intervjuundersøkelse blant turister i Briksdalen, Nordfjord. NINA forskningsrapport 021: 1-33. Lillehammer 1992.

G. Østrem og N. Haakensen: Glaciers of Norway. Norges Vassdrags- og Energiverk - NVE 1993

10. VEDLEGG

Vedlegg 1. Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark (kgl. res. 18.08.1998)

Vedlegg 2. Hytter i Jostedalsbreområdet

Vedlegg 3. Stølar i Jostedalsbreen nasjonalpark

Vedlegg 4. Kart over Jostedalsbreen nasjonalpark

http://www3.dirnat.no/nasjonalparker/psmaler/park_large_kart.asp?thisId=950013781

VEDLEGG 1

FORSKRIFT OM VERN AV JOSTEDALSBREEN SOM NASJONALPARK I KOMMUNANE LUSTER, JØLSTER, BALESTRAND, FØRDE, GLOPPEN SOGNDAL OG STRYN I SGN OG FJORDANE FYLKE

I

I medhald av lov om naturvern av 19 juni 1970 nr 63 § 3, jfr § 4 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kongeleg resolusjon av 25 oktober 1991, endra ved kgl res av 18 juni 1998, verna eit område i kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke som nasjonalpark under namnet "Jostedalsbreen nasjonalpark".

Nasjonalparken femner om størstedelen av Jostedalsbreen statsallmenning, heile Myklebustbreen statsallmenning, Svardals-/Steindalsbreen statsallmenning og Grovabreen statsallmenning.

Det samla arealet er ca 1310 km². Av dette ligg omlag 370 km² på privat grunn.

I tillegg til statsgrunn femner nasjonalparken om delar av følgjande gnr/bnr:

Luster kommune: 131/1, 132/2, 131/3, 131/4, 131/5, 131/6, 131/7, 131/8, 131/9, 131/11, 132/1, 132/2, 132/3, 132/4, 132/5, 132/6, 132/7, 132/8, 132/9, 132/10, 132/11, 132/12, 132/13, 132/14, 132/15, 132/16, 132/23, 132/24, 132/25, 132/26, 132/29, 132/30, 132/31, 132/32, 132/37, 132/43, 132/44, 132/45, 132/46, 132/47, 132/48, 132/49, 132/50, 132/51, 132/53, 132/54, 132/57, 132/58, 132/60, 132/61, 132/62, 132/63, 132/64, 132/65, 132/66, 133/1, 133/2, 133/4, 133/5, 133/6, 133/7, 133/8, 133/9, 133/10, 133/11, 133/12, 133/13, 133/14, 133/15, 133/16, 133/17, 133/18, 133/23, 133/24, 186/2, 186/7, 186/8, 186/10, 188/1, 188/2, 188/3, 188/4, 188/5, 188/6, 188/7, 188/8, 188/9, 188/10, 188/11, 188/12, 189/1, 189/2, 189/3, 189/4, 189/5, 191/1, 191/2, 193/1, 193/2, 193/4, 193/5, 194/1, 194/2, 194/3, 194/4, 194/5, 194/6, 194/10, 194/11, 201/1, 201/2, 202/1, 202/2, 202/3, 202/4, 202/5, 202/7, 202/8, 202/10, 202/12, 203/1, 203/2, 203/3, 203/4, 204/1, 204/2, 204/3, 204/4, 204/5, 204/6, 204/7, 204/8, 205/1, 205/2, 205/3, 205/4, 205/5, 208/1, 208/2, 208/3, 208/4, 208/5, 208/6, 209/1, 209/2, 209/3, 210/1, 210/2, 210/3, 210/4, 210/5, 211/1, 211/2, 211/3, 211/4, 211/5, 211/6.

Sogndal kommune: 48/1, 48/3, 48/7, 49/1, 49/2, 50/1, 51/1, 51/2, 51/12, 51/13.

Balestrand kommune: 53/1, 53/2, 53/5, 53/8, 53/10, 53/13, 53/14, 53/15, 53/16, 53/17, 53/18, 53/19, 53/20, 53/21, 53/23, 53/26, 53/28, 53/29, 53/33, 53/35, 54/1, 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 57/1, 57/2, 57/3, 58/1, 58/2, 60/1.

Førde kommune: 3/1, 3/2, 3/3, 3/4, 3/5.

Jølster kommune: 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/6, 16/8, 19/1, 19/2, 19/3, 19/4, 19/5, 19/6, 19/7, 19/8, 19/9, 19/10, 19/11, 19/12, 19/13, 19/15, 19/16, 20/1, 20/2, 20/4, 20/5, 20/6, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 21/11, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 23/5, 23/6, 23/7, 23/8, 23/9, 23/10, 23/11, 23/12, 23/13, 23/14, 23/15, 23/16, 24/1, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 27/5, 27/6, 32/1, 32/2, 32/3, 33/1, 33/2, 33/3, 36/1, 36/2, 36/3, 36/4, 36/5, 36/6, 36/7, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/13, 36/14, 36/15, 36/16, 36/17, 36/20, 36/22, 36/23, 36/24, 36/25, 36/26.

Gloppen kommune: 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 98/5, 98/6, 98/7, 98/8, 98/10.

Stryn kommune: 12/1, 13/1, 13/2, 13/3, 13/5, 13/6, 13/7, 13/8, 13/9, 13/12, 13/13, 13/19, 13/21, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/7, 17/8, 17/10, 17/11, 17/14, 17/15, 18/1, 18/2, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 18/7, 18/8, 18/9, 18/10, 18/11, 18/12, 18/13, 18/14, 18/15, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 20/5, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/10, 21/11,

21/12, 21/13, 21/14, 22/1, 22/2, 22/3, 22/4, 22/5, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 26/1, 26/2, 26/3, 26/4, 27/1, 27/2, 28/1, 28/2, 29/1, 29/2, 29/3, 29/4, 29/5, 29/7, 29/8, 29/10, 30/1, 30/2, 30/3, 30/4, 31/1, 31/2, 31/3, 31/4, 31/5, 31/7, 31/8, 71/1, 71/2, 72/1, 73/1, 73/3, 73/4, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 74/2, 75/1, 75/2, 76/1, 77/1, 77/2, 77/3, 77/4, 77/5, 77/6, 77/7, 77/8, 77/9, 78/1, 78/2, 78/3, 79/1, 79/2, 79/3, 80/1, 80/4, 80/5, 80/7, 80/8, 80/9, 97/1, 97/2, 97/3, 97/4, 97/5, 97/6, 97/7, 97/8, 97/9, 98/1, 98/2, 99/1, 99/3, 100/1, 101/1, 101/3, 102/2.

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagde kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet oktober 1991 og juni 1998.

Kartet og verneforskriftene finst i Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar, i Sogn og Fjordane fylkeskommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal om mogleg avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

IV

For nasjonalparken gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrkning, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjesikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast,
- vedlikehald av eksisterande vegar, luftleidningar, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter m.m.,
- vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvalningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsela i einskilde område,
- regulering av Trollavatn (988 moh) som ligg delvis innafor vernegrensa i Jølster kommune, i samband med eventuelle utbyggingstiltak utanfor nasjonalparken dersom dette vassdragsprosjektet blir plassert i kategori I i Samla Plan for vassdrag.

1.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området,
- oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn,
- bygging av bruer og klopper,
- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

2. Plantelivet

2.1 Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdslle og tradisjonell beiting i utmark.

Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagskifte og granplanting er ikkje tillate.

2.2 Reglane i pkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- bruk av nedfalle virke og tørre kvistar til bål på staden,
- plukking av bær og matsopp og plukking av vanlege blomar og friske kvistar til eige bruk,
- uttak av trevirke (plukkhogst) til brensel for hytter i nasjonalparken.

2.3 Forvalningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje grunneigaren løyve til:

- uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærmere avgrensa område,
- rydding av beite i nærmere avgrensa område,
- rydding av dyretrakk (beitesti).

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 2.3.

3. Dyrelivet

Jakt er tillate etter viltlova sine reglar. Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

3.1

Nye dyreartar må ikkje innførast .

Nye fiskeartar eller næringsdyr for fisk må ikkje innførast utan løyve etter pkt 3.2.

3.2 Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

- ny innføring av artar som lokalt er utrydda,
- tiltak for fremjing av fiske, når slike tiltak elles ikkje stirr mot føremålet med vernet.

4. Motorferdsle

4.1 Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta.

Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode.

4.2 Reglane i pkt 4.1 er ikkje til hinder for:

- motorferdsle i samband med politi-, ambulanse- og redningsteneste,
- motorferdsle i samband med forvaltning, tilsyn, skjøtsel og sikringsarbeid med heimel i lov,
- motorferdsle i samband med militær, operativ verksemnd.
- lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vertilhøve krev det for å sikre tryggleiken.

Øvingskjøring for ovannemnde føremål er ikkje tillate.

Det skal gjevast skriftleg melding til forvalningsstyresmakta etter at motorferdsle i samsvar med pkt 4.2 har funne stad.

4.3 Forvalningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:

- motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst,
- motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,
- motorferdsle i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon,
- motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk.

Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 4.3.

5. Ureining

5.1 Ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området. Det må ikkje nyttast kjemiske midlar, medrekna kalking av vatn og bruk av kunstgjødsel som kan påverke naturmiljøet.

5.2 Unnateke frå reglane i pkt 5.1 er utslepp som det er gjeve løyve til etter ureiningslova.

5.3 Forvalningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje løyve til brenning av avfall frå hytter.

6. Ferdsle og annan aktivitet

All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til blempe for andre.

Idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode. Turlagsverksemd, naturguiding, turguiding, breføring, kurs m.m. er tillate dersom det ikke stirr mot vernereglane.

Ferdsle i samband med militær, operativ verksemd er tillate.

V

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan sette i verk tiltak for fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvalningsplan med nærmere retningslinjer for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unnatak fra vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege høve når dette ikke stirr mot føremålet med vernet.

VII

Forvaltinga av forskriftene er lagt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

VIII

Denne forskriften tek til å gjelde straks.

I

VEDLEGG 2**HYTTER I JOSTEDALS BREOMRÅDET.****A. Hytter utanom stølar, campingplassar o.l.**Skjåk kommune, Oppland fylke

Skridulaupbu (DNT-nøkkel, utafor nasjonalparken)

Slæom (DNT-nøkkel, utafor nasjonalparken)

Luster kommune

Styggevasshytta (Luster Turlag (?), enno ikkje opna, utafor nasjonalparken)

Limnigraphytte (NVE, i Nigardsbreen naturreservat)

Steinmannen (NVE, i nasjonalparken)

Tungestølen Turisthytte (privat turisthytte, utafor nasjonalparken)

Jakthytte i Langedalen (privat, i nasjonalparken)

Balestrand kommune

Flatbrehytta (privat/DNT, DNT-nøkkel, i nasjonalparken)

Førde kommune

Hytte ved Tredjevatnet (privat, utafor nasjonalparken)

Gjetarhytte mellom Fjerde- og Femtevatnet (privat, i nasjonalparken)

Femtevasshytta (privat, i nasjonalparken)

Jølster kommune

Trollevassbu (privat, delvis open, utafor nasjonalparken)

Befringstølen (privat/DNT (?), DNT-nøkkel, utafor nasjonalparken)

Kvannebakbu (Jølster Røde Kors, open, i nasjonalparken)

Gloppen kommune

2 private hytter i Svartebotnen (opne, utafor nasjonalparken)

3 hytter eigde av Breim Vilt- og Fiskarlag (til leige, utafor nasjonalparken)

Stryn kommune

Jarbu (privat, open, i nasjonalparken)

Flatsteinbu (privat, open, i nasjonalparken)

Bødalseter (privat/DNT, DNT-nøkkel, i område med rikspolitiske reglar)

Skålatårnet (Bergen Turlag, DNT-nøkkel, i nasjonalparken)

Vetledalsetra (privat/DNT, DNT-nøkkel, i område med rikspolitiske reglar)

Erdalsbrehytta (Indre Nordfjord Turlag, open, i nasjonalparken)

Syngeskardhytta (privat, i område med rikspolitiske reglar)

B. Nokre mykje brukte (av fotturistar) overnattingssstader i Jostedalsbreområdet i tilknyting til bilveg

Solvang Kafè og Pensjonat, Jostedalen i Stryn kommune

Mundal Hotell, Fjærland i Balestrand kommune

Lunde Turisthytte (privat turisthytte, utafor nasjonalparken)

Høyset Camping, Stardalen i Jølster kommune

Melkevoll Camping, Oldedalen i Stryn kommune

VEDLEGG 3

STØLAR I JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Stolar i nasjonalparken

Nystølen i Krundalen, Jostedalen i Luster (eit sel, fleire tufter)

Mikkjelstølen i Supphelledalen, Fjærland i Balestrand (fleire tufter)

Gamlestølen i Supphelledalen, Fjærland i Balestrand (2 sel mest ihopramla, fleire murar)

Myrhaug i Supphelledalen, Fjærland i Balestrand (murar etter 2 eller fleire sel)

Seljehaugen i Tverrdalen i Supphelledalen, Fjærland i Balestrand (murar etter sel)

Nipesteinshola i Tverrdalen, Supphelledalen, Fjærland i Balestrand (eit sel i dårlig stand)

Briksdalstølen i Oldedalen, Stryn (ingen murar eller sel att)

Ruteflotsetra i Nesdalen, Lodalen i Stryn (fleire sel og løer/fjøs)

Utigardframsætra i Nesdalen, Lodalen i Stryn (2 sel)

Bødalsetra (stølsgrend med mange sel og fjøs)

Erdalsetra i Erdalen (stølsgrend med mange sel og fjøs)

Vetledalsetra i Erdalen (stølsgrend med mange sel og fjøs)

Sunndalsetra i Sunndalen (stølsgrend med mange sel og fjøs)